



DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# Prop. 107 LS

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

---

Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga





DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# Prop. 107 LS

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

---

Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga



# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	7	<b>6</b>	<b>Nye reglar for utsett betaling av skatt, avgift mv.</b> .....	25
<b>2</b>	<b>Redusert arbeidsgjevaravgift og kompensasjonsordning for arbeidsgjevarar i tiltakszona og på Svalbard – oppmodingsvedtak nr. 422 og 423 (2020)</b>	10	6.1	Innleiing og samandrag .....	25
2.1	Innleiing og samandrag .....	10	6.2	Gjeldande rett .....	26
2.2	Redusert arbeidsgjevaravgift for tredje termin .....	10	6.3	Vurderingar og framlegg .....	26
2.2.1	Gjeldande rett .....	10	6.3.1	Renter på betalingsutsetjingar ....	26
2.2.2	Vurderingar og framlegg .....	12	6.3.2	Utsett betaling mv. etter søknad ..	27
2.2.3	Administrative og økonomiske følgjer .....	13	6.3.3	Redusert forseinkingsrentesats utan omsyn til søknad .....	29
2.2.4	Iverksetjing .....	13	6.4	Administrative og økonomiske følgjer .....	29
2.3	Kompensasjonsordning for arbeidsgjevarar i tiltakszona og på Svalbard .....	14	6.5	Iverksetjing .....	30
2.3.1	Vurderingar og framlegg .....	14	<b>7</b>	<b>Utsett frist for forelding av krav om meirverdiavgifts-kompensasjon</b> .....	31
2.3.2	Administrative og økonomiske følgjer .....	17	7.1	Innleiing .....	31
2.3.3	Iverksetjing .....	17	7.2	Bakgrunn og gjeldande rett .....	31
<b>3</b>	<b>Mellombels startavskriving for inntektsåret 2020 – oppmodingsvedtak nr. 445 (2020)</b> .....	18	7.3	Vurderingar og framlegg .....	32
3.1	Innleiing og samandrag .....	18	7.4	Administrative og økonomiske følgjer .....	32
3.2	Vurderingar og framlegg .....	18	7.5	Iverksetjing .....	32
3.3	Administrative og økonomiske følgjer .....	19	<b>8</b>	<b>Reduserte utgifter og kompensasjonar som følgje av reduksjon i den låge satsen i meirverdiavgifta</b> .....	33
3.4	Iverksetjing .....	19	<b>9</b>	<b>Høve til eigenending av skattefastsetting i reiarlag-skatteordninga</b> .....	34
<b>4</b>	<b>Etablering av ei eiga mellombels skattemessig saldogruppe for skip i nærskipfart – oppmodingsvedtak nr. 446 (2020)</b> .....	20	9.1	Innleiing og samandrag .....	34
4.1	Innleiing og samandrag .....	20	9.2	Bakgrunn og gjeldande rett .....	34
4.2	Vurderingar og framlegg .....	20	9.3	Høyeringa .....	35
<b>5</b>	<b>Opsjonsskatteordninga for små oppstartsselskap – oppmodingsvedtak nr. 451 (2020)</b> .....	23	9.4	Vurderingar og framlegg .....	35
5.1	Innleiing og samandrag .....	23	9.5	Administrative og økonomiske følgjer .....	36
5.2	Gjeldande rett .....	23	9.6	Iverksetjing .....	36
5.3	Vurderingar og framlegg .....	24	<b>10</b>	<b>Eigedomsskatt</b> .....	37
5.4	Administrative og økonomiske følgjer .....	24	10.1	Auke av minstegrensa for utskrivning av eigedomsskatt .....	37
			10.2	Maksimal sats for bustad og fritidsbustad i eigedomsskatten ..	37
			<b>11</b>	<b>Fritak for meirverdiavgift på djupnejournalistikk</b> .....	38
			11.1	Innleiing og samandrag .....	38
			11.2	Gjeldande rett .....	38
			11.2.1	Generelt .....	38
			11.2.2	Fritak for aviser trykt på papir .....	39

11.2.3	Fritak for elektroniske nyheitstenester .....	40	19.4	Administrative og økonomiske følgjer .....	57
11.2.4	Fritak for tidsskrift .....	40	19.5	Ikraftsetjing .....	57
11.3	Utanlandsk rett .....	40			
11.4	Høyringa .....	41	<b>20</b>	<b>Omgåingsregelen – avklaring ..</b>	58
11.5	Vurderingar og framlegg .....	42	20.1	Innleiing og samandrag .....	58
11.5.1	Innleiing og bakgrunn .....	42	20.2	Bakgrunn og problemstilling .....	58
11.5.2	Aviser .....	43	20.3	Vurderingar .....	59
11.5.3	Elektroniske nyheitstenester .....	47			
11.5.4	Iverksetjing .....	47	<b>21</b>	<b>Opprettingar og</b>	
11.5.5	EØS-regelverket .....	47		<b>presiseringar</b> .....	61
11.5.6	Administrative og økonomiske følgjer .....	47	21.1	Skatteloven § 2-30 .....	61
<b>12</b>	<b>Avgift på elektrisk kraft til utvinning av kryptovaluta i datasenter</b> .....	49	21.2	Skatteloven § 5-15 .....	61
12.1	Innleiing og samandrag .....	49	21.3	Skatteloven § 6-40 .....	61
12.2	Bakgrunn og gjeldande rett .....	49	21.4	Skatteloven § 6-53 .....	61
12.3	Høyringa .....	49	21.4.1	Innleiing og samandrag .....	61
12.4	Vurderingar og framlegg .....	50	21.4.2	Gjeldande rett .....	62
12.5	Administrative og økonomiske følgjer .....	50	21.4.3	Vurderingar og framlegg .....	62
12.6	Iverksetjing .....	50	21.4.4	Administrative og økonomiske følgjer .....	63
<b>13</b>	<b>Fritak for CO<sub>2</sub>-avgift på naturgass og LPG for kvotepiktige verksemder</b> .....	51	21.4.5	Iverksetjing .....	63
			21.5	Skatteloven § 6-70 .....	63
<b>14</b>	<b>Ny metode for måling av avgassar (WLTP) i eingongsavgifta for varebilar</b> .....	52	21.6	Skatteloven § 6-82 .....	63
			21.7	Skatteloven § 10-1 .....	63
<b>15</b>	<b>Tollfritak for roser frå GSP+-land</b> .....	53	21.8	Skatteloven § 10-36 .....	63
			21.9	Skatteloven §§ 10-41 og 10-65 .....	63
<b>16</b>	<b>Tollfritak på kjøt frå eiga jakt til eige bruk</b> .....	54	21.9.1	Innleiing og samandrag .....	63
			21.9.2	Gjeldande rett .....	63
<b>17</b>	<b>Meirverdiavgiftsfritak på utolla køyretøy til bruk for ambassarar mm.</b> .....	55	21.9.3	Vurderingar og framlegg .....	64
			21.9.4	Administrative og økonomiske følgjer .....	64
<b>18</b>	<b>Supplerande stønad til uføre flyktningar</b> .....	56	21.9.5	Iverksetjing .....	64
			21.10	Iverksetjingstidspunkt for skatteloven § 14-5 fjerde ledd bokstav h .....	64
<b>19</b>	<b>Overgangsordning for handtering av utleggstrekk ved overføring av kommunal skatteoppkrevjar til Skatteetaten</b> .....	57	21.11	Skatteloven § 16-28 .....	65
19.1	Innleiing og samandrag .....	57	21.12	Skatteloven § 17-10 .....	65
19.2	Bakgrunn og gjeldande rett .....	57	21.13	Opprettingar i skatteloven som følgje av endringar i reglane om skattlegging av ektefellar .....	65
19.3	Vurderingar og framlegg .....	57	21.14	Opprettingar i skatteloven og skatteforvaltningsloven som følgje av endringar i reglane om underhaltsbidrag mv. ....	66
			21.15	Merverdiavgiftsloven § 6-7 .....	66
			21.16	Merverdiavgiftsloven § 15-10 .....	66
			21.17	Opprettingar som følgje av omorganisering av Tolletaten .....	67
			21.18	Tolloven §§ 14-2 og 14-4 .....	67
			21.19	Skattebetalingsloven §§ 1-1, 5-13a og 8-2 .....	67
			21.20	Skatteforvaltningsloven §§ 3-4, 7-7 og 11-1 .....	67
			21.21	Skatteforvaltningsloven § 3-6 .....	67

<b>A – Forslag til lovvedtak .....</b>	<b>71</b>	<b>Forslag til lov om endring i skatteforvaltningsloven .....</b>	<b>79</b>
<b>Forslag til lov om endring i egedoms- skattelova .....</b>	<b>71</b>	<b>Forslag til lov om endring i lov 20. desember 2019 nr. 94 om endringer i skatteloven .....</b>	<b>80</b>
<b>Forslag til lov om endring i folketrygdloven .....</b>	<b>71</b>	<b>Forslag til lov om midlertidig kompensasjonsordning for arbeidsgivere med nullsats for beregning av arbeidsgiveravgift (Sone V og Svalbard) .....</b>	<b>80</b>
<b>Forslag til lov om endring i skatteloven .....</b>	<b>72</b>	<b>B – Forslag til stortingsvedtak .....</b>	<b>82</b>
<b>Forslag til lov om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven ....</b>	<b>74</b>	<b>Forslag til vedtak om endring i Stortingets vedtak om avgift på elektrisk kraft .....</b>	<b>82</b>
<b>Forslag til lov om endring i skattebetalingsloven .....</b>	<b>75</b>	<b>Forslag til vedtak om endring i Stortingets vedtak om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020 .....</b>	<b>82</b>
<b>Forslag til lov om endring i tolloven .....</b>	<b>76</b>		
<b>Forslag til lov om endring i merverdiavgiftsloven .....</b>	<b>77</b>		
<b>Forslag til lov om endring i SI-loven .....</b>	<b>78</b>		







DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# Prop. 107 LS

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

---

## Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga

*Tilråding frå Finansdepartementet 12. mai 2020,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

I Revidert nasjonalbudsjett 2020 foreslår regjeringa fleire nye endringar i skatte- og avgiftslovgjevinga som ein respons på utbrotet av koronaviruset. Desse framlegga inneber at skatte- og avgiftsinntektene vert reduserte med om lag 9,8 mrd. kroner påløpt og 8,7 mrd. kroner bokført samanlikna med saldert budsjett for 2020. Følgjande endringar har provenyverknad for 2020:

- Å redusere arbeidsgjevaravgifta svarande til 4 pst. av arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget for mai og juni månad (tredje termin). Det gjev eit provenytap rekna til i overkant av 8 mrd. kroner bokført i 2020. Samstundes vert forfallstidspunktet for tredje termin utsett til 15. oktober 2020. I sone V («tiltakssona») og på Svalbard, der satsen er null, legg ein opp til eit tilskot på 4 pst. av arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget, på til saman 167 mill. kroner.
- Å innføre startavskrivning for saldogruppe d (mellom anna maskinar) på 10 pst., slik at avskrivningane første året vert auka frå 20 til 30 pst. Endringa omfattar driftsmiddel som vert erverva frå og med tidspunktet framlegget tek til å gjelde. Tapet av proveny er berekna til om lag 1 200 mill. kroner påløpt og om lag 200 mill. kroner bokført i 2020. Tapet av proveny på kort sikt vil verte motsvart av lågare avskrivningar og høgare innbetaling av skatt i åra etter 2020. Departementet foreslår at tiltaket gjeld for 2020, og at ei eventuell vidareføring for 2021 vert vurdert i samband med statsbudsjettet for 2021.
- Å utvide opsjonsskatteordninga for små oppstartsselskap. Dagens vilkår om at personar som får tildelt opsjonar under ordninga må ha vorte tilsette i selskapet etter 1. januar 2018, vert oppheva. Vidare vert ordninga utvida til å omfatte selskap med 25 tilsette eller færre og 25 mill. kroner eller mindre i driftsinntekter og balansesum. Provenytapet er rekna til om lag 690 mill. kroner påløpt og 550 mill. kroner bokført i 2020. Endringane må godkjennast av EFTA sitt overvåkingsorgan (ESA) før dei kan ta til å gjelde.
- Den låge meirverdiavgiftssatsen er sett ned frå 12 til 6 pst. frå og med 1. april til og med 31. oktober 2020. Ved satsreduksjonen vart det ikkje gjort justeringar i budsjettpostar på utgiftssida som vert påverka av satsen for meirverdiavgift, som til dømes løyvinga til NRK.

Regjeringa foreslår no å justere ned postar på utgiftssida med samla 290 mill. kroner. Det samla netto provenytapet for staten som følgje av redusert meirverdiavgiftssats, vert dermed rekna til 1 490 mill. kroner påløpt og bokført i 2020.

Regjeringa foreslår òg enkelte andre endringar på grunn av virusutbrotet som ikkje er venta å ha provenyverknad for 2020:

- Føretak med betalingsproblem som følgje av virusutbrotet og smitteverntiltaka, bør framleis få høve til å utsetje betaling av skatt og avgift. Regjeringa foreslår å innføre nye og meir fleksible føresegner om betalingsutsetjing og å setje utsetjingsrenta ned frå 9,5 til 6 pst.
- Foreldingsfristen for krav om meirverdiavgifts-kompensasjon for januar og februar 2020, vert utsett til 31. august.
- Etablere ei mellombels skattemessig saldo-gruppe for skip (utanfor reiarlagsskatteordninga) i nærskipfart. Regjeringa tilrår ikkje at framlegget vert gjennomført.

I tillegg til framlegga i samband med virusutbrotet foreslår regjeringa endringar i det allmenne skatte- og avgiftsopplegget i Revidert nasjonalbudsjett 2020. Desse framlegga reduserer provenyet med om lag 35 mill. kroner påløpt og om lag 25 mill. kroner bokført i 2020 samanlikna med saldert budsjett. Følgjande framlegg har verknad for provenyet for 2020:

- Utvide meirverdiavgiftsfritaket for aviser til òg å omfatte aviser som har ei djuptgåande dekking av nyheits- og aktualitetsstoff. Dersom endringa vert sett i verk 1. juli, er tapet av proveny rekna til 25 mill. kroner påløpt og 15 mill. kroner bokført i 2020. Dei langsiktige verkna-dene på provenyet er truleg vesentleg større.
- Oppheve Stortingets tidlegare vedtak om full elavgift for utvinning av kryptovaluta i store datasenter. På usikkert grunnlag reknar ein provenytapet til 10 mill. kroner bokført i 2020.

Etter at budsjettet for 2020 vart vedteke av Stortinget i desember 2019, har Stortinget vedteke ei rekkje endringar i samband med virusutbrotet. Fristen for å betale ei rekkje skattar og avgifter har vorte utsett. Likviditetseffekten av utsetjingane vil vere på det høgaste nivået i månadsskiftet mai/juni, då dei i sum utgjør om lag 133 mrd. kroner. Det er òg gjennomført fleire mellombelse skatte- og avgiftsletter, både generelle letter og meir målretta letter for utsette næringer. Mellom anna er den låge satsen i meirverdiavgifta redu-

sert frå 12 pst. til 6 pst. i perioden april–oktober, flypassasjeravgifta er oppheva for flygingar i perioden januar–oktober og totalisatoravgifta er avvikla for 2020. For prosessindustrien er CO<sub>2</sub>-avgifta på naturgass og LPG fjerna frå 1. april 2020, og avgifta vert trappa opp igjen frå 2021 over fire år. Samla tap av proveny som følgje av utsett betaling og mellombels skatte- og avgiftslette er rekna til 8,1 mrd. kroner påløpt og 5 mrd. kroner bokført i 2020. I tillegg kjem ordninga med tilbakeføring av underskot som oppstår i 2020, mot overskot i 2019 og 2018. Denne ordninga får bokført verknad først i 2021. Dei vedtekne endringane og dei nye framlegga i dette reviderte budsjettet vil samla redusere skatte- og avgiftsinntektene med om lag 18 mrd. kroner påløpt og 13,7 mrd. kroner bokført i 2020 samanlikna med saldert budsjett for 2020.

Regjeringa foreslår òg enkelte andre endringar på skatte- og avgiftsområdet:

- Klårgjere at høvet til eigenendring av skattefastsetting ikkje omfattar ei endring av skatteregime for reiarlag.
- Auke minstegrensa for å skrive ut eigedomsskatt frå 50 kroner til 300 kroner.
- Lovfeste tollfritak på kjøt frå eiga jakt til eige bruk.
- Lovfeste fritak for meirverdiavgift på innenlandsk omsetjing av utolla køyretøy som skal brukast av ambassarar m.m.
- Fastsetje skattereglar for supplerande stønad til uføre flyktningar.
- Overgangsordning for å handtere utleggstrekk når kommunale skatteoppkrevjarar vert overførte til Skatteetaten.

I tillegg er følgjande saker omtalte:

- Fritak for CO<sub>2</sub>-avgift på naturgass og LPG til verksemder som er kvotepliktige.
- Eingongsavgifta for varebilar og overgang til ny metode for måling av avgassar (WLTP).
- Tollfritak på roser frå GSP+-land.
- Maksimal sats for bustad og fritidsbustad i eigedomsskatten.
- Avklaring av omgåingsregelen.

Regjeringas framlegg om endringar i petroleums-skatten er omtalt i Prop. 113 L (2019–2020) *Midlertidige endringer i petroleumsskatteoven*. Det vert òg vist til følgjande saker som er omtalte i kapittel 4 i Meld. St. 2 (2019–2020) *Revidert nasjonalbudsjett 2020*:

- Avvikling av 350-kronersgrensa med tilhøyrande overgangsordning.
- Oppfølging av Havbruksskatteutvalet.

I denne proposisjonen gjer departementet framlegg om:

- lov om endring i eigedomsskattelova
  - lov om endring i folketrygdlova
  - lov om endring i skatteloven
  - lov om endring i merverdiavgifts-kompensasjonsloven
  - lov om endring i skattebetalingsloven
  - lov om endring i tolloven
  - lov om endring i merverdiavgiftsloven
  - lov om endring i SI-loven
  - lov om endring i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i lov 20. desember 2019 nr. 94 om endringer i skatteloven
  - lov om midlertidig kompensasjonsordning for arbeidsgivere med nullsats for beregning av arbeidsgiveravgift (Sone V og Svalbard)
- og
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om avgift på elektrisk kraft
  - vedtak om endring i Stortingets vedtak om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020

## 2 Redusert arbeidsgjevaravgift og kompensasjonsordning for arbeidsgjevarar i tiltakszona og på Svalbard – oppmodingsvedtak nr. 422 og 423 (2020)

### 2.1 Innleiing og samandrag

I behandlinga av Prop. 52 S (2019–2020) og tilhøyrande Innst. 197 S (2019–2020) fatta Stortinget 19. mars 2020 følgjande oppmodingsvedtak nr. 422 og 423 (2019–2020):

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en midlertidig nedsettelse av arbeidsgiveravgiften med 4 prosentpoeng for en termin, tilsvarende to måneder. Ved kompensasjon for virkningene av korona-pandemien for offentlig sektor tas det hensyn til verdien av differensiert arbeidsgiveravgift»

«For Finnmark og Nord-Troms som har nullsats kompenseres det i en tilsvarende periode med 250 mill. kroner. Regjeringen bes komme tilbake til hvordan dette kan gjøres».

Som varsla i Prop. 67 S (2019–2020), følgjer regjeringa no opp Stortingets vedtak. Framlegget går ut på at arbeidsgjevarar som betaler arbeidsgjevaravgift, skal få redusert avgift for tredje termin (mai og juni) svarande til 4 pst. av grunnlaget for arbeidsgjevaravgift for denne terminen. Regjeringa vil òg utsetje forfall for denne terminen til 15. oktober 2020.

Vidare foreslår regjeringa at arbeidsgjevarar i sone V, som har nullsats på arbeidsgjevaravgift, skal få eit tilskot på 4 pst. av arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget i denne zona for same termin. Sone V utgjer dei delane av Troms og Finnmark fylke som før regionsreforma utgjorde Finnmark og Nord-Troms (heretter kalla «tiltakszona»). Tilskotet svarer til den fordelten arbeidsgjevarar elles i landet får gjennom den reduserte arbeidsgjevaravgifta. Same kompensasjon skal ytast til arbeidsgjevarar på Svalbard. Desse har nullsats på arbeidsgjevaravgift slik som føretak i sone V.

Både tiltaka vil omfatte både kommunale og private arbeidsgjevarar. Bruttobudsjetterte statlege forvaltningsorgan held ein utanfor både ordningar.

Nettobudsjetterte statlege forvaltningsorgan er unnateke frå kompensasjonsordninga, men vil av administrative omsyn vere omfatta av den reduserte arbeidsgjevaravgifta. Fordelen dette inneber for desse verksemdene vert tatt omsyn til i løyvingane, slik at alle dei nettobudsjetterte statlege verksemdene samla sett vert likebehandla.

Ein anslår at tiltaket vil gje eit provenytnap på om lag 8 mrd. kroner påløpt og bokført i 2020. Anslaget er svært usikkert. I tillegg kjem 167 mill. kroner til kompensasjonsordninga for sone V og Svalbard.

Regjeringa viser til framlegg om ny § 3a i Stortingsvedtak om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020 og ny lov om midlertidig kompensasjonsordning for arbeidsgivere med nullsats for beregning av arbeidsgiveravgift (Sone V og Svalbard).

### 2.2 Redusert arbeidsgjevaravgift for tredje termin

#### 2.2.1 Gjeldande rett

Arbeidsgjevaravgift

Arbeidsgjevarar skal betale arbeidsgjevaravgift av rapporteringspliktig løn og anna godtgjering for arbeid og oppdrag i og utanfor tenesteforhold, jf. folketrygdloven § 23-2 første ledd.

Plikta til å betale arbeidsgjevaravgift gjeld både for personlege og upersonlege rettssubjekt som sjølv eller gjennom andre betaler ytingar som inngår i grunnlaget for avgifta. Offentlege arbeidsgjevarar svarar òg arbeidsgjevaravgift.

I utgangspunktet pliktar òg velgjerande og allmennyttige institusjonar og organisasjonar å svare arbeidsgjevaravgift når desse opptre som arbeidsgjevar, det vil seie når dei betaler skattepliktig løn eller anna godtgjering for arbeid eller oppdrag som er utført for organisasjonen. Det gjeld unntak for slike einingar når lønsutgiftene ikkje er knytt til institusjonens/organisasjonens (eventuelle) næringsverksemd, jf. folketrygd-

Tabell 2.1 Soner<sup>1</sup> og satsar for arbeidsgjevaravgifta. Prosent

Sone I	14,1
Sone Ia <sup>2</sup>	10,6–14,1
Sone II	10,6
Sone III	6,4
Sone IV	5,1
Sone IVa	7,9
Sone V	0

<sup>1</sup> I Stortingsvedtak om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020 § 2 er det definert kva for kommunar som høyrer til dei ulike sonene.

<sup>2</sup> 14,1 pst., men likevel 10,6 pst. så lenge differansen mellom den avgifta som ville følgje av satsar på henholdsvis 14,1 pst. og 10,6 pst. ikkje overstig grensene for bagatellmessig støtte.

loven § 23-2 åttande ledd. Dette fritaket er avgrensa til organisasjonar der slike lønskostnader ikkje overstig 800 000 kroner totalt, og gjeld berre inntil 80 000 kroner per tilsett.

Arbeidsgjevaravgifta vert fastsett i prosent av det beløpet arbeidsgjevar skal rapportere inn for vedkommande termin. Prosentsatsane vert fastsett i Stortinget sitt årlege vedtak om fastsetting av arbeidsgjevaravgift. Satsane for arbeidsgjevaravgift er regionalt differensierte, etter kor føretaka er lokaliserte.

Som hovudregel vert arbeidsgjevaravgift fastsett etter satsen i den sona der arbeidsgjevar vert rekna for å drive verksemd. Dersom hovudparten av arbeidet til arbeidstakarane vert utført i ei anna sone med høgare sats, vert satsen i denne andre sona nytta for den delen av løn m.m. som er knytt til dette arbeidet jf. avgiftsvedtaket § 1.

Etter regionsreforma er kommunar som tilhøyrer ulike soner slegne saman. Slike samanslåingar påverkar ikkje soneinndelinga for 2020, då grensene mellom dei ulike sonene framleis er basert på tidlegare kommunegrenser, jf. avgiftsvedtaket § 2. Tabell 2.1 gjev ei oversikt over satsane som gjeld i dei ulike sonene i 2020.

Satsreduksjonane for føretak i sone II til V utgjer statsstøtte etter EØS-avtalen. Gjeldande ordning for differensiert arbeidsgjevaravgift (DA-ordninga) er notifisert til EFTAs overvakingssorgan (ESA), og godkjend for perioden 1.7.2014–31.12.2020.

Arbeidsgjevarar heimehørande på Svalbard betaler same sats som føretak i sone V, jf. avgifts-

vedtaket § 3. Dette gjeld òg andre arbeidsgjevarar som betaler ut løn og anna godtgjering som vert skattlagd etter Svalbardskatteloven.

For arbeidsgjevarar som driv aktivitet innanfor visse sektorar, gjeld det særreglar som inneber at dei ikkje kan nytte redusert sats, uavhengig av lokalisering, jf. avgiftsvedtaket § 1 første ledd. Dette gjeld mellom anna stålsektoren, syntetfisersektoren, lufthamner og finansierings- og forsikringsverksemd. I tillegg kan det ikkje nyttast redusert sats når arbeidsgjevar er i økonomiske vanskar, jf. avgiftsvedtaket § 3 andre ledd.

Det gjeld særlege satsar for arbeidsgjevaravgift for visse arbeidstakarar som er utsende frå USA og Canada, og som i medhald av trygdeavtale har eit avgrensa pliktig medlemskap i folketrygda under arbeid i Noreg. Satsen for 2020 er 7 pst., jf. § 3 i forskrift 20. desember 2019 nr. 2087.

#### Fastsetjing og innbetaling av arbeidsgjevaravgift

Arbeidsgjevar har sjølv ansvar for å utrekne og betale inn arbeidsgjevaravgift. Utrekna arbeidsgjevaravgift vert rapportert månadleg til Skatteetaten i a-meldinga, som skal leverast den 5. i kvar kalendermånad.

Statlege og kommunale arbeidsgjevarar rapporterer òg som hovudregel arbeidsgjevaravgift gjennom a-meldinga. Eit unntak gjeld for bruttobudsjetterte statlege forvaltningsorgan, det vil seie verksemdar som budsjetterer utgifter og inntekter kvar for seg i statsrekneskapen. Dette omfattar mellom anna departement, direktorat, tilsyn, Stortinget, ombod m.m. Desse er fritekne frå plikt til å rapportere arbeidsgjevaravgift i medhald av forskrift 27. november 2003 nr. 1398 om forenklet oppgjør for arbeidsgjevaravgift fra statens forvaltningsvirksomhet § 4 første ledd, jf. folketrygdloven § 24-5. Dei inntektsfører i staden arbeidsgjevaravgifta direkte i den månadlege rapporteringa si til statsrekneskapen.

Velgjerande og allmenntytige organisasjonar som er fritekne frå å betale arbeidsgjevaravgift etter det særskilte unntaket for slike einingar, kan nytte forenkla a-melding ved rapportering av løn som ikkje inngår i næringsverksemd, jf. a-opplýningsforskriften § 3-1 andre ledd.

Arbeidsgjevaravgifta forfell til betaling i seks terminar, basert på innrapporterte beløp for dei to føregåande månadene. Forfallsdatoane er 15. mars (for januar og februar), 15. mai (for mars og april), 15. juli (for mai og juni), 15. september (for juli og august), 15. november (for september og oktober) og 15. januar (for november og desember), jf. skattebetalingsloven § 10-10.

Innbetalingsfristen for terminen som forfell 15. mai (andre termin), er utsett til 17. august 2020.

Refusjon av arbeidsgjevaravgift etter utbetaling av sjukepengar m.m.

Når arbeidsgjevar betaler ut sjukepengar m.m. til tilsette på vegner av Nav, skal ytingane i første omgang rapporterast på vanleg måte i grunnlaget for arbeidsgjevaravgift. Det same gjeld for lønskompensasjon som permitterande arbeidsgjevarar har betalt på forskot for Nav, jf. forskrift 8. april 2020 nr. 757 om midlertidig lønnskompensasjon til permitterte i forbindelse med covid-19-pandemien.

Når slike ytingar vert refunderte av Nav, skal arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget i den aktuelle kalendermånaden reduserast tilsvarende refusjonen, jf. folketryktdloven § 23-2 femte ledd og midlertidig forskrift 16. april 2020 nr. 800. Det er satsane for arbeidsgjevaravgift for den terminen arbeidsgjevar mottek refusjon frå Nav som gjeld når reduksjonen i arbeidsgjevaravgift skal reknast ut.

### 2.2.2 Vurderingar og framlegg

Forholdet til EØS-avtalen sine reglar om statsstøtte

Ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift inneber statsstøtte, og endringar i ho krev godkjenning frå ESA før dei kan ta til å gjelde. Regjeringa legg opp til at Stortinget sitt oppmodingsvedtak vert gjennomført som eit separat tiltak utan å gjere endringar i gjeldande DA-ordning, og utan å rokke ved dei distriktpolitiske omsyna og avvegningane som ligg til grunn for denne. DA-ordninga i seg sjølv vil ligge fast.

Eit slikt separat, tidsavgrensa tiltak som gjeld generelt og treffer heile økonomien, vil ikkje vere selektivt, og vil dermed ikkje innebere statsstøtte. Notifisering til ESA vil dermed ikkje vere naudsynt.

Reduksjon av arbeidsgjevaravgift for tredje termin

I tråd med Stortinget si oppmoding foreslår regjeringa at arbeidsgjevarar skal få redusert si pliktige arbeidsgjevaravgift for ein termin, svarande til ein satsreduksjon med 4 prosenteningar.

Som varsla i Prop. 67 S (2019–2020) vert reduksjonen gjort gjeldande for arbeidsgjevaravgifta for mai og juni månad, det vil seie tredje termin. Ein reduksjon for desse månadene kan styr-

kje grunnlaget for tilsettingar, og kan difor kome fleire arbeidsgjevarar til gode enn ein tilsvarende reduksjon i andre termin. Normalt vil dette òg vere terminen med det høgaste arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget, som følgje av feriepengeutbetalingar.

Regjeringa foreslår at reduksjonen vert gjennomført ved at alle rapporteringspliktige arbeidsgjevarar får ein reduksjon i betalingspliktig arbeidsgjevaravgift. Reduksjonen skal svare til 4 pst. av utrekna og innrapportert arbeidsgjevaravgiftsgrunnlag for mai og juni 2020. Med dette vert ordninga gjort generell, og det vert gjeve same reduksjon for alle arbeidsgjevarar som betaler arbeidsgjevaravgift, uavhengig av kva for ei sone arbeidsgjevar driv verksemd i.

Regjeringa legg til grunn at reduksjonen òg skal gjelde arbeidsgjevaravgift for visse utsende arbeidstakarar frå USA og Canada, der det gjeld særlege satsar. Det inneber at det må gjerast endringar i forskrift 20. desember 2019 nr. 2087 fastsett av Arbeids- og sosialdepartementet.

Det vert vist til framlegg om ny § 3a første ledd i Stortingsvedtak om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020.

Refusjon av arbeidsgjevaravgift etter utbetaling av sjukepengar mv.

Regjeringa meiner at det vil vere uheldig om arbeidsgjevarar som har utbetalt til dømes sjukepengar eller lønskompensasjon i andre termin, med full sats for arbeidsgjevaravgift, ikkje skal kompenseras fullt ut for dette når beløpet vert refundert frå Nav i tredje termin. Regjeringa foreslår difor at arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget som skal leggjast til grunn for utrekninga av redusert arbeidsgjevaravgift for tredje termin, òg skal omfatte ytingar som vert refunderte frå Nav i denne terminen.

Det vert vist til framlegg om endring i Stortingsvedtak om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020 ny § 3a tredje ledd.

Nærare om kva for arbeidsgjevarar som har rett på reduksjon av arbeidsgjevaravgift

Regjeringa meiner at tiltaket bør treffe generelt. Dette er i tråd med oppmodinga frå Stortinget, og det gjer òg ordninga enklare å administrere.

Særlege omsyn gjer seg likevel gjeldande for statlege forvaltningsorgan. Statsforvaltninga er finansiert over statsbudsjettet og vil generelt ikkje oppleve svikt i inntekt eller auka utgifter som følgje av virusutbrotet. I utgangspunktet burde tilta-

ket difor vore avgrensa mot statsforvaltninga. Men ei slik generell avgrensing mot statsforvaltninga ville ha vore svært krevjande å handtere for Skatteetaten på den korte tida som ligg føre og innanfor forsvarleg ressursbruk.

Bruttobudsjetterte statlege forvaltningsorgan (departement, direktorat, tilsyn, Stortinget, ombod m.m.) som er fritekne frå plikta til å rapportere arbeidsgjevaravgift, står likevel i ei særstilling. Når slike einingar uansett ikkje rapporterer arbeidsgjevaravgift til Skatteetaten, er det uproblematisk å halde desse utanfor ordninga. Regjeringa avgrensar difor ordninga mot slike forvaltningsorgan. Regjeringa viser til framlegg om vedtak om endring i Stortingsvedtak om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020 ny § 3a andre ledd.

For andre statlege arbeidsgjevarar foreslår regjeringa at det ikkje vert gjort noko unntak. Regjeringa viser her elles til at det ved annan kompensasjon til offentleg sektor for verknadene av virusutbrotet, vert teke omsyn til at desse arbeidsgjevarane òg har vore omfatta av ordninga med redusert arbeidsgjevaravgift. I ei samla vurdering av kompensasjon til kommunesektoren som følgje av virusutbrotet har ein til dømes teke omsyn til verknaden av redusert arbeidsgjevaravgift. Redusert arbeidsgjevaravgift for kommunesektoren er berekna til om lag 2 mrd. kroner. Sjå nærare om dette i Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020*. Regjeringa legg til grunn at dette er i tråd med det Stortinget har meint i sitt oppmodingsvedtak nr. 422.

#### Gjennomføring av reduksjonen

Regjeringa foreslår at reduksjonen av arbeidsgjevaravgift for tredje termin vert gjennomført ved at Skatteetaten korrigerer kravet på avgifta før ho forfell til betaling. Satsane for arbeidsgjevaravgift som vert nytta i a-meldinga vert ikkje endra, og arbeidsgjevarane skal òg for tredje termin rapportere inn arbeidsgjevaravgift i tråd med dei allmenne satsane, jf. skatteforvaltningsloven § 9-1 og § 9-2.

Skatteetaten vil utrekne og myndigheitsfastsette ny korrekt arbeidsgjevaravgift for tredje termin, men Skatteetaten gjer ikkje endringar i arbeidsgjevar sitt eigenfastsette grunnlag. I ny utrekning får arbeidsgjevar då ein reduksjon i avgifta svarande til 4 pst. av grunnlaget.

Skatteetaten si endring av utrekninga av den eigenfastsette arbeidsgjevaravgifta vil i utgangspunktet vere eit endringsvedtak, i medhald av

skatteforvaltningsloven § 12-1. Endringsvedtaket vil skje automatisk og i tråd med ny regel om reduksjon i avgiftsvedtaket § 3a. Departementet legg til grunn at Skatteetaten ikkje treng å etablere særskilde rutinar for saksbehandling for denne endringa i utrekning.

Dersom det av andre grunnar er aktuelt å endre det eigenfastsette grunnlaget for arbeidsgjevaravgifta, anten for skattestyresmaktene eller for den avgiftspliktige, vil det skje etter dei allmenne endringsreglane.

#### Utsett forfallstidspunkt for tredje termin

Regjeringa foreslår at forfallstidspunktet for arbeidsgjevaravgifta for tredje termin vert utsett frå 15. juli til 15. oktober 2020. Dette gjev Skatteetaten betre tid til å få på plass dei tekniske løysingane for reduksjonen av arbeidsgjevaravgift. Ei slik utsetting vil òg betre likviditeten til arbeidsgjevarane.

Departementet vil i forskrift gje reglar om utsett forfallstidspunkt.

Det vil ikkje påløpe renter som følgje av utsettinga.

Utsettinga av forfallstidspunktet påverkar ikkje arbeidsgjevar si plikt til å rapportere i a-meldinga. Den fristen vil framleis vere den 5. i månaden etter utbetaling av løn.

Utsettinga av forfallstidspunktet er anslått å gje eit provenytap på om lag 240 mill. kroner påløpt og bokført i 2020.

#### 2.2.3 Administrative og økonomiske følgjer

Regjeringa sitt framlegg inneber at arbeidsgjevarane ikkje treng å gjere endringar i lønssystema sine eller ved rapporteringa i a-meldinga.

For Skatteetaten vil ordninga gjere det naudsynt med endringar i systemet for etablering av krav, som gjer at arbeidsgjevaravgifta for tredje termin vert skriven ut med reduksjonen på 4 prosenteningar. I tillegg vil det bli auka behov for manuell behandling, mellom anna knytt til søknader om tilbakebetaling, klagesaker, handtering av for høge betalningar mv.

Ein anslår at tiltaket vil gje eit provenytap på om lag 8 mrd. kroner påløpt og bokført i 2020. Anslaget er usikkert.

#### 2.2.4 Iverksetjing

Regjeringa foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

## 2.3 Kompensasjonsordning for arbeidsgjevarar i tiltakszona og på Svalbard

### 2.3.1 Vurderingar og framlegg

Føremålet med ordninga

Føremålet med ordninga er å sikre at arbeidsgjevarar som driv verksemd i sone V eller på Svalbard, og som difor har nullsats på arbeidsgjevaravgift, vert kompensert. Kompensasjonen skal svare til den fordelten andre arbeidsgjevarar får gjennom den føreslåtte reduksjonen i pliktig arbeidsgjevaravgift for tredje termin, sjå punkt 2.2.

Arbeidsgjevarar som har rett til å få tilskot

*Arbeidsgjevarar i sone V (tiltakszona)*

Regjeringa tek utgangspunkt i at alle arbeidsgjevarar som heilt eller delvis utreknar arbeidsgjevaravgift etter satsen som gjeld for sone V, altså nullsats, skal få eit tilskot.

Grensene for arbeidsgjevaravgiftsplikt slik dette er presisert i folketrygdloven § 23-2, dannar grunnlag for rett til tilskot. Det avgjerande for retten til tilskot er såleis om løn mv. som arbeidsgjevaren plikter å innrapportere, ville ha utløyst plikt til å betale arbeidsgjevaravgift viss satsen i sone V var høgare enn 0. Til dømes er velgjerande og allmenntillegge institusjonar og organisasjonar friteke frå å betale arbeidsgjevaravgift innanfor visse beløpsgrenser, sjå nærare i punkt 2.2.1. Arbeidsgjevarar som oppfyller vilkåra for rett til avgiftsfritak innanfor sone I til IV, vil ikkje få redusert arbeidsgjevaravgift. På same vis bør då slike einingar innanfor tiltakszona heller ikkje ha rett til tilskot. Det følgjer av at dei òg ville ha vore friteke fråplikten til å betale arbeidsgjevaravgift om dei hadde vore etablerte innanfor ei anna sone enn sone V.

Det vert vist til framlegg om ny lov om midlertidig kompensasjonsordning for arbeidsgivere med nullsats for beregning av arbeidsgjevaravgift (Sone V og Svalbard) §§ 2 og 3.

*Statlege forvaltningsorgan*

På same måte som for retten til å få redusert arbeidsgjevaravgift foreslår regjeringa at brutto-budsjetterte statlege forvaltningsorgan (departement, direktorat, tilsyn, Stortinget, ombod m.m.), vert haldne utanfor ordninga med tilskot. Det vert vist til dei særlege omsyna som gjer seg gjeldande

for statlege forvaltningsorgan som gjort greie for i punkt 2.2.2.

Vidare foreslår regjeringa at dei nettobudsjetterte statlege forvaltningsorgana òg vert haldne utanfor ordninga med tilskot. Desse er av administrative omsyn omfatta av ordninga med redusert arbeidsgjevaravgift. Fordelen dette inneber for desse verksemdene, vert tatt omsyn til i løyvingane til desse. For kompensasjonsordninga vil det derimot vere lettare administrativt at dei aktuelle einingane blir unnateken frå ordninga, og dei bør difor ikkje inngå.

Det vert vist til framlegg om ny lov § 2 andre ledd.

*Arbeidsgjevarar på Svalbard*

Regjeringa foreslår at arbeidsgjevarar heimehøyrende på Svalbard, samt arbeidsgjevarar som betaler løn og anna godtgjering som vert skattlagt etter Svalbardskatteloven, skal vere omfatta av kompensasjonsordninga. Desse arbeidsgjevarane har nullsats på arbeidsgjevaravgift, på same måte som føretaka i tiltakszona. Arbeidsgjevarar på Svalbard er òg hardt råka av virusutbrotet, og regjeringa meiner dei bør få same kompensasjon som arbeidsgjevarar på fastlandet.

Avgrensinga av kva for arbeidsgjevarar i sone V som vert omfatta av kompensasjonsordninga, gjeld på same vis for arbeidsgjevarar heimehøyrende på Svalbard.

Det vert vist til framlegg om ny lov §§ 2 og 3.

*Storleiken på tilskotet*

Ordinga med tilskot skal kompensere for at arbeidsgjevarar i tiltakszona og på Svalbard ikkje får nytte av at arbeidsgjevaravgifta for tredje termin vert redusert. Føremålet er at desse arbeidsgjevarane skal få kompensasjon som svarer til reduksjonen i arbeidsgjevaravgift i dei andre sonene.

For å sikre likebehandling foreslår regjeringa at tilskotet skal utgjere 4 prosenteningar av arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget som er omfatta av nullsatsen for sone V. Tilskotet skal reknast av arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget for tredje termin, på same måte som reduksjonen i arbeidsgjevaravgift i sone I til IV.

Som det er gjort greie for i punkt 2.3.2., er løyvinga til kompensasjonsordninga i tiltakszona og på Svalbard anslått til 167 mill. kroner. Dette utgjer 83 mill. kroner mindre enn dei 250 mill. kroner som Stortinget anslo i oppmodingsvedtak nr. 423.



Regjeringa forstår Stortinget sitt vedtak slik at føremålet er å etablere ei kompensasjonsordning som gjev arbeidsgjevarar i tiltakssona tilsvarende økonomisk lette som arbeidsgjevarar elles i landet. Føremålet med ordninga tilseier at det vert ytt eit tilskot svarande til 4 pst. av arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget, og at det ikkje vert gjeve noko særskilt tilskot for tiltakssona utover dette. Omsynet til statsstøtteregelverket tilseier òg at kompensasjonen i tiltakssona vert gjort lik som avgiftsletten i dei andre sonene. Regjeringa vil i samband med proposisjonen om vegen ut av krisa vurdere ytterlegare tiltak for å stimulere aktivitet.

Det vert vist til framlegg om ny lov § 3.

#### Nedre beløpsgrense for rett til tilskot

For å avgrense den administrative ressursbruken knytt til ordninga i Skatteetaten noko, foreslår departementet at det vert fastsett eit minstebeløp for rett til tilskot under ordninga. Minstebeløpet vert foreslått sett til 1000 kroner. Det vil seie at arbeidsgjevarar der 4 pst. av arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget som er omfatta av nullsats utgjer mindre enn 1000 kroner, ikkje vil ha rett til tilskot under ordninga.

Det vert vist til framlegg om ny lov § 3 andre ledd.

#### Skatteplikt

Regjeringa legg til grunn at tilskota vil vere skattepliktige etter alminnelege reglar. Dette vil òg innebere likebehandling med arbeidsgjevarar i dei andre sonene, som får redusert arbeidsgjevaravgift for tredje termin (og dermed høgare skattepliktig overskot).

#### Administrering av ordninga

Regjeringa foreslår at Skatteetaten skal vere tilskotsstyresmakt for ordninga. Arbeidsgjevarar i tiltakssona og på Svalbard treng ikkje å søkje om tilskot etter ordninga. Skatteetaten vil utrekne tilskotsbeløpet ut frå innsende a-meldingar, og deretter utbetale tilskotet til bankkontonummer mottakarane har gjeve til Skatteetaten. Prosessen vil i all hovudsak vere automatisk. Dersom a-meldingane for tredje termin skil seg ut samanlikna med informasjon i tidlegare innsende a-meldingar, vert saka behandla manuelt.

Skatteetaten gjer vedtak om tilskot og sender mottakarane eit informasjonsbrev. Dersom Skatteetaten ikkje har mottakaren sitt bankkontonum-

mer, vert det informert om at utbetaling ikkje vil kunne skje før eit bankkontonummer føreligg.

Frist for utbetaling vil vere 1. september 2020.

Dersom a-meldinga vert endra etter at vedtak om tilskot er fatta og dette har påverka grunnlaget for tilskotsberekninga, vil Skatteetaten kunne endre utrekninga av tilskotet og utbetale meir eller krevje tilbakebetalt for mykje utbetalt tilskot. Dersom arbeidsgjevar meiner dei ikkje har motteke rett tilskot, vil dei kunne klage på Skatteetatens utrekning.

#### Generelle forvaltningsreglar

Når det skal delast ut statlege tilskot, trengst det rettslege rammar som gjev reglar for forvaltninga av tilskotet. Det følgjer av økonomiregelverket at tilskotsforvaltarar skal nytte reglane i forvaltningsloven dersom ikkje anna er bestemt. Regjeringa foreslår at Skatteetaten skal vere tilskotsstyresmakt for ordninga. Dette inneber at Skatteetaten må forvalte ordninga i sine eksisterande system og med sine gjeldande rutinar. Desse er i stor grad tilpassa saksbehandlingsreglane i skatteforvaltningsloven. Regjeringa ser det som ein stor fordel at Skatteetaten får forvalte ordninga etter eit regelverk den allereie er godt kjent med, og som systema og rutineane er tilpassa. Det same er gjort i kompensasjonsordninga for næringslivet som er omtalt i Prop. 70 LS (2019–2020), kor Skatteetaten òg er tilskotsforvaltar.

Regjeringa foreslår difor at skatteforvaltningsloven skal gjelde for kompensasjonsordninga så langt den passar, i staden for forvaltningsloven. Dette inneber at skatteforvaltningsloven sine reglar om saksbehandling, endring og høve til klage, som sikrar arbeidsgjevarane sin rettstryggleik, gjeld. Skatteforvaltningsloven vil i tillegg gje naudsynt regulering av tilskotsstyresmakta si tieplikt, kontroll, endring av vedtak mv.

Det vert vist til framlegg om ny lov § 4.

#### Innhenting av opplysningar

Skatteetaten skal utrekne tilskotet av arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget for tredje termin. Arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget er etter folketrygdloven § 23-2 rapporteringspliktig løn og anna godtgjering for arbeid og oppdrag i og utanfor tenesteforhold.

Arbeidsgjevarar mfl. skal gje opplysningar for utrekning av arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget i a-meldinga. Her skal dei mellom anna gje opplysningar om ytingar som løn og anna godtgjering for

arbeid etter skatteforvaltningsloven § 7-2, og opplysningar om utrekna arbeidsgjevaravgift og grunnlaget for utrekninga av avgifta etter skatteforvaltningsloven § 8-6, jf. a-opplysningsloven § 3. Når Skatteetaten opptrer som tilskotsstyresmakt, har den difor behov for tilgang til opplysningar frå a-meldinga.

Etter skatteforvaltningsloven § 3-3 og skatteforvaltningsforskriften § 3-3-1 andre ledd bokstav a) har skattestyresmaktene høve til å utlevere opplysningar til mellom andre offentlege styresmakter til bruk i deira arbeid med «tilskudd eller bidrag av offentlige midler», utan hinder av teieplikta etter skatteforvaltningsloven § 3-1. Opplysningar frå a-meldinga vil difor kunne utleverast til tilskotsstyresmakta frå skattestyresmaktene etter gjeldande regelverk. Dersom tilskotsstyresmakta treng ytterlegare opplysningar enn dei som er gjevne i a-meldinga for å fastsette eller kontrollere tilskot, kan tilskotsstyresmakta ta i bruk kontrollheimlane i skatteforvaltningsloven kapittel 10 for å be om ytterlegare opplysningar frå arbeidsgjevarar eller frå andre tredjepartar.

#### Vedtak om tilskot og klage

Tilskotsstyresmakta skal treffe vedtak og med det fastsetje tilskotet. Skattekontoret vil treffe vedtak i første instans, og Skattedirektoratet vil vere klageinstans for behandlinga av saker om tilskot etter lova. Vedtaket vil vere eit enkeltvedtak etter skatteforvaltningsloven § 1-2 bokstav d. Tilskotsmottakaren kan klage på vedtaket etter reglane i skatteforvaltningsloven kapittel 13. Dette medfører mellom anna at fristen for å klage på vedtak er seks veker, jf. skatteforvaltningsloven § 13-4 første ledd.

Opplysningane i a-meldinga inneheld personopplysningar, og tilskotsstyresmakta må difor behandle personopplysningar ved si utrekning av tilskot. Fordi vedtaka i all hovudsak skal fattast ved automatisert behandling, foreslår regjeringa at tilskotsstyresmakta får heimel til å treffe vedtak som er basert på automatisert behandling av personopplysningar i medhald av personvernforordningen artikkel 22.

Det vert vist til framlegg om ny lov § 5 og § 6.

#### Administrative sanksjonar og straff

Kvaliteten på opplysningane som utrekninga av tilskotet byggjer på, er avgjerande for at ordninga skal fungere etter føremålet sitt. Det er ein føresetnad for at kompensasjonsordninga skal fungere, at dei som har rett på tilskot rapporterer inn

riktige opplysningar om løn og andre godtgjeringar i a-meldinga.

Både a-opplysningsloven og skatteforvaltningsloven inneheld sanksjonsreglar som kan brukast dersom opplysningane som utrekninga av tilskotet skal byggja på, ikkje vert levert av arbeidsgjevaren eller vert levert for seint. A-opplysningsloven §§ 10 og 11 gjev heimel til å påleggja høvesvis tvangsmulkt og gebyr for manglande og for seint innleverte opplysningar i a-meldinga. Vidare gjev skatteforvaltningsloven § 14-1 heimel til å påleggje tvangsmulkt viss opplysningar om utrekna arbeidsgjevaravgift og grunnlaget for utrekninga etter skatteforvaltningsloven § 8-6 vert levert for seint. Viss opplysningssvikta gjeld tredjepartsopplysningar som arbeidsgjevaren pliktar å gje etter skatteforvaltningsloven § 7-2, kan det òg skrivast ut gebyr etter skatteforvaltningsloven § 14-7. Disse føresegnene er egna til å sanksjonera brot på opplysningsplikta, men rammar ikkje aktlause brot særskilt. Reglane om administrativ sanksjon som vert framlagt her, er meint å kome i tillegg til dei nemnde reglane i a-opplysningsloven og skatteforvaltningsloven.

Opplysningane som gjev grunnlaget for å utrekne tilskotet, er opplysningar som òg vert brukt for å utrekne andre skattar og avgifter, medrekna for lønsmottakaren. Ordninga legg i så måte ikkje til rette for misbruk. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at ordninga vert misbrukt ved at det vert rapportert feil opplysningar i a-meldinga for å få utbetalt meir tilskot enn ein har krav på. Det er difor naudsynt med sanksjonsmidlar mot aktlause brot på opplysningsplikta når det fører til utbetaling av urettkome tilskot.

Ved utforminga av administrative sanksjonar er det viktig at reglane er rettferdige, rimelege og føreseielege. Dei må òg vere strenge nok til at dei kan bidra til at mottakarane av tilskot gjev riktige og fullstendige opplysningar. Kompensasjonsordninga gjev arbeidsgjevarar moglegheit til å få tilskot direkte utbetalt frå staten, noko som talar for at misbruk av ordninga bør sanksjonerast strengt. Dei framlagde reglane om administrative sanksjonar byggjar difor på reglane om skjerpa tilleggs-skatt i skatteforvaltningsloven § 14-6.

Departementet gjer framlegg om at det skal vere krav om grov aktløyse når det gjeld kravet om opplysningssvikt, medan det er tilstrekkeleg med simpel aktløyse når det gjeld kravet om at opplysningssvikta har ført til eller kunne ha ført til økonomiske fordelar. Grunnen til at det krevjast lågare grad av skyld når det gjeld følgjene av opplysningssvikta, er at det kan vere vanskeleg å bevise om mottakaren faktisk forstod dei økono-

miske følgjene av å halde tilbake eller gje feil eller ufullstendige opplysningar. Kompensasjonsordninga skal gjelde i ein periode som er vanskeleg for arbeidsgjevarane, og ein kan difor ikkje sjå bort frå at det i større grad enn elles kan skje feil. Aktlause villfaringar vil difor ikkje omfattast av den foreslegne føresegna. Økonomiske fordelar som mottakaren ikkje hadde rett på, må i alle høve betalast tilbake.

Vidare gjer departementet framlegg om at sanksjonen som hovudregel skal setjast til 30 prosent av den økonomiske fordelten. I einskilde høve vil det vere behov for å sanksjonere strengare. Det gjeld særleg dersom opplysningssvikta er planlagd og systematisk. I slike fall bør satsen setjast til 60 prosent av den økonomiske fordelten.

Beviskravet for å kunne påleggja administrativ sanksjon er at det er klårt meir sannsynleg enn ikkje.

Administrativ sanksjon etter den foreslegne føresegna er straff etter den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Det gjeld utan omsyn til om satsen er 30 eller 60 prosent.

Departementet gjer framlegg om at fristen for å sanksjonera opplysningssvikt er fem år rekna frå utlaupe av den perioden vedtaket om tilskot gjeld for. Dette samsvarar med fristen for endring i skatteforvaltningsloven. Det skal vere høve til å klage på vedtak om administrativ sanksjon.

For dei mest alvorlege tilfella av opplysningssvikt kan det òg vere naudsynt å reagere med straff. Departementet gjer framlegg om at føresegna i straffeloven §§ 378 til 380 om skattesvikt skal gjelde tilsvarende for den som forsettleg eller grovt aktlaust gjer tilskotsstyresmakta uriktige eller ufullstendige opplysningar, eller unnlet å gje pliktig opplysning, når han forstår eller bør forstå at det kan føre til urettkomne økonomiske fordelar. Vilkårer om urettkomne økonomiske fordelar etter denne lova kjem i staden for vilkåret

om skattemessige fordelar etter dei nemde føresegnene i straffeloven.

Det vert vist til framlegg om ny lov § 7 og § 8.

#### Betaling og innkrevjing

Regjeringa gjer framlegg om at departementet i forskrift kan gje regler om betaling av tilskot etter lova, som krav på tilbakebetaling og innkrevjing av utbetalt tilskot og administrative sanksjonar og om renter. Departementet kan òg gje forskrift om kven som er kravsstyresmakt. Krav på tilbakebetaling av tilskot er tvangsgrunnlag for utlegg.

Det vert vist til framlegg om ny lov § 9.

### 2.3.2 Administrative og økonomiske følgjer

Regjeringa foreslår at Skatteetaten skal ha ansvaret for å forvalte kompensasjonsordninga. Skatteetatens ansvar omfattar mellom anna rettleiing, utrekning av tilskot, vedtak, registrering av vedtak, utbetaling og tilbakebetaling av tilskot, oppfølging og kontroll. Skattedirektoratet vil vere klageinstans. Skatteetaten må òg syte for utvikling og drift av digitale tenester som er naudsynte for å forvalte kompensasjonsordninga. Der det er mogleg, vil etaten bruke og byggje på infrastrukturen som vart utvikla for kompensasjonsordninga for næringslivet, jf. Prop. 70 LS (2019–2020). Ordninga medfører nye utgifter for etaten til mellom anna IT-utvikling og -forvaltning, saksbehandling av søknader og klager, rettleiing og kontroll. Skatteetatens utgifter til forvaltning av ordninga er forventast å vere moderate, jf. Prop. 117 S (2019–2020).

Det vert løyvd 167 mill. kroner til lønnskompensasjonsordninga for sone V og Svalbard.

### 2.3.3 Iverksetjing

Regjeringa foreslår at lova tek til å gjelde straks.

## 3 Mellombels startavskriving for inntektsåret 2020 – oppmodingsvedtak nr. 445 (2020)

### 3.1 Innleiing og samandrag

Regjeringa gjer framlegg om å innføre 10 pst. startavskriving for maskinar og andre driftsmiddel i saldogruppe d. Framlegget er ein del av tiltaka for å stimulere investeringar og skape vekst i økonomien etter virusutbrotet. Departementet viser til vedtak 445 frå Stortingets behandling av Innst. 216 S (2019–2020):

«Stortinget ber regjeringen innføre en midlertidig ordning med startavskriving for saldogruppe d (bl.a. for industri) fra 20 til 30 pst., og ber regjeringen komme tilbake med dette i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2020.»

Startavskriving for driftsmiddel i saldogruppe d med 10 pst. inneber at avskrivingsssatsen det første året i levetida for driftsmidla på denne saldogruppa vert auka frå 20 pst. til 30 pst.

Innføring av startavskriving på 10 pst. for driftsmiddel i saldogruppe d erverva i 2020, kan innebere statstøtte etter EØS-avtalen. Departementet har innleia ein prosess med EFTA sitt overvåkingsorgan (ESA) for å klarleggje dette.

Provenytapet ved å innføre startavskriving på 10 pst. for nyerverva driftsmiddel i saldogruppe d er rekna til om lag 1 200 mill. kroner påløpt og 200 mill. kroner bokført i 2020. Den reelle skattefordelen svarer difor til skattekreditten av at ein får utsett skatt til seinare år, og renteverknaden av utsett skattebetaling. Denne fordelene er vesentleg lågare enn den kortsiktige reduksjonen i skattebetalingar for inntektsåret 2020.

### 3.2 Vurderingar og framlegg

Då Stortinget behandla Prop. 67 S (2019–2020), jf. Innst. 216 S (2019–2020) punkt 1.2, uttala fleirtalet i finanskomiteen at:

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Rødt, viser til at det på det nåværende tids-

punkt er lite økonomisk aktivitet som følge av virusutbruddet og de tilknyttede statlige smitteverntiltakene. På et senere tidspunkt, det regjeringen omtaler som fase 3, vil det være viktig å igangsette tiltak for å bidra til å stimulere aktiviteten i den norske økonomien. I den fasen vil det også være viktig å se på tiltak knyttet til skatter og avgifter.»

Komiteen gjorde deretter framlegg om at det vert innført startavskriving med 10 pst. for driftsmiddel i saldogruppe d og bad regjeringa kome tilbake med dette i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020, jf. vedtak 445.

Etter gjeldande rett vert personbilar, traktorar, maskinar, reiskap, instrumentar, inventar mv. i saldogruppe d skrivne av med ein sats på 20 pst. Ei ordning med startavskriving vart også innført i 2014 etter oljeprisfallet, men vart avvikla igjen frå 2017 etter semja om skatterreform.

For å følgje opp vedtak 445 frå Stortinget gjer departementet framlegg om at det vert innført 10 pst. startavskriving for driftsmiddel i saldogruppe d. Det er klart frå innstillinga til finanskomiteen at føremålet med tiltaket er å auke aktiviteten i økonomien. Framlegget inneber at den skattemessige avskrivninga vert 30 pst. av kostprisen for inntektsåret 2020, då driftsmidlet vert erverva. I dei åra som følgjer etter skal ein nytte den vanlege avskrivingsssatsen for saldogruppe d på 20 pst. Dei samla avskrivningane i ervervsåret vil på vanleg måte gje frådrag på saldo for driftsmidlet og redusere grunnlaget for framtidige avskrivningar tilsvarende.

Framlegget gjeld òg for påkosting av eldre driftsmiddel i saldogruppe d, som etter dei allmenne reglane skal først på saldo (skattemessig påkosting), jf. skatteloven § 14-40 tredje ledd.

For maskinar mv. som allereie er erverva, vil ikkje auka avskrivingsssats ha nokon verknad på aktiviteten i økonomien. I tråd med intensjonen til stortingsvedtaket bør auka avskrivingsssats difor berre gjelde driftsmiddel som vert erverva frå og med tidspunktet framlegget tek til å gjelde. For å

redusere uønskte tilpassingar ved at maskinar mv. vert seld berre for å kunne verte rekna som nyerverva og dermed oppnå høg avskrivingsatts, bør driftsmiddel som er erverva frå nærstående part, ikkje kunne verte ført på saldogruppa med den høge avskrivingsatts. Departementet tilrår på denne bakgrunn at den høgare avskrivingsatts berre gjeld for driftsmiddel som er erverva frå og med tidspunktet framlegget tek til å gjelde, og berre frå ein part som ikkje er nærstående. Som nærstående part skal reknast part definert som nærstående etter reglane i skattelova § 6-41 femte ledd.

EU-kommisjonen har i kunngjeringar av 20. mars 2020 og 4. april 2020 uttala seg om korleis reglane om statsstøtte skal praktiserast under den krisa som virusutbrotet har skapt. Desse uttalene tyder at det er større rom for å gje støtte av ulike slag. Tiltaka må likevel ikkje splitte opp den indre marknaden, og prinsippet om like konkurransevilkår skal gjelde. Støtte kan ikkje verte gjeve til verksemdar som allereie ved årsskiftet 2019–2020 var i økonomiske vanskar. Vidare vil det truleg ikkje verte godkjent at ei verksemd får støtte, i form av særleg gunstige skattereglar, over ei grense tilsvarende 800 000 euro.

Departementet foreslår at tiltaket gjeld for 2020, og at ei eventuell vidareføring for 2021 vert vurdert i samband med statsbudsjettet for 2021.

Departementet viser til framlegg om nytt femte ledd i skatteloven § 14-43.

### 3.3 Administrative og økonomiske følger

---

Provenytapet ved å innføre startavskrivning på 10 pst. for 2020 for driftsmiddel erverva frå og med tidspunktet framlegget tek til å gjelde, vert berekna til om lag 1 200 mill. kroner påløpt og 200 mill. kroner bokført. Auka avskrivningar i 2020 vil redusere grunnlaget for avskrivningar i seinare år.

Den reelle skattefordelen svarer difor til skattefordelen av at ein får utsett skatt til seinare år, og renteverknaden av utsett skattebetaling. Denne fordelene er vesentleg lågare enn den kort-siktige reduksjonen i skattebetalingar for inntektsåret 2020. Ein auka avskrivingsatts frå 20 til 30 pst. i 2020 for nyerverva driftsmiddel svarer til ein stønad på opp mot 0,5 pst. av investeringsutgifta for eit selskap i skatteposisjon, målt på investeringstidspunktet og med ei nominell rente på 6 pst. Med føresetnadane som vert brukt i provenyberekninga, vil dei samla nyinvesteringane som får nytte av auka frådrag med verknad for betalbar skatt, utgjere om lag 50 mrd. kroner. Dersom ei diskonteringsrente på 6 pst. svarer til ei rente som om lag reflekterer relevant risiko for dei påverka selskapa, vil den samla rentefordelen for selskapa utgjere om lag 300 mill. kroner.

Departementet går ut frå at framlegget vil innebere noko meirarbeid for både skattytarane og skattestyresmaktene. Dei administrative bøkene ved det ein-skilde tiltaket vil vere nokså moderate, men departementet gjer merksam på at den samla verknaden av støttetiltak gjennom avskrivingsssystemet kan gjere skattesystemet mindre oversiktleg og meir administrativt krevjande.

### 3.4 Iverksetjing

---

Tiltaket er mellombels og skal berre gjelde for driftsmiddel som vert erverva etter at tiltaket tek til å gjelde og ut året 2020. Endringa kan ikkje gjelde før tiltaket er godkjend av ESA.

Departementet gjer framlegg om at endringa vert sett i verk frå den tid departementet i forskrift fastset med verknad for inntektsåret 2020. Regjeringa vil i samband med statsbudsjettet for 2021 vurdere ei eventuell vidareføring for 2021.

## 4 Etablering av ei eiga mellombels skattemessig saldogruppe for skip i nærskipsfart – oppmodingsvedtak nr. 446 (2020)

### 4.1 Innleiing og samandrag

Departementet viser til vedtak 446 frå Stortingets behandling av Innst. 216 S (2019–2020):

«Stortinget ber regjeringen etablere en egen midlertidig skattemessig saldogruppe for skip (utenfor tonnasjeskatteordningen) i nærskipsfart, med en avskrivningssats på 20 pst., og ber regjeringen komme tilbake med dette i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2020.»

Med ei eiga saldogruppe for skip i nærskipsfart med ein avskrivningssats på 20 pst. aukar avskrivningane for skip på denne saldogruppa frå den satsen som no gjeld på 14 pst.

Innføring av ei eiga mellombels skattemessig saldogruppe for skip i nærskipsfart med høgare avskrivningssats kan innebere statsstøtte etter EØS-avtalen. Det er naudsynt å få tiltaket godkjend frå EFTA sitt overvakingorgan (ESA). Det er etablert ein prosess med ESA for å klarleggje dette.

Framlegget vil komplisere skattesystemet og gje potensielt sær s høge administrative kostnader i høve til nytten av framlegget for støttemottakane. Departementets tilrår difor at framlegget ikkje vert gjennomført. Departementet gjer likevel framlegg om at det vert gjeve ein forskriftsheimel til at Finansdepartementet kan innføre ei mellombels saldogruppe for skip i nærskipsfart med avskrivningssats på 20 pst. for nyerverva skip i 2020, som er erverva frå uavhengig part frå og med eit slikt framlegget tek til å gjelde. Det vil gje departementet høve til vidare naudsynte utgreiingar.

### 4.2 Vurderingar og framlegg

Skip er omfatta av saldogruppe e, som også omfattar fiske- og fangstfartøy, flytedokker, riggar mv. Etter gjeldande rett vert skip generelt avskrive med ein sats på 14 pst. Denne satsen er truleg for høg i høve til det faktiske verdifallet på driftsmid-

del i denne saldogruppa. Departementet viser til Skatteutvalets utgreiing i NOU 2014: 13 *Kapitalbeskatning i en internasjonal økonomi* punkt 10.4.

Då Stortinget behandla Prop. 67 S (2019–2020), jf. Innst. 216 S (2019–2020) punkt 1.2, uttala fleirtalet i finanskomiteen at:

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Rødt, viser til at det på det nåværende tidspunkt er lite økonomisk aktivitet som følge av virusutbruddet og de tilknyttede statlige smitteverntiltakene. På et senere tidspunkt, det regjeringen omtaler som fase 3, vil det være viktig å igangsette tiltak for å bidra til å stimulere aktiviteten i den norske økonomien. I den fasen vil det også være viktig å se på tiltak knyttet til skatter og avgifter.»

Komiteen gjorde deretter framlegg om at det vert innført ei eiga mellombels skattemessig saldogruppe for skip i nærskipsfart og oppmoda regjeringa om å kome tilbake med dette i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020, jf. vedtak 446.

Innstillinga til finanskomiteen viser at føremålet med tiltaket er å auke aktiviteten i økonomien. Framlegget inneber at den skattemessige avskrivninga for inntektsåret 2020 vert 20 pst. av kostprisen på skip som kan verte ført på denne saldogruppa og vert erverva i år.

For skip som allereie er erverva, vil ikkje auka avskrivningssats ha nokon verknad på aktiviteten i økonomien. I tråd med intensjonen til stortingsvedtaket bør auka avskrivningssats difor berre gjelde skip som vert erverva frå og med tidspunktet framlegget tek til å gjelde. For å redusere uønskete tilpassingar ved at skip vert selde berre for å kunne oppnå høgare avskrivningssats, bør skip som er kjøpt frå nærstående part, ikkje kunne førast på den mellombelse saldogruppa. Departementet tilrår på denne bakgrunn at den nye saldogruppa eventuelt berre gjeld for skip som er erverva frå og med tidspunktet framlegget tek til å gjelde, og ikkje frå nærstående part. Som nærstående part bør reknast part som er nærstående

etter definisjonen av nærstående i reglane i skattelova § 6-41 femte ledd.

Det er ingen offisiell norsk definisjon av kva som er skip i nærskipfart, men departementet antar at dette i hovudsak gjeld transportskip som seglar i Noreg og mellom Noreg og Europa. For eit mellombels tiltak kan ein enkel definisjon truleg vere høveleg. Ei enkel avgrensing av kva for fartøy som skal vere omfatta, kan vere alle typar transportskip for passasjerar og gods som går mellom hamner i Noreg og mellom hamner i Noreg og andre hamner i Europa. Reglane i EØS-avtalen om etableringsfridom kan innebere at reglane også må gjelde for transport mellom hamner i andre EØS-land. Dette vil verte avklara i dialog med ESA. Departementet gjer framlegg om at det nærare innhaldet i omgrepet nærskipfart vert regulert i forskrift.

Auka avskrivingsssats for nyanskaffa skip i 2020 vil gje høgare frådrag og lågare skatt for selskap i skatteposisjon for 2020. Dei fleste skattytarane tiltaket gjeld for vil vere etterskotspliktige og med det betale mindre skatt ved skatteoppgjeret hausten 2021. Høgare avskrivningar i 2020 vil redusere grunnlaget for avskrivning for dei åra som følgjer etter, og gje auka skatt for åra etter 2020. Fordelen ved tiltaket utgjer renteverknaden ved utsett skattebetaling. Med ei nominell rente på 6 pst. svarer ein mellombels auka avskrivingsssats frå 14 til 20 pst. i 2020 til ein stønad på opp mot 0,4 pst. av investeringsutgifta for eit selskap i skatteposisjon, målt på investeringstidspunktet.

Departementet anslår på usikkert grunnlag at ein mellombels auka avskrivingsssats for nyerverva skip i nærskipfart i 2020, vil auke avskrivingsfrådrag for selskap i skatteposisjon med om lag 70 mill. kroner. Det vil gje eit påløpt proveny tap i 2020 på 20 mill. kroner. Provenytapet vert bokført i 2021.

Med desse føresetnadane vil dei samla nyinvesteringane som får nytte av auka frådrag med verknad for betalbar skatt, utgjere om lag 1 000 mill. kroner. Dersom ei diskonteringsrente på 6 pst. svarer om lag til ei rente som reflekterer relevant risiko for dei påverka selskapa, vil den samla rentefordelen for selskapa utgjere om lag 4 mill. kroner.

Departementet går ut frå at framlegget vil innebere noko meirarbeid for både skattytarane og skattestyresmaktene. Departementet gjer merksam på at den samla verknaden av støttetiltak gjennom avskrivingsystemet kan gjere skattesystemet mindre oversiktleg og meir administrativt krevjande. Dei administrative kostnadane ved tiltaket vil ikkje vere spesielt høge samanlikna

med andre skatteendringar, men etter departementets vurdering vil kostnadane vere høge samanlikna med verknadene til tiltaket for støttmottakarane. Departementet har innanfor den tilgjengelege tidsramma ikkje fått greidd ut dei administrative kostnadane grundig, men meiner 1–2 mill. kroner vil vere eit rimeleg intervall for dei samla administrative kostnadane for skattytar, Skatteetaten og departementet. Viss tiltaket byr på uføresedde administrative kostnadar, til dømes klagesaker, fleire rettingar av skattemeldingar eller at prosessen overfor ESA vert meir krevjande enn pårekna, så kan ikkje departementet utelukke at dei administrative kostnadane ved tiltaket vert høgare enn den samla fordelten tiltaket vil gje til dei verksemdene tiltaket vil gjelde for. Departementet legg til grunn at det er eit klårt mishøve mellom dei administrative kostnadane ved tiltaket og fordelten selskapa får gjennom tiltaket, til dømes samanlikna med framlegget om auka avskrivingsssats for nyerverva maskinar mv.

Ein høgare avskrivingsssats for nærskipfart utgjer enn selektiv fordel i høve til EØS-avtalen. Tiltaket må difor dekkjast av ein av unntaksheimlane i EØS-avtalen for statsstøtte, for at det skal kunne verte gjennomført. Tiltaket må i tilfelle notifiserast. Departementet har innleia ein prosess for å få dette avklart.

For såkalla «bagatellmessig stønad», som kan utgjere inntil 200 000 euro delt over tre år, er slik notifisering ikkje naudsynt. Det kan oppstå spørsmål om samanlegging av stønad frå fleire hold, til dømes stønaden administrert av Kystverket med tilskot for å få ført over gods frå veg til sjø.

For reiarlag som ikkje vert råka av EØS-begrensningar, kan tiltaket svare til ein stønad på opp mot 0,4 pst. av investeringsutgifta for eit nybygd skip. Samstundes vil ei stønadsordning som er basert på prinsippa for bagatellmessig stønad, truleg krevje stor administrasjon som ikkje står i eit rimeleg høve til den fordelten reiarlaga oppnår.

Sidan framlegget vil komplisere skattesystemet og gje potensielt høge administrative kostnadar relativt til verknadene av framlegget for støttmottakarane, er regjeringas tilråding at framlegget ikkje vert gjennomført.

For å følgje opp vedtak 446 frå Stortinget gjer departementet likevel framlegg om at det vert gjeve ein forskriftsheimel slik at Finansdepartementet kan innføre ei mellombels saldogruppe for skip i nærskipfart med avskrivingsssats på 20 pst. for nyerverva skip i 2020, som er erverva frå uavhengig part frå og med tidspunktet eit slikt framlegg tek til å gjelde. Det vil gje departementet

høve til vidare naudsynte utgreiingar. På bakgrunn av desse utgreiingane vil departementet vurdere om eit slikt støttetiltak gjennom avskrivningssystemet likevel bør gjennomførast.

Departementet viser til framlegg om nytt sjette ledd i skatteloven § 14-43.



## 5 Opsjonsskatteordninga for små oppstartsselskap – oppmodingsvedtak nr. 451 (2020)

### 5.1 Innleiing og samandrag

---

I samband med handsaminga av Prop. 67 S (2019–2020), jf. Innst. 216 S (2019–2020), fatta Stortinget 31. mars 2020 følgjande oppmodingsvedtak (vedtak nr. 451):

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake med et forslag om en ny modell for opsjonsbeskatning for oppstartsselskaper, senest i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2020.»

Departementet har vurdert framlegget om å innføre ein ny modell for skattlegging av opsjonar i oppstartsselskap i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2020 og foreslår å utvide ordninga slik at fleire no kan bruke ordninga.

Opsjonsskatteordninga for små oppstartsselskap er etter dagens reglar avgrensa til personar som er tilsette etter 1. januar 2018. Departementet foreslår å fjerne denne avgrensinga slik at ordninga kan nyttast av alle tilsette i selskap som kvalifiserer. Denne endringa åleine vil om lag doble talet på tilsette som kan nytte ordninga.

Departementet foreslår òg å utvide opsjonskatteordninga slik at selskap med eit høgare tal på tilsette og større omsetning kan nytte ordninga. Talet på tilsette i selskapet er i dag avgrensa til 12 eller færre. Denne grensa vert foreslått heva til 25 eller færre. Samla driftsinntekter og balansesum kan i dag kvar for seg ikkje overstige 16 mill. kroner i inntektsåret før året for tildeling av opsjonar. Denne grensa vert foreslått heva til 25 mill. kroner.

Dei foreslåtte endringane har ikkje vesentlege administrative følgjer. På usikkert grunnlag anslår departementet at framlegget vil redusere provenyet med om lag 690 mill. kroner påløpt og 550 mill. kroner bokført i 2020 samanlikna med Saldert budsjett 2020.

Opsjonsskatteordninga er statsstøtte etter reglane om statsstøtte i EØS-avtalen. Endringa må difor godkjennast av EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) før ho kan gjennomførast.

Føresetta at ho vert godkjend, vil departementet gjennomføre endringa ved endring i forskrift 19. november 1999 nr. 1158 (forskrift til utfylling og gjennomføring mv. av skatteloven) § 5-14-12.

### 5.2 Gjeldande rett

---

Etter skatteloven § 5-14 er det eigne og gunstige reglar for kjøp av aksjar til underkurs og tildeling av opsjonar i det selskapet ein er tilsett i. I samband med statsbudsjettet for 2018 vedtok Stortinget ei ny og særskilt gunstig ordning for skattlegging av opsjonar til tilsette i små, nystarta selskap. Ordninga vart utvida i samband med statsbudsjettet for 2020.

Opsjonsskatteordninga for små oppstartsselskap utset skattlegginga av opsjonsfordelen fram til aksjane som vart kjøpte ved hjelp av opsjonen, vert selde. Når opsjonen vert innløyst i aksjar, skal opsjonsfordelen reknast ut. Opsjonsfordelen svarer til differansen mellom den avtalte aksjeprisen og marknadsverdien av aksjane med frådrag for prisen den tilsette betalte for opsjonen. Av denne opsjonsfordelen vert det gjeve utsett skattlegging av (maksimalt) 1 mill. kroner. Denne fordelingen skal ikkje skattleggjast før den tilsette sel aksjane som vart kjøpte ved hjelp av opsjonen. Eventuell overskytande del av opsjonsfordelen skal skattleggjast når opsjonen vert innløyst.

For å kunne nytte seg av ordninga må selskapet og den tilsette oppfylle ulike vilkår. Selskapet kan ikkje vere eldre enn seks år i tildelingsåret, medrekna stiftingsåret. Vidare må det ha hatt 12 eller færre tilsette, og samla driftsinntekter og balansesum kan ikkje ha overstige 16 mill. kroner i inntektsåret før tildelinga av opsjonar. Selskapet kan ikkje vere ei kol- eller stålverksemd, eller hovudsakleg drive med passiv kapitalforvaltning. Det offentlege kan ikkje eige over 24 pst. av kapitalen eller røystene. Selskapet kan ikkje ha uteståande krav på tilbakebetaling av ulovleg motteke statsstøtte eller vere i økonomiske vanskar. Dersom selskapet er ein del av eit

konsern, gjeld desse vilkåra for alle selskapa i konsernet.

Den tilsette må ha byrja i stillinga si etter 1. januar 2018, arbeide minst 25 timar i snitt per veke i selskapet og ikkje åleine eller i lag med sine nærstående eige meir enn 5 pst. av aksjane eller røystene i selskapet i tildelingsåret eller dei to åra før.

Den tilsette kan ikkje løyse inn opsjonen før tre år etter tildelingstidspunktet. Frå tildelingstidspunktet til innløyising av opsjonen kan det ikkje gå lenger enn ti år. Dersom den tilsette ikkje har selt aksjane innan det har gått fem år frå innløyisinga, eller dersom den tilsette sluttar i selskapet før aksjane vert selde, skal skattlegging gjennomførast som om aksjane vart realiserte på dette tidspunktet.

### 5.3 Vurderingar og framlegg

Føremålet med opsjonsskatteordninga for små oppstartsselskap er å gjere det enklare å rekruttere og halde på tilsette for slike selskap.

Det føreligg enno inga rapportering om kor mykje ordninga er brukt etter at ho vart innført frå 2018. I tråd med omtalen i samband med statsbudsjettet for 2020 har Skatteetaten sendt på høyring eit framlegg om ei enkel rapportering om bruk av ordninga. Dersom rapporteringsløyisinga vert innført som føreset, vil informasjon om bruk av ordninga sidan oppstarten i 2018 vere tilgjengeleg våren 2021.

Departementet vil no fjerne vilkåret om at den tilsette må ha starta i stillinga si etter 1. januar 2018 for at ordninga skal kunne nyttast. Dette inneber at ordninga er fullt fasa inn i 2020 i staden for i 2023, slik reglane er no. Talet på tilsette som kan nytte ordninga, vil med denne endringa om lag doblast. Med dette vil ordninga kunne bidra til at det vert enklare å halde på dei tilsette med mest røynsle i selskapa.

Stortinget har sett tiltaket i samband med virusutbrotet. Denne endringa i ordninga kan i tråd med dette brukast raskt. Selskapa som alle-reie nyttar ordninga, har interne rutinar for å handtere ordninga og kan raskast dra nytte av denne utvidinga.

Departementet vil òg utvide ordninga til å omfatte selskap som tidlegare ikkje har kunna nytte ordninga fordi dei har fleire tilsette og/eller høgare omsetning enn det som er tillate etter gjeldande ordning. Den øvre grensa for tilsette aukar frå 12 eller færre, til 25 eller færre i året før tildeling av opsjonar. Samstundes vert grensa for samla driftsinntekter og balansesum i selskapet

auka frå maksimalt 16 mill. kroner til maksimalt 25 mill. kroner i inntektsåret før tildelinga av opsjonar.

Departementet har anslått at i underkant av 60 000 personar er tilsette etter 1. januar 2018 i dei selskapa som oppfyller gjeldande vilkår. Når vilkåret om tilsetjingsdato vert oppheva, og vilkåra knytte til selskapa vert lempa på, ventar departementet at dei omfatta selskapa vil ha om lag 150 000 tilsette. Dette tek ikkje omsyn til vilkåra om maksimal eigardel og minste arbeidstid. Talet på tilsette som oppfyller alle vilkåra, vil difor vere lågare. Departementet anslår at opsjonsskatteordninga for små oppstartsselskap vil omfatte om lag 40 000 selskap, som utgjer 35–40 prosent av alle ikkje-finansielle aksjeselskap med minst éin tilsett. Overslaga er noko usikre.

Ordninga er meint å gjere det enklare for små oppstartsselskap å rekruttere og halde på tilsette. Å utvide ordninga til å omfatte større selskap vil vere ein fordel for dei nye selskapa som kan dra nytte av ordninga. Samstundes vil utvidinga redusere fordelene dei allereie omfatta selskapa har i konkurransen om arbeidskraft og spisskompetanse.

Opsjonsskatteordninga utgjer statsstøtte etter reglane i EØS-avtalen. Endringane krev difor notifikering og godkjenning frå ESA før dei kan iverksetjast. Departementet ser det som truleg at endringa vil verte godkjend av ESA som lovleg statsstøtte, men understrekar at godkjenning av ei ordning som i utgangspunktet fell inn under statsstøtteforbodet, er ei konkret vurdering i det enkelte tilfellet. Det er usikkert når ESA eventuelt vil godkjenne endringa, og endringa kan ikkje gjennomførast før slik godkjenning er gjeven.

Dersom ESA godkjenner endringa, vil departementet gjennomføre endringa ved endring i forskrift 19. november 1999 nr. 1158 til utfylling og gjennomføring mv. av skatteloven § 5-14-12.

Departementet ser etter dette oppmodingsvedtaket som utkvittert.

### 5.4 Administrative og økonomiske følger

Endringa har ingen vesentlege administrative følger. Endringa inneber ei utviding av ordninga og at ordninga er fullt fasa inn allereie i 2020, ikkje i 2023 slik ordninga i dag legg opp til. På usikkert grunnlag anslår departementet at endringa vil redusere provenyet med om lag 690 mill. kroner påløpt og 550 mill. kroner bokført i 2020 samanlikna med Saldert budsjett 2020.

## 6 Nye reglar for utsett betaling av skatt, avgift mv.

### 6.1 Innleiing og samandrag

I samband med virusutbrotet er det gjeve utsettjning med betaling av meirverdiavgift, forskotsskatt, arbeidsgjevaravgift og finansskatt på løn, vegbruksavgift på drivstoff, grunnavgift på mineralolje mv., avgift på smørjeolje, CO<sub>2</sub>-avgift på mineralske produkt, svovelavgift, avgift på alkohol, avgift på alkoholfrie drikkevarer og avgift på drikkevareemballasje. Skatteutsettjingane er i all hovudsak gjennomført ved at betalingsfristen er utsett for alle skatte- og avgiftspliktige. Utsettjingane er dermed rentefrie. Nær alle som driv verksemd, er omfatta av ei eller fleire av skatteutsettjingane.

Føretak med betalingsproblem som følgje av virusutbrotet og smitteverntiltaka, bør framleis få moglegheit til å utsetje betaling av skatt og avgift. Ei lempeleg utsettjningsordning kombinert med ei normal marknadsrente, vil ivareta dette omsynet. Då vil det ikkje vere lønsamt for føretak utan likviditetsvanskar å bruke betalingsutsettjningsordninga, og ho vil i større mon verte ei ordning for føretak med likviditetsvanskar. Samstundes vil renter på skatteutsettjingar gje verksemder og næringsdrivande insentiv til å finne løysingar i marknaden for å dekkje deira likviditetsbehov.

Etter dagens reglar kan ein skuldnar få utsett betaling med renter etter skattebetalingsloven §§ 15-1 og 15-2 og lov om Statens innkrevingsentral (SI-loven) § 8. Vilråa for utsett betaling er strenge. Det må gjerast ei individuell vurdering av livssituasjonen, økonomien og betalingshistorikken til den enkelte skuldnar. Vidare skal det normalt reknast vanleg forseinkingsrente frå forfall og fram til betaling. Forseinkingsrenta i dag er på 9,5 pst.

Departementet foreslår å opne for ei meir fleksibel ordning for utsett betaling for krav etter skattebetalingsloven, og for krav som det kan gjevast utsett betaling for etter SI-loven § 8. Departementet foreslår at ordninga vert gjennomført ved nye forskriftsheimlar i skattebetalingsloven ny § 15-4 og SI-loven § 8 som opnar for at departementet kan gje føresegn om utsett betaling i økonomiske krisesituasjonar. Departementet foreslår at for-

skriftsheimlane òg skal opne for at departementet kan gje føresegn om nedsettjng av renter.

Forskriftene i medhald av lovheimlane skal gjelde førebels, og føresegnene i forskriftene skal berre gjelde for situasjonen dei skal avhjelpe. I medhald av lovheimlane vil departementet fastsetje ei forskrift om utsett betaling for dei som er råka økonomisk av virusutbrotet. Departementet foreslår at forskrifta skal opne for at utsett betaling kan verte gjeve i perioden 1. juli til 31. desember 2020.

Departementet foreslår at utsett betaling skal kunne gjevast med ei lågare rente enn forseinkingsrenta. Det vil vere svært ressurskrevjande for Skatteetaten å setje ned forseinkingsrenta etter søknad. Det vil krevje at renta vert rekna ut manuelt når perioden for utsett betaling er over, og hovudstolen er nedbetalt. For å unngå manuell utrekning av renta, vil departementet for perioden 1. juli til 31. desember 2020 fastsetje ei lågare forseinkingsrente for dei fleste skatte- og avgiftskrav, og for enkelte andre offentlege krav der rente skal reknast etter SI-loven § 7. Den lågare forseinkingsrenta vil gjelde utan omsyn til om skattytar søker om utsett betaling. Ei slik lågare forseinkingsrente kan departementet fastsetje i forskrift med heimel i skattebetalingsloven § 11-7, SI-loven § 7 tredje ledd og dokumentavgiftsloven § 2.

Departementet foreslår å setje den lågare forseinkingsrenta til 6 pst. per år.

Ordninga med ei lågare forseinkingsrente vil redusere behovet for skjematisk nedsettjng av renter etter søknad. Departementet legg difor til grunn at nedsettjng av renter etter søknad som hovudregel skal behandlast etter dei vanlege reglane for nedsettjng i skattebetalingsloven §§ 15-1 og 15-2 og SI-loven § 8.

Departementet foreslår at det ikkje skal vere høve til å klage over avgjersle gjort i medhald av forskrift til skattebetalingsloven § 15-4 og SI-loven § 8.

Utsett innbetaling av skatter og avgifter aukar faren for mishald, noko som òg reduserer inntektene til staten. På den andre sida vil rente på skatteutsettjingane gje renteinntekter. Den samla verknaden på provenyet av framlegget er vanske-

leg å fastslå. Departementet legg til grunn at renteinntektene svarer til rentetap og tapte skatteinntekter som følgje av mishald. Departementet legg òg til grunn at ordninga ikkje vil ha vesentlege administrative eller økonomiske konsekvensar for Skatteetaten.

Departementet viser til framlegg om ny § 15-4 i skattebetalingsloven og endringar i SI-loven § 8.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

## 6.2 Gjeldande rett

Innkrevjingsstyresmakta kan i dag gje utsett betaling med renter av omsyn til skuldnar, jf. skattebetalingsloven § 15-1 og SI-loven § 8 første ledd bokstav a). Styresmaktene kan gje utsetjing dersom nokon på grunn av dødsfall, særlig alvorleg sjukdom eller «lignende årsaker», er mellombels ute av stand til å innfri sine skatte- og avgiftsskyldningar, og det vil vere uhøveleg tyngande å halde fram med innkrevjinga. «Lignende årsaker» kan til dømes vere langvarig arbeidsløyse eller permittering.

Utsett betaling kan vidare verte gjeve av omsyn til det offentlege som kreditor, jf. skattebetalingsloven § 15-2 og SI-loven § 8 første ledd bokstav b) når skuldnar ikkje er i stand til å innfri kravet på vanleg måte, og tilbyr betaling som kan gje betre dekking enn fortsett innkrevjing. Betalingstilbodet må vere det beste skuldnaren kan tilby, og avgjerda om å gje utsett betaling må ikkje verke støytande eller vere eigna til å svekke den allmenne betalingsmoralen. Etter føresegnene kan innkrevjingsstyresmakta gje utsett betaling for skuldnarar som har ei førebels likviditetsvanske på grunn av utbrotet av koronaviruset, dersom vilkåra for utsetjing er oppfylt.

Ved utsett betaling etter desse føresegnene skal det normalt reknast forseinkingsrente frå forfall og fram til betaling, jf. skattebetalingsloven § 11-1 og SI-loven § 7. Forseinkingsrenta skal setjast lik renta som er sett i medhald av forsinkelsesrenteloven. Denne renta er i dag på 9,5 pst. per år.

Sjølv om forseinkingsrenter normalt skal betalast, er det eit visst høve til å setje ned rentene etter skattebetalingsloven §§ 15-1 og 15-2 og SI-loven § 8. Det er likevel strenge krav for å kunne gje utsett betaling og nedsetjing av renter etter desse føresegnene, og behandlinga av søknaden krev ei grundig vurdering hos innkrevjingsstyresmaktene.

Departementet kan etter skattebetalingsloven § 11-7 andre ledd gje reglar til utfylling og gjen-

nomføring av skattebetalingsloven § 11-1, og kan derunder gje reglar om unntak frå plikta til å svare renter. Etter SI-loven § 7 tredje ledd kan departementet i forskrift gje reglar om at det for enkelte typar krav skal reknast rente etter ein lågare sats enn renta fastsett med heimel i forsinkelsesrenteloven, og etter dokumentavgiftsloven § 2 kan departementet gje forskrifter om betaling av renter av avgift som «blir erlagt for sent».

## 6.3 Vurderingar og framlegg

### 6.3.1 Renter på betalingsutsetjingar

Hittil har betalingsutsetjingar etter virusutbrotet vore rentefrie fordi betalingsfristen er utsett. Dette gjeld for forskotsskatt for sjølvstendig næringsdrivande (personlege skattyttarar), forskotsskatt for selskap (upersonlege skattyttarar), arbeidsgjevaravgift og finansskatt på løn, meirverdiavgift, vegbruksavgift på drivstoff, grunnavgift på mineralolje mv., avgift på smørjeolje, CO<sub>2</sub>-avgift på mineralske produkt, svovelavgift, avgift på alkohol, avgift på alkoholfrie drikkevarer og avgift på drikkevareemballasje.

Rente på betalingsutsetjingar vil motivere til innbetaling av forfalne krav, og er eit viktig verkemiddel i innkrevjinga. Renter på skatteutsetjingar vil òg gje verksemder og næringsdrivande insentiv til å finne løysingar i marknaden for å dekkje behovet deira for likviditet.

Utsetjinga av betalingsfristen for vegbruksavgift på drivstoff, grunnavgift på mineralolje mv., avgift på smørjeolje, CO<sub>2</sub>-avgift på mineralske produkt, svovelavgift, avgift på alkohol, avgift på alkoholfrie drikkevarer og avgift på drikkevareemballasje, følgjer opp Stortingets oppmodingsvedtak nr. 448 og 449 av 31. mars 2020, sjå Innst. 216 S (2019–2020). Utsetjingane gjeld for alle avgiftspliktige verksemder for desse avgiftene, og ikkje berre for drivstoffbransjen og bryggjerinæringa. I oppmodingsvedtak nr. 450 av 31. mars 2020 ber «Stortinget [...] regjeringen vurdere behovet for utsettelse av innbetalinger for andre særavgifter.».

Etter departementet si vurdering er det ikkje behov for rentefrie utsetjingar for dei andre særavgiftene. Ei ordning med utsetjing mot ei rente, vil vere eit betydeleg meir målretta verkemiddel i høve til dei verksemdene som har eit faktisk behov for utsetjing, og som vil finne det føremålstenleg med ei utsetjing sjølv med ei rente. Generell rentefri utsetjing av betaling av avgift vil ikkje vere målretta mot dei som treng det.

Dei resterande vareavgiftene gjeld varer som kan vere lite påverka av virusutbrotet (tobakksav-

gifta, avgift på helse- og miljøskadelige kjemikalium, avgift på hydrofluorkarboner (HFK) og perfluorkarboner (PFK), avgift på sjokolade- og sukkerverarar, sukkeravgift).

Eingongsavgift på motorkøyretøy vert betalt av den som melder køyretøyet til registrering. Det kan vere bilforhandlar eller privatpersonar. Ei rentefri utsetjing vil vere lite målretta i høve til bilforhandlarar som har eit likviditetsbehov. Departementet foreslår at bilforhandlar med kreditt i staden, og etter behov, skal kunne søkje om utsett betaling mot rente. Det same gjeld vektårsavgift på tyngre køyretøy, der det er den registrerte eigaren som er avgiftspliktig.

Det er kjøpar som er avgiftspliktig for omregistreringsavgifta. Avgifta skal betalast samstundes med omregistreringa. Det vil gje betydelege systemtekniske og administrative konsekvensar å gå frå forskotsbetaling til etterskotsbetaling, og utsetjing kjem bilforhandlar til gode berre dersom omregistrering og betaling vert gjort gjennom forhandlar.

Trafikkforsikringsavgifta, elavgifta og NOx-avgifta har allereie lengre betalingsfristar enn vareavgiftene, og departementet ser ikkje her behov for rentefri betalingsutsetjing. For NOx-avgifta er dei som har ei avtale med staten om utsleppsreduksjonar frittekne. Det er i hovudsak statlege verksemder som betaler avgift.

Departementet ser heller ikkje behov for generell rentefri utsetjing av dokumentavgifta. Kjøpar betaler ofte dokumentavgifta til meklaren til seljar. Utsett betalingsfrist kjem i slike fall ikkje kjøparen til gode, men meklaren. Statens Kartverk har ikkje heimel til å gje utsetjing med betalinga, men sender kravet over til Statens innkrevjingsssentral, som kan gje kjøpar utsett betaling.

### 6.3.2 Utsett betaling mv. etter søknad

Etter skattebetalingsloven §§ 15-1 og 15-2 og lov om Statens innkrevjingsssentral (SI-loven) § 8 er det i dag mogleg å søkje om utsett betaling av omsyn til skuldnar eller av omsyn til det offentlege som kreditor. Vilråa for å gje utsett betaling er strenge, og vilråa vil ofte ikkje vere oppfylt for mange av dei som i dag har likviditetsvanskar som følgje av virusutbrotet. Føresegnene krev òg ei individuell vurdering av den enkelte skuldnar sin livssituasjon, økonomi og betalingshistorikk. Dette er vurderingar som krev betydelege ressursar hos innkrevjingsstyresmaktene. For at dei som har likviditetsvanskar som følgje av virusutbrotet, lettare skal få ei førebels betalingsutset-

tjing, samstundes som behandlinga av søknadene ikkje skal krevje for mykje ressursar hos innkrevjingsstyresmaktene, foreslår departementet meir fleksible føresegner om utsett betaling. Føresegnene skal opne for ei meir skjematisk vurdering av søknader om utsett betaling for skatt og avgift og enkelte andre offentlege krav, slik at fleire skuldnarar raskt kan få utsett betaling.

Det skal normalt reknast vanleg forseinkingsrente frå forfall og fram til betaling. Departementet foreslår at betalingsutsetjingar skal kombinert med ei lågare forseinkingsrente i perioden betaling er utsett. Departementet foreslår å setje den lågare forseinkingsrentesatsen til 6 pst. per år. Med ei årleg rente på 6 pst. vil ordninga i all hovudsak vere økonomisk interessant for skattytarar med likviditetsvanskar, og som har få andre finansieringsalternativ. Dei som har andre finansieringsalternativ, bør velje desse, og forseinkingsrenta bør difor ikkje setjas lågare enn normal marknadsrente.

Departementet foreslår å gjennomføre ordninga ved at det vert gjeve forskriftsheimel for utsett betaling og nedsetjing av renter i økonomiske krisesituasjonar i skattebetalingsloven ny § 15-4 og i SI-loven § 8. Departementet foreslår at forskriftsheimlane skal gjelde generelt slik at dei gjeld alle skatte- og avgiftskrav som er omfatta av skattebetalingsloven, og krav som krevjast inn etter SI-loven, og som kan lempast ved utsett betaling og nedsetjing av krav etter SI-loven § 8. Krav som innkrevjast etter SI-loven, og som ikkje kan lempast etter SI-loven § 8, vil ikkje vera omfatta av ordninga. For krav som vert kravd inn etter SI-loven, vil ordninga såleis berre kunne gjerast gjeldande der SI sin oppdragsgjevar har godteke lemping som eit verkemiddel i innkrevjinga.

Departementet foreslår at forskriftsheimlane skal vere generelle slik at departementet òg kan gje forskrift i eventuelle seinare økonomiske krisesituasjonar. Forskriftene som departementet kan gje i medhald av forskriftsheimlane, må derimot berre gjelde for den aktuelle økonomiske krisesituasjonen. Forskrifta som departementet no legg opp til å fastsetje, skal gjelde for personar og verksemder som har fått betalingsvanskar som følgje av virusutbrotet.

Departementet legg opp til at det i forskrifta vert stilt enkle objektive vilkår for utsett betaling.

For personlege skuldnarar vil det verte stilt vilkår om ein betydeleg reduksjon i inntekt hos skuldnar, eller ektemake/samboar, etter 29. februar 2020. Dette kan fange opp permittering og arbeidsløyse, og situasjonar kor søkjer får redusert dagsverk eller løn etter redusert aktivitet hos

arbeidsgjevar. Kva som skal reknast som betydeleg reduksjon av inntekt, må vurderast nærare og vil følgje av retningsliner.

For næringsdrivande og selskap vil det verte stilt vilkår om at verksemda ikkje har restansar med opphavleg forfall før 29. februar 2020. Eit vilkår om at dei ikkje kan ha eldre restansar vil styrkje forventinga om årsakssamanheng mellom virusutbrotet og betalingsvanskane, og vil òg bidra til at utsetjing i større mon råkar verksemdar som var levedyktige før virusutbrotet. Eit unntak må gjerast for endringa i skattelova om at underskot i 2020 kan førast attende mot overskot i 2018 og 2019. For at det skal verte samanheng mellom tiltaka, kan forskotsskatt og restskatt for upersonlege skattytarar for 2018 og 2019 ikkje hindra utsett betaling. For næringsdrivande og selskap vil det òg verte stilt vilkår om at dei har levert pliktige oppgåver og at dei leverast undervegs, slik at utsetjinga ikkje reduserer etterlevinga på rapportering. Det vil vidare verte stilt vilkår om at forskotstrekk må verte betalt ved forfall. Ei innvilga betalingsutsetjing vil med det falle bort om forskotstrekket ikkje verte betalt ved forfall.

Enkeltpersonføretak vil som utgangspunkt følgje vilkåra for personlege skuldningar, men for aktive føretak kan det vere naturleg at krav i samband med verksemda, slik som meirverdiavgift og særavgifter, verte vurdert etter vilkåra for selskap. Nærare avgrensingar for enkeltpersonføretaka kan verte fastsett i retningsliner.

Ordninga bør i minst mogleg mon krevje skjønsmessige vurderingar då mange kan ha behov for å søkje om utsett betaling. Det vil vere svært ressurskrevjande for innkrevjingsstyresmaktene å gjere skjønsmessige vurderingar i alle desse sakene. For å ha høve til å avslå søknader i saker der vilkåra ikkje er tilstrekkelege til å sortere bort illojale aktørar, foreslår departementet likevel at føresegna om utsett betaling verte utforma som ein kan-regel.

Departementet legg til grunn at ordninga vil gjelde for dei fleste skatte- og avgiftskrav, men enkelte skatte- og avgiftskrav står i ei særstilling. Dette gjeld mellom anna krav på forskotstrekk. Dette er pengar som arbeidsgjevar ikkje kan disponere over, og det er straffbart å ikkje gjennomføre og betale forskotstrekket. Ordninga bør heller ikkje gjelde for erstatningskrav og andre krav som skuldaren kan klandrast for. Vidare bør ordninga ikkje gjelde omregistreringsavgift og eingongsavgift for ikkje registrerte verksemdar/private. Desse avgiftene skal betalast samstundes med at køyretøyet verte registrert eller omregistrert. Det vil vere betydelege systemtekniske

og administrative konsekvensar ved å gå frå forskotsbetaling til etterskotsbetaling for desse avgiftene. Ordninga vil heller ikkje gjelde for toll og avgifter som skal betalast samstundes med innførselen av varen. Det vil i arbeidet med forskrift og retningsliner verte vurdert nærare om det òg bør gjelde unntak for andre skatte- og avgiftskrav.

Departementet legg vidare til grunn at ordninga som utgangspunkt skal gjelde for krav som innkrevjingsstyringsmaktene kan gje betalingsutsetting og nedsetting for etter SI-loven § 8. I arbeidet med forskrifter og retningsliner kan det vurderast om det er krav som er omfatta av SI-loven § 8, som ordninga likevel ikkje skal gjelde for.

Forskriftsheimlane opnar for at det i forskrift kan gjevast føresegn om utsett betaling med ei lågare rente enn forseinkingsrenta. Med dagens system må ei lågare rente bereknast manuelt når perioden for betalingsutsetjing er over. I ei søknadsbasert ordning må ein difor basere seg på at vanleg forseinkingsrente reknast ut under utsetjinga, men at det vert teke inn ein føresetnad om at deler av rentene skal ettergjevast dersom hovudstolen er betalt ved utlaupet av betalingsperioden. Ei slik ordning vil krevje manuell sakshandsaming etter at betalingsutsetjingsperioden er over og kravet er betalt, for å korrigere rentekrava i Skatteetatens system. Dette vil vere svært ressurskrevjande for Skatteetaten. For å redusere behovet for manuell renteberekening foreslår departementet at ordninga verte supplert med ei ordning med automatisk nedsetjing av forseinkingsrenta for enkelte kravstyper i perioden 1. juli til 31. desember. Sjå nærare om dette nedanfor under punkt 6.3.3.

Departementet legg til grunn at manuell nedsetjing etter søknad som hovudregel skal vurderast etter dei vanlege heimlane for nedsetjing av krav i skattebetalingsloven §§ 15-1 og 15-2 og SI-loven § 8. Manuell nedsetjing av renter etter den nye ordninga kan etter søknad likevel vere aktuelt for enkelte krav. Nærare reglar om dette kan eventuelt verte fastsett i forskrift.

Departementet foreslår at ordninga berre skal gjelde fram til 31. desember 2020. Det kan på eit seinare tidspunkt eventuelt vurderast å forlengje ordninga med utsett betaling mv. om virusutbrotet skulle tilseie dette.

Innkrevjingsstyresmaktene vil ikkje ha kapasitet til å kontrollere om vilkåra er oppfylt for alle søknader, og dei må difor i stor mon basere seg på ei erklæring frå søker om at vilkåra er oppfylt.

Departementet foreslår at avgjersle om utsett betaling etter skattebetalingsloven skal kunne

treffast av skattekontoret. Departementet foreslår ei forenkla behandling av sakene, slik at søknad kan sendast direkte til skattekontoret. Avgjerder vil dermed verte fastsette utan innstilling frå skatteoppkrevjar. Departementet foreslår at avgjersle om utsett betaling etter SI-loven § 8 skal treffast av Statens innkrevjingsentral.

Departementet foreslår at det ikkje skal vere høve til å klage over avgjersle om betalingsutsetjing gjeve av innkrevjingsstyresmaktene. Foresegnene om utsett betaling vært gjeve ut i frå behovet for ein heimel som opnar for ein meir skjematisk behandling av søknader om betalingsutsetjing. Dei nye foresegnene om utsett betaling vil liggje nært opp til skattebetalingsloven § 15-2 og SI-loven § 8 første ledd bokstav b, kor det er dei økonomiske forholda som skal vurderast. Det er ikkje klagerett på avgjersle etter desse foresegnene, og dette taler for at det heller ikkje er naudsynt med klagerett for avgjersle om utsett betaling som ein no legg opp til at innkrevjingsstyresmaktene skal kunne gje etter forskrift i medhald av skattebetalingsloven ny § 15-4 og SI-loven § 8.

Departementet viser til framlegg om ny § 15-4 i skattebetalingsloven og endring i SI-loven § 8.

### 6.3.3 Redusert forseinkingsrentesats utan omsyn til søknad

For å redusere behovet for søknader om nedsetjing av forseinkingsrenta, jf. punkt 6.3.2, foreslår departementet å setje ned forseinkingsrenta i perioden 1. juli til 31. desember 2020 for fleire kravstypar. Ordninga vil omfatte eldre restansar og nyare forfalle krav for dei kravstypane som ordninga skal gjelde for, og den vil gjelde utan omsyn til om skuldnar har fått utsett betaling eller ikkje. Ei ulempe med ordninga, samanlikna med ei ordning med lågare forseinkingsrente etter søknad, er at det ikkje er mogleg å avgrense ordninga til berre å gjelde for dei som har betalingsvanskar etter virusutbrotet. På den andre sida vil ordninga gjelde for dei som er råka økonomisk av virusutbrotet, og som har strekt seg langt for å betale, om enn litt forseinka, men som ikkje har søkt om utsett betaling. Ein annan fordel med ordninga er at ein lågare forseinkingsrentesats for kravstypane kan leggjas inn automatisk i Skatteetatens system. Ei ordning med ei lågare forseinkingsrente for alle dei kravstypar som ordninga skal gjelde for, vil difor vere langt mindre ressurskrevjande for etaten å handsame, enn ei ordning med lågare forseinkingsrente etter søknad.

Departementet foreslår at ordninga med ei lågare forseinkingsrente skal gjelde for skatte- og avgiftskrav som kan krevjast inn etter skattebetalingsloven, med unntak frå forskotstrekk og erstatningskrav, der det vil reknast vanleg forseinkingsrente. Omregistreringsavgift og eingongsavgift for ikkje registrerte verksemdar/private skal betalast samstundes med at køyretøyet vert registrert eller omregistrert, og departementet legg til grunn at det for desse krava ikkje vil oppstå restansar, og heller ikkje forseinkingsrenter. Nærare reglar om kva for skatte- og avgiftskrav ordninga skal gjelde for, vil verte fastsett i forskrift.

Reglane om renter ved forseinka betaling i SI-loven § 7 gjeld berre når det ikkje i lov eller forskrift er fastsett at det skal reknast rente, gebyr eller tilsvarende ved forseinka betaling. For fleire av krava som kan krevjast inn etter SI-loven, gjeld det særlege reglar for betaling og renter ved forseinka betaling. Departementet foreslår at ordninga med automatisk nedsetjing av forseinkingsrentesatsen skal gjelde for krav der rente vert berekna etter SI-loven § 7. For dokumentavgift er det gjeve egne reglar om forseinkingsrente i forskrift 16. desember 1975 nr. 1 om dokumentavgift § 1-2. Departementet vil òg setje ned forseinkingsrentesatsen for dokumentavgifta.

Ein lågare forseinkingsrentesats for skatte- og avgiftskrav og andre offentlege krav, kan fastsetjast av departementet i forskrift med heimel i skattebetalingsloven § 11-7 andre ledd, SI-loven § 7 tredje ledd og dokumentavgiftsloven § 2 bokstav e.

## 6.4 Administrative og økonomiske følgjer

Etter utbrotet av koronaviruset har fleire skuldnarar teke kontakt med innkrevjingsstyresmaktene for å få utsett betaling. Handsaminga av søknad om betalingsutsetjing er ressurskrevjande etter dagens heimlar for utsett betaling. Med dei nye heimlane kan innkrevjingsstyresmaktene gje betalingsutsetjing meir skjematisk etter enkle objektive vilkår, og styresmaktene kan behandle fleire søknader om utsett betaling utan vesentleg auke i ressursbruken.

Ein redusert forseinkingsrentesats i perioden 1. juli til 31. desember 2020 kan leggjast inn i systema hos innkrevjingsstyresmaktene, og utrekning av renter vil skje automatisk. Ein lågare forseinkingsrentesats vil krevje enkelte mindre systemendringar slik at enkelte typar krav kan verte unnateke frå ordninga, men i det store og

heile vil ordninga ikkje ha vesentlege administrative eller systemmessige konsekvensar for Skatteetaten.

Ordninga med ein lågare forseinkingsrentesats vil redusere behovet for manuell nedsetjing av renter etter søknad. Ein legg difor til grunn at det med denne ordninga ikkje er behov for ei skjematisk nedsetjing av renter, og at eventuell nedsetjing av renter etter søknad framleis, som den klare hovudregel, skal behandlast etter dei vanlege reglane for nedsetjing i skattebetalingsloven §§ 15-1 og 15-2 og SI-loven § 8.

Det er rimeleg å leggje til grunn at fleire skattytarar vil utsetje betaling av skatt med den foreslåtte ordninga samanlikna med gjeldande rett der vilkåra for utsetjing er strenge. Utsett innbetaling

av skatter og avgifter aukar faren for misleghald, noko som òg reduserer statens inntekter. På den andre sida vil rente på skatteutsetjingane gje renteinntekter. Den samla verknaden på provenyet av framlegget er vanskeleg å fastslå. Departementet legg til grunn at dei auka renteinntektene motsvarast av statens rentetap og tapte skatteinntekter som følgje av mishald, slik at tiltaket samla ikkje påverkar provenyet.

## 6.5 Iverksetjing

---

Departementet foreslår at ny § 15-4 i skattebetalingsloven og endringa i SI-loven § 8 tek til å gjelde straks.



## 7 Utsett frist for forelding av krav om meirverdiavgiftskompensasjon

### 7.1 Innleiing

Etter merverdiavgiftskompensasjonsloven § 3, jf. § 2 får kommunar, fylkeskommunar og einskilde private og ideelle verksemdar kompensert meirverdiavgift på kjøp av varer og tenester, med nokre unntak. Søknad om kompensasjon for betalt meirverdiavgift i januar og februar hadde leveringsfrist 14. april. For kommunar og fylkeskommunar gjeld ein særleg kort frist for forelding av krav om meirverdiavgiftskompensasjon; kravet som gjeld januar og februar, vert forelda allereie 10. juni. Viss kravet fell bort fordi fristen ikkje vert overhalden, kan det få store konsekvensar for økonomien i einskilde kommunar.

Tiltaka som er sett i verk som følge av virusutbrotet, påverkar arbeidet til fylkeskommunane og kommunane. Regjeringa ønskjer å avhjelpe arbeidspresset i kommunane og fylkeskommunane, og gjer framlegg om at departementet får høve til å gje reglar i forskrift om avvikande tidspunkt for forelding av krav om meirverdiavgiftskompensasjon i nokre situasjonar.

Framlegget vil ikkje ha administrative følgjer eller verknader for provenyet. Departementet viser til framlegg om endring av merverdiavgiftskompensasjonsloven § 10. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### 7.2 Bakgrunn og gjeldande rett

Føremålet med kompensasjonsordninga er å nøytralisere vridingar i retning av eigenproduksjon som kan oppstå som følge av meirverdiavgift på innkjøpte varer og tenester. Ordninga vert finansiert gjennom reduksjon i overføringane til kommunane.

Den som krev å få kompensert meirverdiavgift, skal levere skattemelding etter skatteforvaltningsloven § 8-7. Grunnlaget for meirverdikompensasjon skal kontrollerast og attesterast av revisor. Det følgjer av skatteforvaltningsforskriften § 8-7-1 at skattemelding for kompensasjon av

meirverdiavgift skal leverast periodevis. Kvar skattleggingsperiode omfattar to kalendermånader, den første gjeld månadene januar og februar. Frist for å levere skattemelding om meirverdiavgiftskompensasjon er éin månad og ti dagar etter utlaupet av kvar skattleggingsperiode, med unntak for tredje periode, som har frist 31. august, jf. skatteforvaltningsforskriften § 8-7-2. Fell fristen på ein laurdag, sundag eller høgtidsdag, vert han endra til nærmaste verkedag.

For kommunar og fylkeskommunar vert krav om meirverdiavgiftskompensasjon forelda samstundes med at fristen for å levere skattemelding for neste skattleggingsperiode går ut, jf. merverdiavgiftskompensasjonsloven § 10 andre ledd. Krav om meirverdiavgiftskompensasjon for januar og februar vert såleis forelda 10. juni. Etter denne datoen vil krav om kompensasjon for første periode for kommunar og fylkeskommunar falle bort. For andre verksemdar som har rett til meirverdiavgiftskompensasjon, vert kravet først forelda samstundes med at fristen for å levere skattemelding for sjette periode påfølgjande år går ut.

Skattemelding om meirverdiavgiftskompensasjon vert levert elektronisk gjennom Altinn. Når fristen for å levere skattemelding for ein periode har gått ut, er meldinga ikkje lenger tilgjengeleg i systemet. Det er difor ikkje mogleg å levere skattemeldinga for ein periode for seint. Krav om meirverdiavgiftskompensasjon som ikkje vert tatt med i skattemeldinga for den perioden beløpet er bokført, kan likevel inkluderast i skattemeldinga for neste periode. Sjølv om det til dømes ikkje er levert skattemelding for første periode (januar og februar), kan kravet såleis takast med i meldinga for andre periode (mars og april).

Kompensasjonskrav som fylkeskommunen eller kommunen ikkje rakk å sende inn innan leveringsfristen 14. april, kan såleis takast med i kravet for neste periode, som har leveringsfrist 10. juni. Etter gjeldande reglar vil kravet for første periode, det vil seie for januar og februar, òg verte forelda på dette tidspunktet.

### **7.3 Vurderingar og framlegg**

---

Mange fylkeskommunar og kommunar har mindre kapasitet enn vanleg som følgje av virusutbrotet. Det kan difor verte vanskeleg for kommunane og fylkeskommunane å levere skattemeldinga om meirverdiavgiftskompensasjon for første periode innan fristen for forelding den 10. juni. For å hindre at krav om meirverdiavgiftskompensasjon fell bort som følgje av at kommunane og fylkeskommunane har mindre kapasitet enn vanleg, gjer regjeringa framlegg om eit nytt femte ledd i meirverdiavgiftskompensasjonsloven § 10 som gjev departementet høve til å gje reglar i forskrift om avvikande tidspunkt for forelding av kompensasjonskrav i einskilde situasjonar. Med heimel i den nye føresegna vil departementet fastsetje forskrift om utsett frist for forelding av krav om meirver-

diavgiftskompensasjon for første periode 2020, slik at ny frist fell saman med fristen for å levere skattemelding om meirverdiavgiftskompensasjon for tredje periode, 31. august.

### **7.4 Administrative og økonomiske følgjer**

---

Utsetting av fristen for forelding av kompensasjon av meirverdiavgift vil ikkje ha administrative følgjer eller verknader for provenyet.

### **7.5 Iverksetjing**

---

Departementet gjer framlegg om at endringane tek til å gjelde straks.

## 8 Reduserte utgifter og kompensasjonar som følgje av reduksjon i den låge satsen i meirverdiavgifta

Den låge meirverdiavgiftssatsen er mellombels sett ned frå 12 til 6 pst., jf. Innst. 216 S (2019–2020). Satsreduksjonen gjeld i tidsrommet frå og med 1. april til og med 31. oktober 2020. Frå og med 1. november 2020 vil den låge satsen igjen vere 12 pst. Den låge satsen i meirverdiavgifta gjeld for enkelte tenester som persontransport, overnatting, allmennkringkasting samt tilgjenge til kino, museum, underholdningsstader og store idrettsarrangement.

Tidlegare har satsendringar i den låge meirverdiavgiftssatsen ført til justeringar på utgiftssida av budsjettet. Det gjeld både regelstyrte ordningar som nøytraliserer verknader av meirverdiavgifta, og ordningar om kjøp av persontransporttenester. Ved satsreduksjonen no vart det ikkje gjort justeringar på utgiftssida, men Finansdepartementet varsla å kome tilbake med framlegg om justeringar av relevante poster på utgiftssida i samanheng med Revidert nasjonalbudsjett 2020, jf. Prop. 58 LS (2019–2020) og Prop. 67 S (2019–2020).

Regjeringa foreslår å redusere løyvinga til NRK. Løyvinga til NRK som er vedteke i saldert budsjett, reflekterer ei meirverdiavgift på 12 pst. Når avgiftssatsen no er mellombels redusert til 6 pst., bør løyvinga òg reduserast. Regjeringa fore-

slår at kap. 335 post 79 vert redusert med 200,4 mill. kroner, jf. nærare omtale i Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i Statsbudsjettet 2020*. Satsreduksjonen medfører òg redusert kompensasjon gjennom regelstyrte ordningar som nøytraliserer verknader av meirverdiavgifta, slik som ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon for kommunesektoren og nøytral meirverdiavgift for statsforvaltninga. Regjeringa foreslår difor òg å justere ned overslagsløyvingane for desse ordningane med samla 90 mill. kroner. Det gjeld mellom anna kap. 1632 post 61, jf. omtale i Prop. 117 S (2019–2020).

Regjeringa foreslår ikkje å redusere løyvingane til kjøp av persontransporttenester. Transportelskapa opplever ein nedgang i reisande passasjerar på mellom 70 og 90 pst. Løyvingane er auka på alle desse områda for å halde oppe minimumstransport under virusutbrotet. Det vil dermed ikkje vere føremålstenleg å redusere desse løyvingane no.

Samla foreslår regjeringa å redusere postar på utgiftssida med 290 mill. kroner. Overslaget på det samla netto provenytapet for staten som følgje av redusert meirverdiavgiftssats, vert dermed 1 490 mill. kroner påløpt og bokført i 2020.

## 9 Høve til eigenending av skattefastsetting i reiarlagskatteordninga

### 9.1 Innleiing og samandrag

Selskap som oppfyller visse vilkår, kan velje å verte skattlagde etter særreglane i kapittel 8 i skatteloven om skattlegging av reiarlag. Ordninga inneber at inntektene frå skipsfart er skattefrie. Kostnadar og tap knytt til skipsfart gjev ikkje rett til frådrag.

Etter ligningsloven av 1980, som no er oppheva, måtte selskapa krevje skattlegging etter reglane i reiarlagskatteordninga når dei leverte sjølvmeldinga (skattemeldinga). Det same gjeld etter skatteforvaltningsloven av 2016. Den erstatta mellom anna ligningsloven, med verknad frå og med 2017.

Ved overgangen frå ligningsloven til skatteforvaltningsloven vart fastsetjingsmåten for formues- og inntektsskatt endra, og dei skattepliktige fekk høve til å endre feil i tidlegare leverte skattemeldingar tre år tilbake i tid, noko ligningsloven ikkje opna for.

Eigenending kan gje selskapa moglegheit til å tilpasse seg dersom dei kan velje på ny om selskapet skal skatte etter vanlege selskapsskatte- reglar eller etter reglane for reiarlagskatte- ordninga. Selskapa kan rekne på den skattemes- sige verknaden av dei to alternative skatteregima fleire år tilbake i tid, og dermed endre dei tid- legare vala mellom vanleg skattlegging og sær- skilt skattlegging for reiarlag.

Departementet legg til grunn at høvet til eigenending som vart innført med skatte- forvaltningsloven, ikkje var meint å omfatte ei endring av skatteregime for reiarlag. I eit fram- legg som vart sendt på høyring 25. februar 2020 foreslo departementet ei endring i skatteforvalt- ningsloven for å klargjere rekkjevidda av høvet til eigenending. Framlegget inneber at selska- pet, som hovudregel med bindande verknad, vel skatteregime når det leverer sjølvmeldinga året etter inntektsåret. Framlegget verkar ikkje inn på høvet til å endre feil i skattegrunnlaget innan- for valt skatteordning.

I høyringsrunden har to høyringsinstansar svart. Dei er einige i framlegget, men ein instans var ueinig i iverksetjingstidspunktet.

Departementet viser til framlegg om nytt femte punktum i skatteforvaltningsloven § 9-4 før- ste ledd. Departementet gjer framlegg om at endringa tek til å gjelde straks.

### 9.2 Bakgrunn og gjeldande rett

Aksjeselskap og allmennaksjeselskap som driv verksemd i form av drift og utleige av visse typar fartøy kan velje å verte skattlagde etter reglane om den særskilte skatteordninga for reiarlag i skatte- loven §§ 8-10 til 8-20. Etter ordninga skal skipsfart- sinntekter ikkje skattleggjast, jf. skatteloven § 8-15 første ledd. Netto finansinntekter i selskapa skal skattleggjast, jf. skatteloven § 8-15 andre til fjerde ledd. Selskapa skal i tillegg svare ein særskilt ton- nasjeskatt etter satsar som Stortinget fastset i det årlege skattevedtaket, jf. skatteloven § 8-16.

Ordninga krev at selskapet *må* eige visse eige- delar (fartøy eller partar i visse selskap som eig fartøy) og *kan* eige andre eidedelar (finansaktiva og driftsmiddel med tilknytning til skipsfarten). Selskapet kan ikkje drive anna verksemd enn drift av eigne eller leigde fartøy og verksemd som er nært knytta til drifta.

Grunnlaget for skatteutrekninga vert i utgangspunktet fastsett etter hovudregelen om eigenfastsetjing i skatteforvaltningsloven § 9-1. Selskap som ønskjer å gå inn i reiarlagskatteord- ninga, og selskap som allereie er innanfor ord- ninga, og vil helde fram med det, krev skattleg- ging etter særreglane ved å krysse av for fastse- tjing etter dei særskilte reiarlagskattereglane i skattemeldinga side 1 (RF-1028). Dei må òg fylle ut eit særskilt skjema for reiarlagskattlegging (RF- 1197). Aksjeselskap må sende inn skattemelding innan utgangen av mai i året etter skattleggings- perioden, jf. skatteforvaltningsforskrifta § 8-2-3 første ledd bokstav a.

Selskap som er omfatta av reiarlagskatteordninga, kan velje å gå ut av ordninga. Dette gjer dei ved å krevje skattlegging etter dei vanlege reglane, jf. skatteloven § 8-17 første ledd bokstav a. I praksis fastset selskapet si eiga inntekt i skattemeldinga i tråd med dei vanlege reglane for selskapsskatt, jf. skatteforvaltningsloven § 9-1. I tillegg vil skattestyresmaktene leggje til grunn at selskapet har gått ut av ordninga om selskapet bryt vilkåra i skatteloven §§ 8-11 til 8-13. Viss selskapet rettar brotet innan to månader etter at det oppstod, må selskapet likevel ikkje gå ut av ordninga, jf. skatteloven § 8-17 tredje ledd.

Etter skatteforvaltningsloven § 9-4 kan selskapa endre opplysningar i tidlegare leverte skattemeldingar i inntil tre år etter leveringsfristen, ved å levere ei endringsmelding.

Nokre skattepliktige kan ikkje sjølv endre tidlegare skattegrunnlag med verknad for skatten, jf. skatteforvaltningsloven § 9-4 første ledd. Det gjeld til dømes skattepliktige etter petroleumsskatte- loven § 5. Dei må anten be skattestyresmaktene om endring etter skatteforvaltningsloven § 12-1 eller klage på fastsetjinga etter skatteforvaltningsloven kapittel 13.

Skatteforvaltningsloven § 9-4 unntek ikkje skattepliktige som vert skattlagde etter reiarlagskatte- reglane i skatteloven §§ 8-10 til 8-20. Departementet er kjent med tilfelle der selskap har gått inn i eller ut av ordninga ved å endre skattemeldinga sjølv. Departementet meiner at høvet til eigenendring ikkje var meint å omfatte slike endringar.

### 9.3 Høyringa

Den 25. februar 2020 sendte departementet på høyring eit framlegg om å klårgjere i skatteforvaltningsloven at høvet til eigenendring ikkje gjeld for valet om å gå inn i eller ut av reiarlagskatteordninga. Selskapa må difor velje om dei vil verte skatta etter vanlege selskapsskatte- reglar eller reiarlagskatte- reglane når dei leverer skattemeldinga si. Departementet gjorde framlegg om at endringa skulle få verknad frå og med datoen for høyringa, det vil seie 25. februar 2020.

Høyringsfristen vart sett til 7. april 2020. To høyringsinstansar har hatt realitetsmerknader.

*Kystrederiene* var positive til at departementet ikkje foreslår å oppheve det generelle høvet til å endre feil i skattemeldinga innanfor den valte skattleggingsordninga, og støttar at ein klårgjer kor langt det er høve til eigenendring i skatteforvaltningsloven.

*Norges Rederiforbund* var òg samd i framlegget, men bad om at framlegget skulle ta til å gjelde frå eit anna tidspunkt. Den 31. mars offentliggjorde departementet at regjeringa har konkludert med at framlegget bør få verknad først frå det tidspunktet endringa eventuelt er vedteken og sanksjonert.

### 9.4 Vurderingar og framlegg

Med skatteforvaltningsloven fekk alle skattepliktige høve til å endre skattegrunnlaget i skattemeldinga med verknad for utrekna skatt tre år tilbake i tid. Lovforarbeida til skatteforvaltningsloven viser at høvet til å eigenendre vart innført av praktiske omsyn, slik at dei skattepliktige lett kan rette feil, jf. Prop. 38 L (2015–2016) punkt 15.2.5.5:

«Fra tid til annen vil de skattepliktige selv oppdage feil i egenfastsettingen. Dette kan for eksempel skyldes at enkelte fradragsposter ikke er utfylt, eller at enkelte inntektsposter ble feil da utfyllingen av skattemeldingen fant sted. Hensynet til korrekte skatteoppgjør og skattepliktiges rettssikkerhet tilsier at skattepliktige gis anledning til å rette opp slike feil.

[...]

Av praktiske hensyn, og fordi det ikke bør brukes mye ressurser på mindre feil som enkelt lar seg rette opp, foreslår departementet at den skattepliktige i stedet gis adgang til i et begrenset tidsrom å foreta korreksjoner selv.»

Skattepliktige som kan velje mellom reiarlagskattordninga og dei vanlege skattereglane gjer eit eksplisitt val ved levering av skattemeldinga. Departementet legg til grunn at eit val om endring av skattleggingsregime ikkje er å rekne for ein feil i den opphavelege meldinga.

Det er òg eit moment at skatteloven regulerer særskilt spørsmålet om å gå ut av ordninga i § 8-17. Desse særreglane går framfor dei generelle reglane i skatteforvaltningsloven § 9-4. Departementet meiner dette synar at høvet til eigenendring ikkje er meint å omfatte tilfelle der selskap ønskjer å gå inn i eller ut av reiarlagskatteordninga.

Ein slik utvida rett til endring ville gjere det mogleg for selskapa å tilpasse skattlegginga si til korleis marknaden og økonomien i selskapet har utvikla seg dei siste tre åra. Ein utvida rett til eigenendring kan òg opne for skatteplanlegging når selskapet realiserer egedelar med latente gevinstar eller tap. I høyringsnotatet vart dette vist med to døme:

«Tilpasning ved inntreden:

Selskap A (ordinært beskattet) eier et fartøy som per 1.1.2018 har en markedsverdi på kr 90 mill. og skattemessig saldoverdi på kr 80 mill. Resultatene for A i både 2018 og 2019 er null. I januar 2020 selges fartøyet for kr 180 mill. I mai 2021 sender A inn skattemelding for 2020 med krav om rederiskattlegging. I tillegg sendes det inn nye oppgaver for 2018 og 2019, hvor A krever endring fra ordinær skattlegging til rederiskattlegging, jf. reglene om egenretting i sktflv. § 9-4.

Dersom de nye oppgavene legges til grunn, får A en skattepliktig gevinst ved inntreden i 2018 på kr 10 mill. (90 mill.-80 mill.), samtidig som gevinsten på kr 100 mill. ved salg av fartøyet i 2020 er skattefri som inntekt innenfor ordningen. Hvis reglene om egenendring ikke kommer til anvendelse, vil A ikke kunne tre inn i rederiskattleggingsordningen før inntektsåret 2020, og gevinsten ved inntreden i 2020 vil utgjøre kr 100 mill. (180 mill.-80 mill.). Reglene om egenendring vil med andre ord bidra til en uheldig tilpasningsmulighet ved at de nye oppgavene for 2018 er foranlediget av hendelser (realisasjon av fartøy) som skjer i 2020.

Tilpasning ved uttreden:

Selskap B (rederibeskattet) har underskudd i både 2018 og 2019 på kr 50 mill. hvert år. Verdien av Bs fartøy er redusert fra kr 180 mill. i januar 2018 til kr 50 mill. i januar 2020, hvor det blir solgt. I mai 2021 sender B inn skattemelding for 2020 med krav om ordinær skattlegging. I tillegg sendes det inn nye oppgaver for 2018 og 2019 hvor inntekten kreves fastsatt etter ordinære skatteregler, dvs. med krav om uttreden fra rederiordningen per 1. januar 2018. Dersom de nye oppgavene legges til grunn, får B fastsatt et underskudd for 2018 og 2019 på kr 100 mill. som kan fremføres mot senere inntekt. I tillegg kommer effekten av høyere avskrivninger på fartøyet, jf. at saldoverdien økes til kr 180 mill. ved uttreden i 2018, mot kr 50 mill. dersom uttreden først skjer per 1.1.2020.»

For å gjøre gjeldande rett på dette området meir tydeleg foreslår departementet å klargjere i skatteforvaltningsloven at høvet til eigenendring ikkje omfattar endring av skatteordning for reiarlag.

Dei skattepliktige som ønskjer skattlegging etter reglane i reiarlagskatteordninga, skal framleis krevje dette ved å fastsetje skattegrunnlaget i skattemeldinga i tråd med særreglane og levere

dei naudsynte skjemaer innan utgangen av mai i året etter inntektsåret, jf. skatteforvaltningsforskrifta § 8-2-3 første ledd bokstav a. Tilsvarande må selskap som ønskjer å gå ut av reiarlagskatteordninga, levere ei ordinær selskapsskattemelding.

Framlegget inneber ikkje at den generelle retten til å endre skattefastsetjinga innanfor reiarlagskatteordninga vert oppheva. Dei skattepliktige kan difor framleis rette feil innanfor den valte skattleggingsordninga (særskilt reiarlagskatt eller ordinær selskapsskatt). Dette er i tråd med det som var meininga til lovgjevar.

I særskilte høve bør selskap likevel kunne gjere om eit tidlegare val om skatteregime. Departementet legg til grunn at skattepliktig kan be skattestyresmaktene om å endre skattefastsetjinga etter skatteforvaltningsloven § 12-1, og at særskilt regulering av dette ikkje trengst. Endring i slike høve samsvarer med praksis som vart følgd og før skatteforvaltningsloven tok til å gjelde i 2017.

Departementet viser til framlegg om nytt femte punktum i skatteforvaltningsloven § 9-4 første ledd. Departementet gjer framlegg om at endringa tek til å gjelde straks.

## 9.5 Administrative og økonomiske følger

Framlegget kan bidra til forenkling fordi det er med å gjere rettstilstanden klarare. Skatteetaten treng ikkje tilpasse dei administrative systema sine.

Framlegget vil i utgangspunktet ikkje ha økonomiske konsekvensar, men departementet går ut frå at klargjeringa kan hindre tap av proveny ved tilpassingar.

## 9.6 Iverksetjing

I høyringsnotatet gjorde departementet framlegg om at endringa skulle verke for nye opplysningar om val av skatteordning som vert sendt inn frå og med datoen for høyringsnotatet 25. februar 2020. Den 31. mars offentliggjorde departementet at regjeringa har konkludert med at framlegget bør verke først frå det tidspunktet endringa eventuelt er vedteken og sanksjonert. Departementet gjer etter dette framlegg om at endringa tek til å gjelde straks.

## 10 Eigedomsskatt

### 10.1 Auke av minstegrensa for utskriving av eigedomsskatt

---

Kommunane skal etter eigedomsskattelova § 14 fjerde ledd ikkje skrive ut eigedomsskatt så fram skatten for den einskilde eigedommen vert mindre enn 50 kroner. Grensa er sett for at kostnadane ved innkrevjinga av eigedomsskatten ikkje skal vere høgare for kommunen enn sjølve skatten.

Medan innkrevjingskostnadane ved eigedomsskatten har vorte større, har minstegrensa ikkje vore endra sidan eigedomsskattelova tok til å gjelde i 1976. I nokre tilfelle vil det difor koste meir å krevje inn skatten enn inntekta er for kommunen. Innkrevjing av eigedomsskatt bør vere rekningsvarande. Departementet gjer framlegg om å auke minstegrensa i eigedomsskattelova § 14 fjerde ledd. 50 kroner i 1976 utgjer om lag 280 kroner etter dagens pengeverdi. Departementet gjer framlegg om å auke beløpsgrensa til 300 kroner, og at endringa tek til å gjelde frå skatteåret 2021.

Departementet legg til grunn at framlegget ikkje vil føre med seg store endringar for kommu-

nane. For kommunar med høge innkrevjingskostnadar vil framlegget difor ha ein positiv økonomisk verknad. For dei skattytarane som betaler mellom 50 og 300 kroner i eigedomsskatt, vil skatten falle heilt bort, noko som òg gjer det enklare for kommunane.

Departementet viser til framlegg om endring i eigedomsskattelova § 14 fjerde ledd.

### 10.2 Maksimal sats for bustad og fritidsbustad i eigedomsskatten

---

Regjeringa varsla i Prop. 1 LS (2019 – 2020) Skatter, avgifter og toll 2020 at ho tok sikte på å redusere den maksimale eigedomsskattesatsen for bustad og fritidsbustad frå 5 til 4 promille frå og med 2021. Det vart varsla at endringa ville kome i samband med eit opplegg for kommunane sin økonomi i kommuneproposisjonen for 2021.

Regjeringa varslar no at ein tek sikte på å redusere den maksimale eigedomsskattesatsen for bustad og fritidsbustad frå 2022.

## 11 Fritak for meirverdiavgift på djupnejournalistikk

### 11.1 Innleiing og samandrag

Frå 1. juli 2019 vart fritaket for meirverdiavgift for tidsskrift utvida til òg å omfatte fritak for tidsskrift i elektronisk format. I arbeidet med føresegna for elektroniske tidsskrift vart det frå fleire høyringsinstansar peikt på at framlegget ikkje tok tilstrekkeleg omsyn til dei moglegheitene til mellom anna fleksibel publisering, som ligg i elektronisk publisering.

Fritaket for aviser, både i trykt og elektronisk format, er i dag mellom anna avgrensa til aviser som har ei brei dekking av nyheits- og aktualitetsstoff. Departementet gjer framlegg om at fritaket for aviser vert utvida til òg å omfatte aviser som har ei djuptgåande dekking av nyheits- og aktualitetsstoff. Framlegget er meint å gje medium som driv denne typen journalistisk produksjon og publisering høve til å gjere seg nytte av moglegheitene som ligg i elektronisk publisering.

Departementet gjer framlegg om at endringa vert gjennomført ved ei endring av merverdiavgiftsloven § 6-1 om fritak for aviser, slik at lova ikkje berre omfattar aviser trykt på papir, men òg aviser i elektronisk format (elektroniske aviser). Dei nærare krava til kva som vert rekna som ei avis i merverdiavgiftsloven si forstand gjer departementet framlegg om vert regulert i ei ny forskrift til merverdiavgiftsloven § 6-1. Departementet gjer difor framlegg om eit nytt andre ledd i merverdiavgiftsloven § 6-1 som gjev departementet høve til å fastsetje forskrift om kva ein meiner med aviser, irekna om vilkår for fritak.

Departementet legg opp til at det i forskrifta vert fastsett at det med aviser meinast redaktørstyrte medium som vert publisert ein gong i veka eller oftare og er retta mot allmenta. I tillegg legg departementet opp til at avisa anten må ha brei journalistisk produksjon og publisere i hovudsak nyheiter og aktualitetsstoff frå ulike samfunnsområde, eller djuptgåande journalistisk produksjon og publisere i hovudsak nyheiter og aktualitetsstoff frå eit avgrensa samfunnsområde.

Framlegget til ny § 6-1 i merverdiavgiftsloven, som omfattar elektroniske aviser, dekkjer delar av fritaket i gjeldande § 6-2 i merverdiavgiftsloven

om fritak for elektroniske nyheitstenester. Departementet gjer framlegg om å endre merverdiavgiftsloven § 6-2 slik at det avgrensast mot tilfelle der fritaket vil følgje av merverdiavgiftsloven § 6-1 om aviser.

Departementet legg opp til enkelte endringar i merverdiavgiftsforskriften § 6-2-1 om elektroniske nyheitstenester for å oppnå einsarta omgrep med dei nye forskriftene til merverdiavgiftsloven § 6-1 om aviser. Endringane i merverdiavgiftsloven § 6-2 eller merverdiavgiftsforskriften § 6-2-1 er elles ikkje meint å innebere endra rekkjavidde av fritaket for elektroniske nyheitstenester.

Departementet legg til grunn at framlegget til utvida omfang av fritaket for aviser ikkje inneber statsstønad som må notifiserast etter EØS-regelverket. Departementet viser til framstillinga i punkt 11.5.

Departementet legg opp til at endringane tek til å gjelde frå 1. juli 2020. Endringane vil gje eit provenytap på om lag 25 mill. kroner påløpt og 15 mill. kroner bokført i 2020. Det understrekast at tala er usikre. Dei langsiktige verknadene på provenyet er truleg betydeleg større. Departementet viser til omtalen av de økonomiske og administrative følgjene av framlegget i punkt 11.5.6.

Departementet viser til framlegg om endring i merverdiavgiftsloven §§ 6-1 og 6-2.

### 11.2 Gjeldande rett

#### 11.2.1 Generelt

Det skal bereknast meirverdiavgift ved innlandsk omsetjing, innførsel og uttak av varer og tenester frå avgiftspliktig verksemd. Avgifta bereknast og vert betalt av dei registrerte næringsdrivande. Den generelle meirverdiavgiftsatsen er 25 pst.

Omsetjing av einskilde varer og tenester er fritake for meirverdiavgift (nullsats). Fritaka er fastsette i merverdiavgiftsloven kapittel 6, med nærare fråsegner i merverdiavgiftsforskriften.

Fritak inneber at registrerte avgiftssubjekt har rett til frådrag for inngåande meirverdiavgift på



varer og tenester som er til bruk i verksemda, men at det ikkje skal bereknast utgåande meirverdiavgift ved omsetjinga (satsen er null), jf. merverdiavgiftsloven § 1-3 første ledd bokstav h. Dersom inngåande meirverdiavgift overstig utgåande, skal overskytande inngåande avgift utbetalast, jf. merverdiavgiftsloven § 11-5. Fritak inneber dermed ein indirekte stønad via meirverdiavgiftssystemet.

Det er eit vilkår for meirverdiavgiftsplikt at det ligg føre ei omsetjing, det vil seie levering av varer eller tenester mot konkret vederlag. Fritaket vil med det berre omfatte varer og tenester som vert omsette mot betaling. Dersom seljar tilbyr varer og tenester både gratis og mot betaling, er disse å rekna som separate ytingar.

### 11.2.2 Fritak for aviser trykt på papir

Omsetjing av aviser trykt på papir er friteke for meirverdiavgift, jf. merverdiavgiftsloven § 6-1. Fritaket gjeld tilsvarende ved innførsel av aviser, jf. merverdiavgiftsloven § 7-1. Fritaka vart opphavleg grunngitte med at det «i et lite språksamfunn som det norske er sterke grunner for at det trykte ordet skal være fritatt for den omkostningsbelastning som en avgift vil bety for den trykte publikasjon», og at «en eventuell avgiftsplikt kan virke hemmande for en fri opinionsdannelse og at kulturelle hensyn vil bli skadelidende» (Ot.prp. nr. 17 (1968–69)).

I merverdiavgiftsloven er det lista opp visse vilkår for kva som skal reknast for å vere ei avis. For det første må den vere trykt på papir. Elektroniske aviser er likevel friteke etter merverdiavgiftsloven § 6-2, jf. omtale nedanfor. For det andre må avisa vidare kome ut regelmessig med minst eitt nummer i veka.

Kva som nærare vert kravd for å vere ei avis går ikkje fram av lova, men i lovforarbeida til merverdiavgiftsloven § 6-2 om elektroniske nyheits-tenester. I Prop. 1 LS (2015–2016) punkt 8.3.2 vert følgjande uttalt:

«Ved vurdering av om det foreligger en avis som er omfattet av fritaket, har man i praksis benyttet de kriterier som Dagspresseutvalget i 1966 foreslo som grunnlag for tildeling av produksjonsstøtte til dagsaviser. Kriteriene er:

- 1) Aviser som er opptatt som medlemmer av Norske Avisers Landsforbund (NAL) og som kommer ut minst to ganger ukentlig.
- 2) Andre aviser som etter sitt opplag og innhold har karakter på linje med NALs medlemsaviser, bl.a. ved at de kommer ut

regelmessig og minst to ganger per uke, gjennom nyheter og kommentarer orienterer allmennheten om begivenheter og aktuelle spørsmål i inn- og utland, eller innen den kommune/de kommuner som regnes som avisens utbredelsesdistrikt, har en ansvarlig redaktør med status overensstemmende med redaktørplakaten av 1933, tar betaling for abonnement, løssalg og annonser etter offentlig tilgjengelige pristatiffer.

- 3) Aviser som bare utkommer en gang ukentlig, men som ellers innfrir kravene i pkt. 2, skal likevel kunne betraktes som tilhørende dagspressen dersom de har et idémessig eller politisk grunnlag [...].»

Kriteria har lenge tent som rettleiing ved vurderinga av kva som er ei avis etter merverdiavgiftsloven. Det sentrale elementet i vurderinga er innhaldet i publikasjonen. For å ha rett til fritak, må publikasjonen hovudsakleg innehalde nyheiter og aktualitetsstoff, og dette stoffet må vere frå eit breitt spekter av samfunnsområde. Publikasjonar som inneheld stoff henta frå berre ein sektor eller som er retta mot berre ei interesse, til dømes sport, politikk, religion eller underholdning, har ikkje rett til fritak etter fritaket for aviser. Aviser som har brei dekking av ein noko smalare del av nyheitsbiletet, til dømes DN, Finansavisen, Morgenbladet, reknast likevel som ei avis etter merverdiavgiftsloven og er omfatta av fritaket.

I praksis legg departementet til grunn at vilkåra som gjeld for aviser, gjeld tilsvarende for elektroniske nyheitstenester i merverdiavgiftsloven § 6-1-2. Departementet viser til Prop. 1 LS (2015–2016) punkt 8.3.3 tredje avsnitt, der det om fritaket for elektroniske nyheitstenester vert uttalt følgjande:

«Det er departementets utgangspunkt at definisjonen av elektroniske nyhetstjenester i størst mulig grad bør samsvare med definisjonen av papiraviser og at hovedkriteriet må knyttes til tjenestens innhold. Departementet legger derfor til grunn at det er et vilkår for fritak at tjenesten hovedsakelig inneholder nyheter og aktualitetsstoff og dette stoffet er fra et bredt spekter av samfunnsområder som for eksempel politikk, økonomi, kultur mv. Nyhetstjenester som i hovedsak omhandler saker fra kun én sektor eller er rettet mot én interesse, for eksempel kultur, religion, sport eller yrke, vil ikke være fritatt.»

Dette inneber at aviser i hovudsak må dekkje nyheits- og aktualitetsstoff breitt, vere retta mot allmenta og ha ein ansvarleg redaktør.

### 11.2.3 Fritak for elektroniske nyheitstenester

Omsetjing av elektroniske nyheitstenester er fritake for meirverdiavgift etter merverdiavgiftsloven § 6-2 første ledd. Fritaket vart innført 1. mars 2016 og er godkjend av EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) fram til 1. mars 2022. Fritaket er meint å sikre lik behandling ved at nyheits- og aktualitetsstoff er fritake for avgift uavhengig av plattform. Det vart difor lagt til grunn at fritaket i størst mogleg grad skal avgrensast i tråd med fritaket for papiraviser. Aviser trykt på papir er varer, medan elektroniske nyheitstenester fell inn under omsetjing av tenester etter merverdiavgiftsloven § 1-3 første ledd bokstav c. Omsetjing av elektroniske tenester, medrekna elektroniske nyheitstenester, som er kjøpt frå utanfor meirverdiavgiftsområdet (fjernleverberre tenester), er i utgangspunktet òg avgiftspliktig. Fritaket gjeld generelt og omfattar dermed òg fjernleverbare tenester.

Det følgjer av lovforarbeida, Prop. 1 LS (2015–2016) punkt 8.3.3, at fritaket gjeld uavhengig av plattform eller distribusjonsform, det vil seie at det gjeld for nyheiter «på PC, mobiltelefon, nettbrett, radio og fjernsyn».

Etter merverdiavgiftsloven § 6-2 andre ledd kan departementet gje forskrift om kva som meinast med elektroniske nyheitstenester. Slike føresegner er fastsette i merverdiavgiftsforskriften § 6-2-1. Føresegna bokstav a fastset at fritaket omfattar elektroniske nyheitstenester som i hovudsak inneheld ei brei dekking av nyheits- og aktualitetsstoff. Etter føresegna bokstav b er det eit vilkår at nyheitstenester er retta mot allmenta og etter bokstav c er det vilkår at nyheitstenester har ein ansvarleg redaktør. Fritaket omfattar berre nyheitstenester som vert publisert ein gong i veka eller oftare, jf. føresegna bokstav d.

### 11.2.4 Fritak for tidsskrift

Omsetjing av tidsskrift, medrekna elektroniske tidsskrift, er på visse vilkår fritake for meirverdiavgift i siste omsetjingsledd, jf. merverdiavgiftsloven § 6-3. Etter § 6-3 første ledd omfattar fritaket tidsskrift som hovudsakleg vert omsette til faste abonnement eller som hovudsakleg vert delte ut til eller på annan måte vert gjort tilgjengeleg for foreiningsmedlemmer. Omsetjing av tidsskrift, medrekna elektroniske tidsskrift, med hovudsakleg politisk, litterært eller religiøst inn-

hald er fritake etter § 6-3 andre ledd utan omsyn til omsetjingsform. Med heimel i merverdiavgiftsloven § 6-3 tredje ledd er det gjeve forskrifter til fritaket i merverdiavgiftsforskriften.

Merverdiavgiftsforskriften § 6-3-1 inneheld ein definisjon av kva som meinast med tidsskrift. Tidsskrift er etter føresegna ein kvar annan publikasjon enn avis dersom:

- «a) den kommer ut periodisk med minst to nummer i året etter en fast utgivelsesplan
- b) den er nummerert og er ledd i en ikke tidsbegrenset rekke
- c) den omsettes til en forhåndsbestemt pris eller utdeles til foreningsmedlemmer og
- d) alle numrene har samme tittel.»

Merverdiavgiftsforskriften § 6-3-2 inneheld ei opplisting av publikasjonar som likevel ikkje skal omfattast av fritaket for tidsskrift. Dette gjeld mellom anna kalendrår, notehefte, utstillingsprogram, trafikkruiter og prislister.

Elektroniske tidsskrift vart omfatta av fritaket for tidsskrift frå 1. juli 2019 og er definert i merverdiavgiftsforskriften § 6-3-9. Det omfattar elektroniske publikasjonar som hovudsakleg består av tekst eller stillbilete som:

- «a) ikke er en elektronisk nyhetstjeneste
- b) kommer ut periodisk med minst to og maksimalt 51 nummer i året etter en fast utgivelsesplan
- c) er nummerert og er ledd i en ikke tidsbegrenset rekke
- d) har samme tittel for alle nummer
- e) ikke har et innhold som nevnt i § 6-3-2.»

Etter merverdiavgiftsforskriften § 6-3-9 andre ledd kan publikasjonen kvar veke på førehand publisere inntil to enkeltartikler til det førstkomande nummeret.

## 11.3 Utanlandsk rett

EU-landa er forplikta til å ha eit meirverdiavgiftssystem, og systemet er i stor grad harmonisert gjennom Rådets direktiv 2006/112/EF (meirverdiavgiftsdirektivet). Direktivet har krav til, og rammer for, medlemslanda sine regelverk. Direktivet regulerer mellom anna høvet medlemslanda har til å bruke reduserte satsar og fritak for meirverdiavgift. Direktivet listar opp dei vare- og tenestetypene som kan ha redusert sats eller fritak. Ei rekkje trykte publikasjonar inngår i lista av varer og tenester som kan ha redusert sats eller fritak,

mellom anna aviser, tidsskrift og bøker. Elektroniske publikasjonar har derimot ikkje vore blant dei tenestene som er lista opp, men den 18. november 2018 vart direktivet endra slik at medlemslanda kan innføre reduserte sats, og i visse tilfelle fritak, for elektroniske publikasjonar av same type som dei trykte. Publikasjonar som heilt eller hovudsakleg består av reklame eller heilt eller hovudsakleg består av video eller høyrleg musikk, kan ikkje ha redusert sats eller fritak.

Ei rekkje EU-land har no innført redusert sats eller fritak for elektroniske publikasjonar. Dette gjeld mellom anna Sverige, Danmark og Finland. Sverige har lenge hatt redusert sats med 6 pst. for ei rekkje trykte publikasjonar, og har nylig innført redusert sats med 6 pst. òg for motsvarande elektroniske publikasjonar. Danmark fritak aviser for meirverdiavgift, men har elles 25 pst. sats for alle andre publikasjonar. Frå 1. juli 2019 er elektroniske aviser fritatt for meirverdiavgift. Danmark har ikkje redusert sats for andre typar publikasjonar, korkje trykte eller elektroniske. Finland har vedteke redusert sats på omsetjing av elektroniske bøker, aviser og tidsskrift. Den reduserte satsen er på 10 pst.

## 11.4 Høyringa

Den 21. februar 2020 sendte Finansdepartementet på høyring eit framlegg om å utvide fritaket for meirverdiavgift for aviser i merverdiavgiftsloven § 6-1 frå å omfatte aviser i trykt format til òg å omfatte aviser i elektronisk format. Framlegget omfatta òg ei mindre endring av merverdiavgiftsloven § 6-2 om elektroniske nyheitstenester som følgje av at dette fritaket omfattar aviser i elektronisk format.

Høyringsnotatet vart sendt til 109 høyringsinstansar og lagt ut på heimesida til Finansdepartementet. Høyringsfristen vart sett til 31. mars 2020. Til saman 24 høyringsinstansar har svart.

*Forsvarsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Utanriksdepartementet* har svart utan merknader.

*Domstolsadministrasjonen* har valt å ikkje uttale seg i saka.

*Altibox AS, Amedia AS, Den norske Revisorforening, Fagpressen, Hovedorganisasjonen Virke, Mediebedriftenes Landsforening, Landslaget for lokalaviser, Landsorganisasjonen Norge (LO), Medietilsynet, NITO, Norsk Lokalradioforbund, Norsk Journalistlag, Norsk Redaktørforening, Nynorsk kultursentrum, Næringslivets hovedorganisasjon (NHO), Schibsted, Skattedirektoratet, Tek-*

*nisk-naturvitenskapelig forening (Tekna) og Teknisk Ukeblad Media* har kome med merknader til framlegget.

Alle høyringsinstansane som har kome med merknader, med unntak av *Skattedirektoratet*, støtter eller er positive til framlegget.

*Fagpressen* uttaler mellom anna følgjande:

«Det er med glede vi registrerer at regjeringen nå åpner for en endring i merverdiavgiftsloven med den hensikt at digital dybdejournalistikk får likeverdige avgiftsmessige rammevilkår som breddejournalistikk og som dybdejournalistikk publisert på papir.»

*Medietilsynet* støttar òg framlegget og uttaler:

«Slik Medietilsynet ser det, er endringane som blir foreslått framtidretta. Dei vil ha positive verknader for mediemangfaldet, ytringsfridomen og den demokratiske funksjonen media har i samfunnet.

*Medietilsynet* støttar framlegget og har ingen innvendingar til gjennomføringa av regelendringane.»

*Norsk Redaktørforening* er nøgd med framlegget, men meiner at regelverket ikkje framstår som lett tilgjengelig og at det ideelt sett burde ha vore rydda opp i. *Landslaget for lokalaviser* sluttar seg til de lovtekniske merknadane i høyringsfråsegna frå Norsk redaktørforening. Departementet meiner at ein større gjennomgang og revisjon av reglane i tilfelle må omfatte alle føresegnene i merverdiavgiftsloven kapittel 6. Den mindre endringa som følgje av framlegget tilseier ikkje ein slik gjennomgang. Departementet viser òg til at det er eit ønskje om at endringane tek til å gjelde raskt.

*Landslaget for lokalaviser* støttar framlegget, men «vil understreke behovet for en justering av mediestøtten slik at det i større grad kan legges til rette for en levedyktig lokalradiobrandsje». Vilkår og behandling av mediestøtte er ikkje tema for framlegget, og vil difor ikkje verte nærare vurdert eller kommentert.

*Amedia AS og Altibox AS* støttar òg framlegget, men meiner at fritaket bør utvidast til å omfatte all journalistikk som er redaktørstyrt. Departementet meiner at ei slik løysning vil ha økonomiske og administrative konsekvensar som krev ytterligere utgreiingar og vurderingar. Departementet tilrår difor ikkje eit meir omfattande fritak enn framlegget som var på høyring.

*Skattedirektoratet* støttar framlegget om å samle fritaket for aviser trykt på papir og i elektro-

nisk format i ei føresegn, jf. framlegget til § 6-1 i merverdiavgiftsloven. Dei uttrykkjer likevel skepsis til at fritaket byggjer på kriterier som opnar for skjøn då dette vil medføre «subjektive vurderingar, og vil resultere i avgjørelser med begrunnelser som vanskelig kan etterprøves». Dei viser òg til konklusjonen i NOU 2019: 11, *Enklere merverdiavgift med én sats*, om at fritaka for aviser, tidsskrift og bøker bør avviklast.

Fleire høyringsinstansar har hatt kommentarar og merknader til framlegget til fråsegner i merverdiavgiftsforskriften. Departementet vil vurdere innspela i samband med det vidare arbeidet med forskrifter til meirverdiavgiftsloven § 6-1.

Vesentlege merknader frå høyringsinstansane behandlast under punkter der dei høyrer heime.

## 11.5 Vurderingar og framlegg

### 11.5.1 Innleiing og bakgrunn

Frå 1. juli 2019 er utgangspunktet at så vel trykte som elektroniske utgåver av aviser, tidsskrift og bøker er fritekne for meirverdiavgift. Det er oppstilt ulike krav i merverdiavgiftsloven og merverdiavgiftsforskriften til kva som skal reknast som aviser, tidsskrift og bøker i respektive trykt og elektronisk form. I tillegg omfattar fritaket for elektroniske utgåver av aviser òg levande bilete og lyd.

For aviser er det både sett krav til innhaldet og formelle krav for å verte omfatta av fritaket. Aviser i merverdiavgiftsloven er utgjevingar som er retta mot allmenta, og som dekkjer nyheits- og aktualitetsstoff breitt. Til eit tidsskrift i merverdiavgiftsloven er det i utgangspunktet ikkje sett noko krav til innhald, medan det vert stilt visse formelle krav til korleis tidsskrifta vert omsett for å verte omfatta av fritaket. Tidsskriftet må hovudsakleg omsetjast til faste abonnentar eller det må delast ut eller på anna måte gjerast tilgjengeleg for foreningsmedlemmer. For tidsskrift som har politisk, litterært eller religiøst innhald, gjeld ikkje desse krava til omsetjingsform.

Føremålet med utvidinga av fritaket for tidsskrift og bøker var først og fremst å likestille elektronisk publisering av det som har vore fritekte som trykte tidsskrift og bøker i merverdiavgiftsloven. For tidsskrift vart det gjort enkelte tilpassingar i fritaket for tidsskrift i elektronisk format ved mellom anna å opne for førehandspublisering av einskilde artiklar. Elektronisk publisering legg likevel til rette for hyppigare og meir laupande

publisering enn det som har vore vanleg for trykte tidsskrift. Det er òg ein tendens til at det har kome til nye medium (nettsider) som publiserer nyheits- og aktualitetsstoff innanfor eit avgrensa fagområde. Mange av desse er i dag gratisutgåver som vert finansierte av reklame og ikkje av brukarbetaling. Som i dagspressa kan stoffet som publiserast, variere frå korte nyheitsartiklar til meir djuptgåande artiklar som tidlegare typisk hadde vore publiserte i eit tidsskrift i trykt format.

Regjeringa meiner at òg dei meir spesialiserte delane av pressa fyller viktige funksjonar i samfunnet. Særleg legg regjeringa vekt på at tidsskrift og fagpresse har ei sentral rolle når det gjeld debatt og utvikling innanfor ulike næringsgreiner, fag, organisasjonar og særinteresser. Meir nisjeprega publikasjonar vil òg kunne gje viktige innspel til den allmenne samfunnsdebatten på områda sine.

Departementet gjer difor framlegg om ei endring i merverdiavgiftsloven som i større grad opnar for å utnytte moglegheitene som ligg i digital publisering innanfor tidsskrift, fagpresse mv. Merverdiavgiftsloven byggjer likevel på at det er hyppigheita i publiseringa som skil aviser frå tidsskrift. Eit fritak som inneber like hyppig publisering som aviser, bør difor regulert i tilknytning til føresegna i merverdiavgiftsloven om fritak for aviser.

Fritaket for aviser er i dag delt mellom merverdiavgiftsloven § 6-1, som gjev fritak for aviser i trykt form, og merverdiavgiftsloven § 6-2 som gjev fritak for aviser i elektronisk form (elektroniske nyheitstenester). Fritaket for elektroniske nyheitstenester er teknologinøytralt, noko som inneber at det òg omfattar tenester som i hovudsak formidlar levande bilete og lyd. Fritaket for elektroniske tidsskrift omfattar berre tidsskrift som i hovudsak inneheld tekst og stillebilete. Eit utvida fritak for aviser, som vil inkludere elektroniske aviser, bør òg innehalde ei slik avgrensing. Departementet gjer difor framlegg om ei teknisk endring av oppbygginga av fritaket for aviser og elektroniske nyheitstenester. Departementet gjer framlegg om at merverdiavgiftsloven § 6-1 vert endra slik at den omfattar aviser både i trykt og elektronisk format, men avgrensa til publikasjonar som i hovudsak inneheld tekst og stillebilete. Merverdiavgiftsloven § 6-2 vert vidareført og vil regulere fritaket for elektroniske tenester som inneheld levande bilete og lyd i slikt omfang at dei ikkje vert omfatta av framlegget om fritak for aviser.

### 11.5.2 Aviser

Departementet gjer framlegg om ei endring av § 6-1 i merverdiavgiftsloven om fritak for meirverdiavgift ved omsetjing av aviser. Framlegget inneber at bruksområdet for § 6-1 vert utvida frå å gjelde trykte aviser til òg å omfatte elektroniske aviser. Fritaket for trykte og elektroniske utgåver av aviser vert då regulert i lova i same paragraf, på tilsvarende måte som fritaka for tidsskrift (merverdiavgiftsloven § 6-3) og bøker (merverdiavgiftsloven § 6-4). Departementet gjer vidare framlegg om å ta ut av lovteksten kravet om at aviser må utkome regelmessig med minst eitt nummer i veka. Ein foreslår at nærare føresegner om hyppigheit i publiseringa vert tekne inn i forskrift til merverdiavgiftsloven § 6-1.

Departementet legg til grunn at framlegget vidarefører gjeldande rett for papiraviser, jf. gjeldande § 6-1, og elektroniske aviser (nettaviser mv.) som i dag har fritak med heimel i § 6-2. Samstundes opnar framlegget for å utvide fritaket til òg å omfatte elektroniske publikasjonar (tidsskrift) og fagpresse som driv meir hyppig og laupande publisering enn det gjeldande fritaket for tidsskrift i § 6-3 opnar for.

Utkastet til § 6-1 første ledd inneheld hovudregelen og slår fast at omsetjing av aviser, medrekna elektroniske aviser, er friteke frå meirverdiavgift. Omgrepet «aviser» skal forståast teknologinøytralt, i motsetning til føresegna i dag. Det, er og meininga å definere omgrepet nærare i merverdiavgiftsforskriften, sjå nedanfor.

Fritaket for aviser vert avgrensa i framlegget til publikasjonar som «i hovudsak inneheld tekst og stillebilete». Fritaket for elektroniske nyheitstenester som inneheld levande bilete eller lyd, vert vidareført i § 6-2 i merverdiavgiftsloven, jf. nedanfor. Kva som nærare ligg i «i hovudsak» må vurderast konkret. Når bruken av levande bilete og lyd er avgrensa til å utfylle, utdjupe eller supplere ein tekst eller eit stillebilete har vilkåret ikkje vesentleg aktualitet. Levande bilete eller lyd som ikkje har samband med ein tekst eller eit stillebilete, det vil seie er sjølvstendige innslag, får ein annan karakter. Når denne typen produksjon utgjer meir enn ein avgrensa del av den samla tenesta som skal vurderast, kan det oppstå plikt til å vurdere tenesta sjølvstendig i meirverdiavgiftssamband. Departementet viser til utsegna i punkt 8.3.3 i Prop. 1 LS (2015–2016) i tilknytning til framlegget om fritak for elektroniske nyheitstenester:

«Utgangspunktet er etter departementets oppfatning at hvert tjenesteelement må vurderes

for seg. Dette kan imidlertid stille seg annerledes dersom det ene elementet klart er det prinsipale og andre elementer kun understøtter den prinsipale ytelsen eller er av underordnet betydning for kjøper. I denne vurderingen er det også et moment hvor distinkt og separat ytelsen er. Departementet legger til grunn at salg av annonser og reklame skal avgiftsberegnes med 25 %.»

Den konkrete vurderinga av om det er omsett eit eller fleire tenesteelement kan medføre at tenester som skal avgiftsbereknast med 25 pst. dersom dei vert omsett separat, kan omsetjast med nullsats dersom dei vert omsette som del av ein nyheitsteneste. Dette kan medføre ei konkurranseulempe for dei aktørane som sel tenestene separat og må omsetje med allmenn merverdiavgiftssats.

Departementet legg til grunn at ei tilsvarende vurdering må gjerast for elektroniske aviser. Dette inneber at det er eit visst høve til å ha anna innhald enn tekst og stillebilete, men dersom slikt anna innhald inneber at publikasjonen ikkje lenger i hovudsak inneheld tekst og stillebilete, er den ikkje omfatta av fritaket for aviser. Publikasjonen må då vurderast etter fritaket for elektroniske nyheitstenester, jf. merverdiavgiftsloven § 6-2. Eventuelt kan anna innhald behandlast som ei separat yting, og det skal i slike tilfelle bereknast merverdiavgift med allmenn sats.

Skattedirektoratet viser i sitt høringssvar til at eit tilsvarende kriterium gjeld for elektroniske tidsskrift etter merverdiavgiftsforskriften § 6-3-9. Direktoratet uttaler vidare:

«[...] vi forutsetter at samme forståelse skal legges til grunn her. I Prop. 115 LS (2018–2019) blir det fremhevet at formålet med å åpne opp for innslag av bevegelige bilder, lyd og annen funksjonalitet ikke er å etablere fritak som kan sies å utvide eller endre en publikasjons bruksområde. Hvis slike innslag medfører at publikasjonen endrer karakter ved at det tekstlige ikke kan sies å utgjøre det sentrale elementet, vil fritaket ikke gjelde. Det blir forutsatt at det innhold som består av annet enn tekst og stillbilder kun skal understøtte eller underbygge det skrevne innholdet. Dessuten må innslaget av lyd og bevegelige bilder mv. rent fysisk være begrenset i omfang. Som utgangspunkt antas at «hovedsakelig» utgjør 80 % eller mer, uten at det på dette området enkelt kan oppstilles presise retningslinjer for hvordan avgrensningen rent faktisk skal foretas.»

Departementet er einig i at det vil vere naturleg å leggje til grunn det same ved vurderinga etter framlegget til § 6-1 i merverdiavgiftsloven.

Departementet gjer framlegg om å ikkje ta inn i lova nærare krav til innhald. I staden gjer departementet framlegg om eit nytt andre ledd i merverdiavgiftsloven § 6-1, som gjev departementet høve til å fastsette forskrift om kva som meinast med aviser, og om vilkår for fritak. Eit framlegg om slike føresegnar var ein del av høyringa av endringane i merverdiavgiftsloven § 6-1. Departementet gjev her ei kort utgreiing av kva som etter framlegget til forskriftsføresegnene vil vere å anse som aviser.

Departementet foreslo at det vert oppstilt krav om at fritaket for aviser berre skal gjelde publikasjonar som er redaktørstyrde. Med redaktørstyrt meinast at publikasjonen publiserer under leing og kontroll av ein redaktør. Redaktør skal forståast som ein fysisk person som treffer avgjerd om innhaldet i publikasjonen eller om delar av dette, jf. straffelova § 270 fjerde ledd og mediefridomslova § 3 andre ledd.

Av høyringsinstansane har *Fagpressa, Landslaget for lokalaviser, Mediebedriftenes landsforeining (MBL) og Norsk redaktørforeining* uttalt seg om kravet til redaktør. Alle desse støtter at det stilles eit slikt krav for fritak.

Departementet foreslo å vidareføre vilkåret i gjeldande § 6-1 om at aviser, medrekna elektroniske aviser, har ein regelmessig produksjon og vert publisert ein gong i veka eller oftare. Vilkåret inneber at publikasjonar som publiserast sjeldnare, må vurderast etter fritaka for tidsskrift eller bøker.

*Mediebedriftenes Landsforeining (MBL)* uttaler:

«MBL oppfatter at publiseringskravet i denne sammenheng vil være oppfylt så lenge en nettside oppdateres ukentlig eller oftere med en eller flere nyhetsartikler. Det kan ikke være et krav at «hele» innholdet på fronten til et nettsted endres, for at det kan anses å ha blitt gjort en publisering i mvafritakets forstand.

MBL oppfatter at både aviser og tidsskrifter med dyptgående nyhets- og aktualitetsstoff på et avgrenset samfunnsområde, som publiserer digitalt fortløpende og kontinuerlig, med dette gis fritak gjennom mval § 6-1, mens tidsskrifter som publiserer digitalt med lav publiseringsfrekvens, og maksimalt to oppdateringer/endringer før påfølgende utgave, og utgis etter en på forhånd definert utgivelsesplan, har fritak gjennom mval § 6-3.»

Departementet er einig i det som kjem til uttrykk i høyringsutsegn frå *Mediebedriftenes Landsforeining*.

I høyringa vart det òg foreslått forskriftføresegn om at innhaldet i avisa må vere retta mot allmenta. Det gjeldande fritaket for elektroniske nyheitstenester har som vilkår at tenesta er retta mot allmenta. Det same antar departementet gjeld for aviser trykt på papir. I dette ligg for det første at mediet må leggje til rette for og hjelpe til den allmenne samfunnsdebatten innanfor det geografiske og tematiske nedslagsfeltet sitt. For det andre inneber vilkåret at mediet må ha ein grad av profesjonalitet og drive verksemd på eit nivå som gjer dette mogleg.

Fritaket for aviser, både trykte og elektroniske, er særlig grunngeve i omsynet til at det i eit demokratisk samfunn er viktig med ein fri samfunnsdebatt. Etter departementet si vurdering er det difor naturleg at det vert satt krav om at publikasjonen er retta mot allmenta. I dette ligg det at publikasjonen må ha som føremål å fremje ein open og opplyst samfunnsdebatt på feltet sitt.

Samstundes er det ikkje noko krav at publikasjonen er meint å nå heile allmenta. Publikasjonar som er retta inn mot eit bestemt tema eller ein bestemt bransje, kan i denne forstanden òg vere retta mot allmenta. Publikasjonar retta mot medlemmer av ein bestemt organisasjon eller foreining er omfatta så lenge dei har eit nedslagsfelt utover medlemsmassen, og ein ambisjon om å leggje til rette for og delta i samfunnsdebatten på feltet sitt. Fritaket omfattar difor som utgangspunkt den typiske fagpressa. På den andre sida vil publikasjonar som i all hovudsak er interne, ikkje vere retta mot allmenta. Det gjeld publikasjonar som er retta mot ei meir eller mindre lukka gruppe som ei foreining, klubb, bedrift e.l. Journalistisk produksjon og publisering som har som føremål å nå medlemmer eller tilsette i bestemte organisasjonar, foreiningar eller selskap vil ikkje vere rette mot allmenta og difor ikkje omfatta av fritaket.

*Fagpressa* har gjeve følgjande merknad i høyringa:

«Vi vil også peke på at de fleste av våre medlemmer som er forening eller organisasjon, også vil publisere redaksjonelt innhold som ligger åpent for alle, det vil si gratis og tilgjengelig for ikke-medlemmer. Fagpressen mener at det også underbygger organisasjonens eller foreningens rolle som bidragsyter til samfunnsdebatten. Det typiske er kombinasjon er der innhold med bredere nedslagsfelt er åpent

for alle og det mer utvalgte innholdet er forbeholdt pluss-abonnenter.»

Departementet viser til at det berre er plikt til å berekne meirverdiavgift av omsetjing av varer og tenester, og ikkje av varer og tenester som det ikkje vert teke betaling for. Og det er publikasjonen som omsettast som skal vurderast opp mot vilkåra for fritak. I det nemnte tilfellet frå *Fagpressa* vil dette innebere at rolla som bidragsytar i samfunnsdebatten på andre måtar enn gjennom publikasjonen til «pluss-abonnentar» ikkje vil ha aktualitet ved vurdering av om omsetjinga til «pluss-abonnentar» er fritaken.

Som i dag vert det oppstilt krav om at publikasjonen i hovudsak må produsere og publisere nyheiter og aktualitetsstoff. Vilkaoret innebær ei avgrensing mot medium som har innhald som ikkje er dagsaktuelt, det vil seie at innhaldet ville hatt omtrent same aktualitet og nyheitsinteresse uavhengig av når det vart publisert.

Både for aviser trykt på papir og elektroniske nyheitstenester (elektroniske aviser) er det i dag eit krav om at avisa må ha ei brei dekking av nyheits- og aktualitetsstoffet frå ulike samfunnsområder. Departementet legg opp til å vidareføre dette kravet i forskriftsføresegnene til merverdiavgiftsloven § 6-1.

Departementet legg som nemnt òg opp til ei endring ved at aviser i merverdiavgiftsloven skal omfatte publikasjonar som dekkjer nyheits- og aktualitetsstoff frå et avgrensa samfunnsområde djuptgåande.

Føremålet med denne endringa er å treffe journalistikk som har ein særleg demokratisk funksjon ved at den er ei kjelde til aktuelle hendingar, laupande politisk debatt og generell samfunnsforståing, sjølv om den er avgrensa til eitt tema eller eit avgrensa fagområde. Denne type journalistisk produksjon vert ofte omtalte med omgrepa djupnejournalistikk eller nisjejournalistikk. Departementet viser til at det i dag er praksis for at aviser som har ei brei dekking av ein noko smalare del av nyheitsbilete – til dømes DN, Finansavisen og Morgenbladet – vert omfatta av fritaket for aviser trykt på papir og fritaket for elektroniske nyheitstenester når dei publiserer på nett. Framlegget opnar for at publikasjonar med eit enda smalare nyheits- og aktualitetsbilete, men med djupn i den journalistiske produksjonen, får fritak.

Sjølv om ein i teorien kan tenkje seg «djuptgåande» medium som ikkje òg har ei smal tematisk avgrensing og motsett, vil desse kriteria i praksis verte vurderte i samanheng. Kriteriet omfattar

publikasjonar som har som føremål og funksjon å fremje fordjuping innanfor eit avgrensa fag, ein bransje, yrkesgruppe, interesse e.l. Dette inneber ikkje at alt publisert innhald må bestå av lange artiklar prega av teknisk fagsjargong e.l. Det føreset heller ikkje at skattestyresmaktene skal gjere ei konkret vurdering av om enkeltartiklar eller utgivingar har ein tilstrekkeleg kvalitet, fagkunne eller innhald.

Det avgjerande vil i staden vere ei heilskapsvurdering der det mellom anna kan leggjast vekt på publikasjonen sitt definerte (eventuelt vedtektsfesta) føremål. Dersom publikasjonen har som føremål å drive djuptgåande journalistikk og leggje til rette for, og delta i, samfunnsdebatten på eit avgrensa samfunnsområde, vil det vere eit viktig element i heilskapsvurderinga. Eit anna element er korleis mediet presenterer seg utantil, det vil seie om det er utforma og marknadsført som eit nisjeprodukt på eit avgrensa felt. Målgruppa og nedslagsfeltet kan òg gje indikasjonar på om det er tale om djupnejournalistikk, til dømes om mediet er uttrykkjeleg retta mot eller faktisk vert lest av ei avgrensa gruppe, definert av sams fag-, yrkes- eller interessebakgrunn eller liknande. Det vil òg kunne leggjast vekt på samansetjinga av innhaldet. Av omsyn til pressa sin redaksjonelle fridom er det sentralt at økonomiske rammevilkår ikkje vert baserte på ei kvalitetsvurdering av redaksjonelt innhald og redaksjonelle avgjerder. Det kan likevel leggjast vekt på korleis innhaldet er samansett, inkludert forholdet mellom korte og lange artiklar, og forholdet mellom generelt innhald og innhald retta mot publikasjonen sitt særlege interessefelt osv. Dersom mediet har ein stor del lengre artiklar tydeleg avgrensa til eitt og same samfunnsområde, tema, fag eller liknande, vil dette vere ein indikasjon på at vilkaoret er oppfylt.

I tillegg legg departementet opp til i føresegnene å presisere at som aviser reknast berre aviser som har journalistisk produksjon og publisering av nyheiter- og aktualitetsstoff. Med «journalistisk produksjon og publisering» meinast ein prosess der nyheiter, aktualitetar og annan informasjon vert innhenta og omarbeidde før innhaldet vert formidla til eit publikum (allmenta). Arbeidet vert føreset å skje etter journalistfaglege metodar og vere basert på presseetiske prinsipp. Tenester som berre formidlar informasjon frå offentlege styresmakter, selskap og privatpersonar, vil falle utanfor fritaket.

Med dette kravet er det òg meininga å få fram at publikasjonen sjølv driv både med journalistisk produksjon og publisering av slikt innhald. Med publisering meinast det same som offentleggje-

ring, det vil seie at ytringa er framsett på ein måte som gjer den eigna til å nå ei større mengd personar. Medium som berre samlar og publiserer journalistisk produksjon frå andre medium, slik som nyheitsaggregatorer osv., er difor ikkje omfatta. Fritaket er heller ikkje meint å omfatta nyheitsbyrå, produksjonsselskap og innhaldsleverandørar som berre produserer og sel innhald for publisering i andre publikasjonar.

Departementet ser at avgrensinga med omsyn til kva for publikasjonar som vert omfatta av vilkåret om djuptgåande journalistisk produksjon og publisering, kan verte krevjande å bruke i praksis. Departementet viser òg til at dette vert påpeika av *Skattedirektoratet* i deira høyringsutsegn. Med dagens føresegn har avgrensing av fritaket òg vore tema. Departementet viser til omtalen av fritaket for aviser i NOU 2019: 11 *Enklere merverdiavgift med én sats*, der det vert uttalt:

«Grensen mellom aviser og andre publikasjoner, for eksempel ukeblad, kan være vanskelige å trekke. Et eksempel er Se og Hør, som like etter 2000 definerte seg som avis og unnlot å beregne merverdiavgift på sine utgivelser. Skatteetaten kom imidlertid til at Se og Hør ikke var en avis, men et avgiftspliktig ukeblad.»

Ei slik avgrensing er likevel ikkje ukjend frå andre område. Til dømes er kriteria for å kvalifisere for direkte mediestønad (produksjonstilskot) knytte dels til hovudføremålet til mediet og dels til det publiserte innhaldet, jf. § 1 i forskrift 25. mars 2014 nr. 332 om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium, § 3 første ledd punkt 1 og 2. Departementet viser òg til mediefridomslova, som er avgrensa til «journalistisk produksjon og formidling av nyheiter, aktualitetsstoff og samfunnsdebatt» og kringkasting. I framlegget til ny medieansvarslov (Prop. 31 L (2019–2020)) som vart lagt fram 6. desember 2019, er det òg foreslått ei avgrensing av virkeområdet som er basert på føremål og funksjon.

Det er krevjande å trekkje opp klare grenser i lovverket på medieområde, der tenestene er i så rask endring og utvikling. Ei for rigid avgrensing vil kunne verke hemmande på utviklinga av nye tenester. Det er difor naudsynt å opne for eit visst element av skjønn hos skattestyresmaktene. Så lenge skjønet vert utøvt på ein transparent måte og det ikkje skal byggjast på kvalitativ vurdering av det redaksjonelle innhaldet, legg departementet til grunn at ei slik avgrensing ikkje vil gå på tvers av, eller svekkje tilliten til, det redaksjonelle sjølvstendet i media.

Om ei avis vert omfatta av fritaket på bakgrunn av utvidinga til å omfatte aviser med «djuptgåande journalistisk produksjon og publisering frå eit avgrensa samfunnsområde», må avgjerast ut frå ei samla vurdering av alle vilkår for fritak. Der det til dømes er usikkert om stoffet som vert publisert er «dyptgåande journalistisk produksjon», bør det kunne stillast strengare krav til at dei andre vilkåra er oppfylte. Stoffet bør i tilfelle ha eit klårare nyheits- og aktualitetspreg og ha ein klår ambisjon om å leggje til rette for og delta i samfunnsdebatten.

Bloggar og andre nettstader drive av enkeltpersonar vil normalt ikkje oppfylle krava til journalistisk produksjon og publisering retta mot allmenta sjølv om det kan tenkjast situasjonar der ein blogg eller liknande har eit nivå som svarer til profesjonell medieverksemd.

Vekepressa, som i dag normalt ikkje er omfatta av korkje fritaket for aviser eller tidsskrift, er heller ikkje meint omfatta. Nokre av desse media vil falle utanfor fritaket fordi vilkåret om «nyheits- og aktualitetsstoff» ikkje er oppfylt. Dei har normalt heller ikkje den djuptgåande journalistiske produksjonen som vil gjelde som vilkår for fritak når nyheits- og aktualitetsdekkinga ikkje er breie. Store delar av vekepressa dekkjer underhalding, sport eller ulike typar hobbyar og har etter departementet si vurdering heller ikkje ei innretting som er meint å fremje samfunnsdebatt på området sitt. Grunngevinga og føremålet bak fritaket, å fremje ytringsfridomen og den demokratiske funksjonen pressa har, treffer ikkje denne typen medium på same måte.

*Teknisk Ukeblad Media AS* og *NITO* tek i sitt høyringssvar opp spørsmål om forholdet mellom fritaket for aviser og fritaket for tidsskrift og uttaler mellom anna:

«Ved at forslaget beholder fritaket for tidsskrifter i mval. § 3-6 [feilskrift for § 6-3], herunder elektroniske tidsskrifter, ser vi samtidig at det vil kunne oppstå definisjonsspørsmål knyttet til hvilke utgivelser som kommer inn under de ulike bestemmelsene.»

Departementet meiner at det er den enkelte publikasjonen som omsettast mot brukarbetaling som skal vurderas opp mot vilkåra for fritaket. Har same medium fleire ulike publikasjonar er det innhaldet og andre forhold knytt til den enkelte publikasjonen som omsetjas mot brukarbetaling, som må oppfylle vilkåra for fritak.

Departementet viser til framlegg om endring av merverdiavgiftsloven § 6-1.



### 11.5.3 Elektroniske nyheitstenester

Departementet gjer framlegg om å endre § 6-2 i merverdiavgiftsloven om fritak for elektroniske nyheitstenester slik at føresegna ikkje lenger omfattar elektroniske aviser som framover vil vere omfatta av fritaket i § 6-1. Elles er innhaldet av føresegna meint vidareført som i dag. Det vil seie at føresegna vil omfatte nyheitstenester som i hovudsak distribuerer levande bilete og lyd.

Det er naudsynt å gjere mindre tekniske- og omgrepsendringar i merverdiavgiftsforskriften § 6-2-1. Desse endringane er berre meinte å vere tilpassingar til omgrepa i forskriftføresegnene som er meint fastsett til merverdiavgiftsloven § 6-1, og vil verte vedtekne samstundes.

Departementet viser til framlegg om endring av merverdiavgiftsloven § 6-2 første ledd.

### 11.5.4 Iverksetjing

Departementet foreslo i høyringsnotatet at endringane tek til å gjelde 1. juli 2020.

*Fagpressa, Landslaget for lokalaviser, LO, Mediebedriftenes landsforeining, Norsk journalistlag, Norsk lokalradio forbund og Norsk redaktørforeining* har alle, grunngjeve med mellom anna situasjonen i bransjen knytt til spreiring av koronaviruset, oppmoda om at endringa tek til å gjelde tidlegare.

Departementet viser til at framlegget først kan ta til å gjelde etter at lova er endra og naudsynte føresegner er vedtekne. Skattedirektoratet skal òg utforme informasjon og retningslinjer om fritaket. Departementet fastheld på denne bakgrunnen framlegget i høyringsnotatet, og tek sikte på at endringa tek til å gjelde 1. juli 2020.

### 11.5.5 EØS-regelverket

Som følgje av endringa 18. november 2018 i meirverdiavgiftsdirektivet til EU (Rådets direktiv 2006/112/EC) kan EU-landa på dette området (omsetjing av aviser, tidsskrift og bøker i trykt eller elektronisk form) innføre reduserte satsar eller fritak utan notifikasjon til Kommisjonen og utan å oppfylle andre formelle kriterium eller prosedyrar. Sverige har nytta seg av dette og innført redusert sats på 6 pst. for elektroniske publikasjonar. Danmark har innført meirverdiavgiftsfritak for elektroniske aviser.

Utvidinga av fritaket etter framlegget oppfyller kriteriet for selektivitet og utgjer statsstønad. Departementa viser til at gjeldande fritak for elektroniske nyheitstenester er notifisert. Spørsmålet

om notifikasjon reiser spørsmål om Noreg som EØS-medlem er forplikta til å notifisere eit tiltak som EU-medlemmene kan gjennomføre utan notifikasjon på bakgrunn av sekundæravgivinga i EU. EU-kommisjonens standpunkt er så vidt departementet kjenner til at endringa i EUs meirverdiavgiftsdirektiv, der det no er opna for innføring av redusert sats/fritak for elektroniske publikasjonar, inneber at EU-medlemmene ikkje treng å notifisere innføring av redusert sats/fritak.

Departementet meiner då at det same må gjelde for Noreg sidan det er ein grunnleggjande føresetnad i EØS-avtalen om eit sams regelverk som vert praktisert likt av medlemsstatane i heile EØS. Ulik praktisering av regelverket om offentlig støtte blant EFTA-landa og EU-landa vil rokke ved denne føresetnaden.

Meirverdiavgift er innanfor eit område – skattlegging – som i utgangspunktet er utanfor EØS-avtalen i form av at sekundæravgivinga på dette området (i dette tilfellet meirverdiavgiftsdirektivet) ikkje er bindande for Noreg. Det taler for at regelverket ikkje kan påleggje Noreg ein langt meir omfattande prosess enn EU-medlemsstatane på eit felt der Noreg som utgangspunkt er meint å ha større fridom.

Etter departementet si vurdering kan fritaket innførast utan notifikasjon til ESA. Departementet viser til at fritaket for elektroniske tidsskrift og bøker som vart gjort gjeldande frå 1. juli 2019, med denne grunngivinga ikkje vart notifisert.

### 11.5.6 Administrative og økonomiske følgjer

Om endringa i merverdiavgiftsloven § 6-2 tek til å gjelde med verknad frå og med 1. juli 2020 vil det innebere eit provenytap på om lag 25 mill. kroner påløpt og 15 mill. kroner bokført i 2020. Departementet understrekar at tala er usikre.

Den langsiktige verknaden på provenyet er truleg monaleg større. Provenytapet vil auke i takt med auke i omsetjinga av dei fritekne tenestene. På lengre sikt vil det òg som regel skje tilpassingar, slik at omsetjing som i utgangspunktet ikkje var tenkt omfatta av avgiftsfritaket, fell inn under fritaket. Næringsdrivande vil tilpasse produkta sine slik at mest mogleg av omsetjinga deira er avgiftsfri. Eit vidt fritak gjer det enklare å tilpasse produkt slik at dei vert avgiftsfrie og provenytapet vert større.

Merverdiavgiftsloven byggjer på eigendeklarering frå dei avgiftspliktige. Bransjen kan få auka administrative kostnadar med regelendringa gjennom avklaring av grensespørsmål og utvikling av måtar å innrette bokføringa, slik

at det går fram at avgiftsoverlegget er i samsvar med regelverket.

For Skatteetaten leggjast det til grunn at dei administrative kostnadane er størst i starten knytt til avklaringar av avgiftsplikta. Dette inneber rettleiingsarbeid overfor norske og utanlandske næringsdrivande, og informasjonstiltak og opplæring av tilsette i etaten. Kompleksiteten vil kunne

medføre tidkrevjande saksbehandling (både av skriftlege spørsmål, bindande førehandstilsegn og kontrollar) og fleire klagesaker.

Utvidinga av fritaket for aviser vil medføre press for meirverdiavgiftsfritak for andre tenester. Til dømes kan det oppstå ønskje om ei tilsvarande utviding for same innhald i eit TV-format.

## 12 Avgift på elektrisk kraft til utvinning av kryptovaluta i datasenter

### 12.1 Innleiing og samandrag

Stortinget vedtok i statsbudsjettet for 2019 at elektrisk kraft som vert levert til utvinning av kryptovaluta i datasenter, ikkje skal omfattas av redusert elavgift, jf. Innst. 3 S (2018–2019) punkt 13.6. Redusert elavgift til datasenter skal elles vidareførast uendra slik som i dag. Stortinget føresette at Finansdepartementet skulle utarbeide framlegg om avgrensingar og gjennomføring, og sende det på høyring. Departementet fekk fullmakt til å fastsetje endeleg tid for iverksetjing. I Revidert nasjonalbudsjett 2019 vart det synt til at vedtaket inneber statsstøtte. Avklaring med EFTA sitt overvåkingsorgan (ESA) er difor naudsynt før vedtaket kan ta til å gjelde.

Framlegget har vore på høyring. 17 høyringsinstansar har hatt innspel til saka. Instansane er i hovudsak negative til framlegget fordi det er avgiftsteknisk vanskeleg å gjennomføre og kontrollere, EØS-rettsleg usikkert, medfører administrative kostnader for dei avgiftspliktige nettselskapa, og motverkar eit ønskje om etablering av fleire datasenter i Noreg. Næringa opplever situasjonen som uviss og lite føreseieleg, noko som er uheldig.

Finansdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet har hatt dialog med ESA om endringa. I lys av dialogen bør iverksetjing av endringa framleis vurderast som EØS-rettsleg usikker.

Departementet gjer på denne bakgrunn framlegg om oppheving av vedtaket om at elektrisk kraft til utvinning av kryptovaluta i datasenter vert ilagt full avgift. Departementet viser til framlegg om endring av Stortingets vedtak om avgift på elektrisk kraft romartal II § 1 andre ledd bokstav c.

### 12.2 Bakgrunn og gjeldande rett

Ved levering av elektrisk kraft til forbrukar skal det i 2020 betalast avgift til statskassa med 16,13

øre per kilowatttime (kWh), jf. vedtaket om avgift på elektrisk kraft § 1 første ledd. For elektrisk kraft til store datasenter skal det betalast redusert avgift med 0,505 øre per kWh. Redusert elavgift for store datasenter vart innført 1. januar 2016, jf. Prop. 1 LS (2015–2016) punkt 9.6 og Prop. 1 LS (2016–2017) punkt 10.6. Føremålet er å gjere Noreg attraktivt for lokalisering av store datasenter. Frå den tid departementet fastset skal det for elektrisk kraft til utvinning av kryptovaluta i datasenter betalast full avgift, jf. vedtaket romartal II § 1 andre ledd bokstav c.

Eit datasenter er avgiftsrettsleg eit føretak som har lagring og/eller prosessering av data som hovudsakleg næringsverksemd, jf. særavgiftsforskriften § 3-12-6. Plikta til å betale avgifta til statskassa ligg hos nettselskapa som leverer den elektriske krafta til datasenteret, jf. særavgiftsforskriften § 5-1 bokstav d. Nettselskapa er registreringspliktige for avgifta og skal fastsetje grunnlaget og berekne avgifta i skattemeldinga til Skatteetaten, jf. skatteforvaltningsloven §§ 9-1, 9-2 og 8-4. Avgiftsreduksjonen til datasenter skjer i dag som direkte fritak mot erklæring frå datasenteret til nettselskapet om at vilkår for fritak er oppfylt, jf. særavgiftsforskriften §§ 3-12-10 og 3-12-11.

### 12.3 Høyringa

Den 16. mai 2019 sendte Skattedirektoratet på høyring eit framlegg om vidareføring av redusert elavgift til store datasenter, men unntatt kraft til utvinning av kryptovaluta som skal betale full avgift. Framlegget innebar avgrensing av «utvinning av kryptovaluta» i forskrift. Framlegget føresette vidareføring av redusert sats i form av direkte fritak mot kvartalsvise erklæringar frå datasenteret til nettselskapet om fordelinga av kraftforbruket i datasenteret. Det vart peikt på at unntaket kunne verte vanskeleg å kontrollere for Skatteetaten fordi forbruket av elektrisk kraft i datasenteret ikkje vert målt etter kva krafta vert brukt til. Det vart òg peikt på konsekvensar for

næringa og administrative kostnader for datasentera og nettselskapa. Høyringsfristen vart sett til 27. juni 2019. I alt har 17 høyringsinstansar hatt innspel. Instansane er i hovudsak negative til framlegget.

*NHO, IKT Norge, Abelia, Bulk Infrastructure, DigiPlex, Green Mountain og Industrikommunene* tek særleg til orde for at framlegget vil svekkje konkurransekrafta og gje færre investeringar og mindre innovasjon i næringa i Noreg. *IKT Norge og Abelia* viser òg til ei vurdering frå advokat Christian Hambro med EØS-innvendingar (statsstøtte) om framlegget.

*Energi Norge, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Lyse Elnett, Agder Energi Nett, Statskraft SFE Nett, Hafslund nett, Ringerikskraft, TrønderEnergi Nett og NTE Nett* framhevar særskilt dei administrative kostnadane framlegget kan påføre nettselskapa som har ansvaret for å betale avgifta til statskassa. Fleire av instansane tek vidare til orde for at det er vanskeleg både for datasentera og nettselskapa å dokumentere og kontrollere ei fordeling mellom forbruk av kraft med full og redusert elavgift. Nettselskapa risikerer økonomisk tap ved feil. Fleire av instansane peiker òg på at framlegget gjer det krevjande for nettselskapa å fakturere kraftforbruket i datasentera.

*Bitcoin- og Blockchainforeningen, Bluefford AS og Vestlandsforskning* meiner mellom anna at framlegget inneheld fleire uklare tekniske avgrensingar. Dei tek òg til orde for at styresmaktene heller burde omfamne og leggje til rette for utviklinga av ny teknologi med føreseielege rammevilkår.

*Advokatforeningen* tek til orde for at framlegget er eigna til å svekkje delar av næringa i Noreg. Dei peiker på at framlegget verkar lite treffsikkert, proporsjonalt, transparent og praktikabelt. Foreininga er òg kritisk til om framlegget er haldbart etter EØS-avtalen (statsstøtte).

## 12.4 Vurderingar og framlegg

Stortinget har ikkje omtalt føremålet med vedtaket om full elavgift for elektrisk kraft til utvinning av kryptovaluta i eit datasenter, jf. Innst. 3 S

(2018–2019) punkt 13.6. Finansministrene og sentralbanksjefane i G20 har peika på at utvinning og bruk av virtuelle valutaer og kryptovaluta kan vere forbundne med utfordringar for samfunnet. Både norske og europeiske styresmakter, samt styresmakter i andre land, har fleire gonger åtvara om desse utfordringane. Dette gjeld spørsmål i samband med mellom anna forbrukar- og investorvern, svindel, kvitvasking og terrorfinansiering. Reint fagleg er det i høve til elavgifta ingen gode argument for ulik behandling av kraftforbruket i eit datasenter etter kva den elektriske krafta vert brukt til. Finansdepartementet kjenner heller ikkje til at andre land med liknande fritak i elavgifta har innført avgrensingar mot utvinning av kryptovaluta, eller at dei har planar om det.

Høyringsinstansane er negative til framlegget. Skattedirektoratet tilrår ikkje framlegget etter høyringa. Det er òg usikkert om og eventuelt når endringa kan ta til å gjelde etter EØS-avtalen. Næringa opplever situasjonen som uviss og lite føreseieleg, noko som er uheldig.

Departementet gjer på denne bakgrunn framlegg om oppheving av vedtaket om at elektrisk kraft til utvinning av kryptovaluta i datasenter vert ilagt full avgift. Departementet viser til framlegg om endring av Stortingets vedtak om avgift på elektrisk kraft romartal II § 1 andre ledd bokstav c.

## 12.5 Administrative og økonomiske følgjer

Departementet kan ikkje sjå at framlegget medfører administrative eller økonomiske følgjer av betydning. For budsjettåret 2019 vart endringa anslått å gje meirinntekter på om lag 10 mill. kroner bokført. Departementet anslår på usikkert grunnlag provenytapet som følgje av opphevinga til 10 mill. kroner bokført.

## 12.6 Iverksetjing

Departementet gjer framlegg om at opphevinga av vedtaket tek til å gjelde straks.

## 13 Fritak for CO<sub>2</sub>-avgift på naturgass og LPG for kvotepliktige verksemder

I Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020* foreslo regjeringa å oppheve fritaket for CO<sub>2</sub>-avgift på naturgass og LPG til kjemisk reduksjon eller elektrolyse, metallurgiske og mineralogiske prosessar. Framlegget vart vedteke av Stortinget, men fleirtalet i finanskomiteen peika på at (jf. Innst. 3 S (2019–2020)):

«CO<sub>2</sub>-avgift og kvotesystemet er to likeverdige virkemidler som skal oppfylle det samme målet, og at norsk fastlandsindustri i utgangspunktet ikke bør være ilagt både kvoteplikt og CO<sub>2</sub>-avgift for samme utslipp. Flertallet ber regjeringen vurdere hvorvidt det finnes muligheter innenfor regelverket til å frita kvotepliktige virksomheter for CO<sub>2</sub>-avgift på naturgass mv.»

I Innst. 216 S (2019–2020), jf. Prop. 67 S (2019–2020), viser fleirtalet i finanskomiteen til denne merknaden og ber om at regjeringa følgjer opp saka seinast i Revidert nasjonalbudsjett 2020.

Departementet er i kontakt med EFTA sitt overvåkingsorgan (ESA) om saka. ESA har for tida høgt arbeidspress og har førebels ikkje kunna behandle saka. Regjeringa vil kome attende til saka i budsjettet for 2021.

Frå 1. april 2020 er naturgass og LPG til kjemisk reduksjon eller elektrolyse, metallurgiske og mineralogiske prosessar igjen friteke for CO<sub>2</sub>-avgift. Regjeringa tek sikte på å gradvis trappe opp avgifta med 25 pst. i 2021, 50 pst. i 2022, 75 pst. i 2023 og full avgift frå 2024, jf. Prop. 70 LS (2019–2020) og Innst. 233 S (2019–2020).

## 14 Ny metode for måling av avgassar (WLTP) i eingongsavgifta for varebilar

Eingongsavgifta for person- og varebilar vert berekna ut frå vekt og utslepp av CO<sub>2</sub> og NO<sub>x</sub>. EU har over ei tid fasa inn nye reglar for måling av avgassar som skal leggjast til grunn ved typegodkjenning av nye motorvogner. Dei nye reglane inneber mellom anna at det skal nyttast ein ny køyresyklus (Worldwide harmonized Light vehicles Test Procedure (WLTP)) ved målinga. Målinga gjev meir realistiske utsleppsverdiar enn den gamle New European Driving Cycle (NEDC), som no vert fasa ut. Dette får mellom anna konsekvensar for eingongsavgifta.

Dei nye reglane har vorte fasa inn gradvis. Frå 1. september 2018 er alle nye personbilar målte etter WLTP. For varebilar gjeld fristane eit år seinare. Fram til 2021 vil det òg verte fastsett CO<sub>2</sub>-utslepp rekna etter NEDC for alle nye person- og varebilar.

I budsjettet for 2020 vart overgangen til WLTP for personbilar gjennomført innanfor ei provenynøytral ramme. Satsane og innslagspunkta i CO<sub>2</sub>-komponenten i eingongsavgifta vart justerte slik at omlegginga vart om lag provenynøytral. Regjeringa varsla i Revidert nasjonalbudsjett 2019 at for varebilar og campingbilar skal NEDC-ver-

diar nyttast ved utrekninga av CO<sub>2</sub>-komponenten i eingongsavgifta ut 2020, og at WLTP vil gjelde frå 1. januar 2021.

Regjeringa vil gjennomføre overgangen til WLTP for varebilar og campingbilar i budsjettet for 2021. Overgangen vil følgje mal frå overgangen for personbilar, ved at den vert gjort innanfor ei provenynøytral ramme og i hovudsak gjennom justeringar av satsar og innslagspunkt innanfor CO<sub>2</sub>-komponenten.

Campingbil er ikkje definert i det køyretøytekniske regelverket, men har ein eigen avgiftsteknisk definisjon. Vanlegvis vert campingbilar bygd med utgangspunkt i køyretøy som teknisk vert klassifisert som varebilar (N1) eller lette lastebilar (N2), men òg personbilar (M1) vert nytta. Reglane for om og korleis utslipp skal fastsettast varierer mellom dei ulike køyretøygruppene, og det er gjeve særlege reglar for spesialbygde køyretøy. Departementet vurderer korleis overgangen til WLTP for campingbilar bør gjennomførast, mellom anna om det vil vere naudsynt med særlege tilpassingar for desse. Regjeringa vil kome attende til den konkrete gjennomføringa i budsjettet for 2021.

## 15 Tollfritak for roser frå GSP+-land

Som andre industriland gjev òg Noreg lågare toll til utviklingsland gjennom GSP-ordninga (Generalized system of preferences). Ordninga er einsidig og kan trekkjast tilbake eller endrast av Noreg. Den norske GSP-ordninga vart etablert i 1971 og har vorte endra fleire gonger.

Utgangspunkt for tollpreferansar etter GSP-ordninga er OECD si liste over utviklingsland som mottek offisiell støtte (DAC-lista). Lista deler inn land i fire grupper ut frå den økonomiske situasjonen deira, slik: 1) minst utvikla land (MUL), 2) andre låginntektsland, 3) lågare mellominntektsland og 4) høgare mellominntektsland. Den norske GSP-ordninga gjev MUL og andre låginntektsland med mindre enn 75 mill. innbyggjarar toll- og kvotefridom for alle varer. Lågare mellominntektsland med mindre enn 75 mill. innbyggjarar vert skilde ut i ei eiga gruppe kalla GSP+, medan andre lågare mellominntektsland og høgare mellominntektsland vert rekna som vanlege GSP-land. GSP+ og vanlege GSP-land får ulike gradar av tollreduksjon på landbruksvarer. Normalt vert lista oppdatert kvart tredje år.

Tollen på avskorne roser er todelt. I perioden 1. november – 31. mars er det tollfritak for alle land (varenummer 06.03.1110 i tolltariffen). I tida 1. april – 31. oktober er allmenn tollsats 249 pst. (varenummer 06.03.1120). Gjennom GSP-ordninga har GSP+-landa i dag ein toll på 150 pst. for desse varene, medan vanlege GSP-land har ein tollsats på 211,7 pst. Samstundes har nokre land gjennom frihandelsavtalar fått lågare toll på roser. Til dømes får EU og EFTA-landa ein tollsats på 150 pst. i sumarhalvåret, dvs. same tollsats som GSP+ har per i dag.

Kenya er i dag det største leverandørlandet av roser til Noreg, følgd av Etiopia og Tanzania. Ei viktig årsak til dette er at landa har tollfritak gjennom den norske GSP-ordninga. Som følgje av øko-

nomisk framgang vil Kenya ved neste revisjon av DAC-lista truleg få endra status frå låginntektsland til GSP+-land. Neste revisjon av lista er venta hausten 2020. Med verknad frå 2021 vil i så fall roser frå Kenya få ein toll på 150 pst. i perioden 1. april – 31. oktober. Med ein slik tollsats vil det truleg ikkje verte importert roser frå Kenya.

GSP-ordninga inneber at utviklingsland som kjem opp i ein høgare inntektskategori, skal miste tollfordelane sine, til fordel for utviklingsland i lågare inntektskategori. Landa i lågare inntektskategori betrar dermed si relative konkurransekraft. For roser vil auka toll for Kenya kome Etiopia og Tanzania til gode, då dei to landa vil behalde tollfritaket sitt fordi dei framleis vil vere MUL. På den andre sida er tollpreferansar gjennom GSP-ordninga meint som hjelp til å byggje opp eigen industri og økonomisk vekst. Det vil vere uheldig om auka toll som følgje av den økonomiske veksten i Kenya, skulle medføre at den store eksporten av roser til Noreg stoppar opp. Landets blomeeksport tapar dessutan store inntekter som følgje av virusutbrotet. Tollauke på roser kan svekkje Kenyas økonomi ytterlegare. Regjeringa ønskjer difor ikkje auka toll på roser frå Kenya.

Den norske GSP-ordninga byggjer på objektive kriterium, noko som inneber at samanliknbare land i same inntektskategori skal behandlast likt. Tollreduksjon for roser bør difor omfatte alle GSP+-land, og ikkje berre Kenya. Per i dag er det ingen GSP+-land som eksporterer roser til Noreg. Ei tollendring for roser vil først ta til å gjelde frå og med 2021. Regjeringa vil difor kome attende i budsjettet for 2021 med framlegg om at toll på avskorne roser mv. (varenummer 06.03.1120) frå GSP+-land vert redusert til null i perioden 1. april – 31. oktober. Omsynet til føreseielege vilkår for roseeksportørane i Kenya og for importørane i Noreg tilseier at endringa vert varsla i god tid.

## 16 Tollfritak på kjøt frå eiga jakt til eige bruk

Departementet gjer framlegg om å lovfeste tollfritak på kjøt frå eiga jakt til bruk i eige hushald.

Eit slikt fritak var tidlegare fastsett i forskrift om administrative tollnedsettelsar for landbruksvarer §19. Som ledd i ein større revisjon av regelverket oppheva Landbruks- og matdepartementet føresegna frå 1. april 2016.

Føresegna innebar at tollstyresmaktene kunne frita frå toll innførsel av inntil 75 kg kjøt frå eiga jakt per jeger per kalenderår til bruk i eige hushald. Fritaket kom i tillegg til reisegodsføresegnene. Det tydde at det i tillegg til jaktkjøtet omfatta av tollfritaket kunne verte innført inntil ti kg kjøt toll- og avgiftsfritt per reisande, på vilkår av at verdien på kjøtet ikkje oversteig verdigrensene i reisegodsføresegnene. Jaktkjøt omfatta av tollfritaket var ikkje friteke for meirverdiavgift. Ved innførsel av jaktkjøt omfatta av tollfritaket måtte kjøtet meldast, leggjast fram og deklarerast til tollstyresmaktene. I tillegg måtte det leggjast ved ei skriftleg fråsegn om at vilkåra for fritaket var oppfylte.

I dag vert fritaket framleis praktisert medan ein ventar på endra reglar. Ei slik endring var på høyring våren 2019. I høyringa vert det foreslått å vedta ei ny føresegn i tolloven som fører vidare tollfritaket på kjøt frå eiga jakt til bruk i eige hushald. Det vert òg foreslått å gje heimel til at Finansdepartementet kan gje føresegn om vilkår

for og omfanget av tollfritaket. Det er etter framlegget ikkje eit krav at det ved innførsel skal leggjast ved ei skriftleg fråsegn om at vilkåra for fritaket er oppfylte. Etter framlegget gjeld fritaket framleis i tillegg til reisegodsføresegnene.

I høyringa støtta Landbruks- og matdepartementet og Norges Jeger- og fiskerforbund framlegget utan ytterlegare merknader. Mattilsynet peika på at det veterinære importregelverket set visse grenser for lovleg innførsel av kjøt. Departementet viser til at tollstyresmaktene framleis vil handheve restriksjonar i anna regelverk. Landbruksdirektoratet peika på at den gjeldande ordninga kan gje eit større insentiv til å overhalde regelverket, då ei fråsegn om at vilkåra for fritaket er oppfylte vert kravd rutinemessig. Departementet viser til at tollstyresmaktene vil følgje opp det nye regelverket for å sikre at reglane vil overhaldast. Om det likevel viser seg mest føremålstenleg at det vert kravd ei fråsegn, kan tollstyresmaktene etter dei vanlege føresegner i tollregelverket framleis krevje ei skriftleg fråsegn ved tollekspedisjonen.

Framlegget vil ikkje ha verknad for provenyet eller administrative følgjer, då framlegget i hovudsaka fører vidare gjeldande praksis.

Departementet gjer framlegg om at endringane tek til å gjelde straks. Departementet viser til framlegg om endring i tolloven § 5-10.



## 17 Meirverdiavgiftsfritak på utolla køyretøy til bruk for ambassadar mm.

Departementet gjer framlegg om å lovfeste meirverdiavgiftsfritak på innanlandsk omsetjing av utolla køyretøy til bruk for ambassadar og konsulat, og deira personell.

Eit slikt fritak har vorte praktisert sidan 1970. Fritaket inneber at ambassadar og konsulat, og deira personell kan kjøpe køyretøy frå forhandlar sitt tollager utan meirverdiavgift.

Når ei vare ligg på eit tollager i Noreg, er ho innført til Noreg. Normalt skal varer tollbehandlast ved innførsel. For varer som ligg på eit tollager skal det likevel først bereknast og betalast toll og avgift, når vara vert teken ut frå tollageret. Eit sal av varer frå tollager vert uansett rekna som innanlandsk omsetjing.

Når ein bilforhandlar sel køyretøy frå tollageret sitt, skal det som hovudregel bereknast og betalast meirverdiavgift. Det er i dag ikkje formell

lovheimel for å frita for meirverdiavgift innanlandsk omsetjing av utolla køyretøy til ambassadar og konsulat og deira personell. Fritaket vert difor i dag praktisert ved at det etter søknad vert gitt dispensasjon. Derimot er det formell lovheimel for fritak for meirverdiavgift på innførsel av køyretøy bestemt til bruk for ambassadar og konsulat, og deira personell. Departementet viser til at det er god grunn til å behandle tilfella likt.

Framlegget har ikkje vore sendt på høyring, men departementet legg til grunn at det ikkje er naudsynt. Framlegget vil ikkje ha verknader for provenyet eller administrative følgjer, då framlegget fører vidare gjeldande praksis.

Departementet gjer framlegg om at endringane tek til å gjelde straks. Departementet viser til framlegg til endring i merverdiavgiftsloven § 6-12.

## 18 Supplerande stønad til uføre flyktningar

Ordninga med supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg vart innført frå 1. januar 2006 for å sikre personar over 67 år med liten eller ingen pensjon frå folketrygda ei minste samla inntekt, jf. lov 29. april 2005 nr. 21. Ytinga vert skattlagt som pensjonsinntekt.

Det er vedteke at ordninga med supplerande stønad skal utvidast til òg å omfatte uføre flyktningar under 67 år. Bakgrunnen for endringa er at dei fleste særreglane for flyktningar i folketrygdloven knytte til butid, vert oppheva, jf. Prop. 10 L (2019–2020) kapittel 7 og Innst. 80 L (2019–2020) punkt 1.7. Flyktningar hadde tidlegare rett til fulle minsteytingar for pensjon og uføretrygd, uavhengig av butid. Endringane i folketrygdloven får verknad for krav om uføretrygd som vert sette fram frå 1. januar 2021, jf. Prop. 117 S (2019–2020). Det inneber at dei berre vil gjelde for nye mottakarar.

Full supplerande stønad til uføre flyktningar skal svare til minste årlege yting for uføretrygd.

Departementet meiner at supplerande stønad til uføre flyktningar bør skattleggjast som uføretrygd og andre uføreytingar, dvs. som løsinntekt. På denne bakgrunnen foreslår departementet enkelte endringar i skatteloven og i reglane om trygdeavgift i folketrygdloven.

Etter skatteloven § 5-42 bokstav a er «uføretrygd etter folketrygdloven kapittel 12» og «uføreytelser fra andre ordningar» skattepliktig inntekt. Minstefrådraget for slike ytingar skal reknast ut frå satsane for løsinntekt etter skatteloven § 6-32 første ledd bokstav a. Departementet legg til grunn at supplerande stønad til uføre flyktningar går inn under omgrepet «uføreytelser fra andre ordningar», og at det ikkje er behov for å endre desse føresegnene.

Etter skatteloven § 12-2 bokstav i inngår «støtte etter lov om supplerande stønad til perso-

nar med kort butid i Noreg» i personinntekta til mottakaren. Vidare inngår «uføretrygd etter folketrygdloven kapittel 12 og uføreytelser fra andre ordningar» i personinntekta etter bokstav j. Supplerande stønad til uføre flyktningar er dermed famna av både bokstav i og j.

Skatteloven § 16-1 inneheld reglar om frådrag i skatt for pensjonsinntekt. Etter skatteloven § 16-1 første ledd bokstav c vert det gjeve skattefrådrag for skattytar som «mottar stønad etter lov 29. april 2005 nr. 21 om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg». For å sikre at det berre vert gjeve skattefrådrag i ytingar som skal skattleggjast som pensjonsinntekt, må bokstav c avgrensast til å gjelde supplerande stønad til personar som har fylt 67 år.

Folketrygdloven § 23-3 regulerer satsane for trygdeavgift. Etter § 23-3 andre ledd nr. 1 bokstav a skal det betalast låg sats av pensjon mv. Det omfattar òg «støtte etter lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg». Departementet foreslår endringar i folketrygdloven § 23-3 andre ledd nr. 1 bokstav a, slik at det uttrykkeleg går fram at det berre skal reknast låg trygdeavgift av supplerande stønad til personar som har fylt 67 år. Supplerande stønad til uføre flyktningar under 67 år vil då gå inn under § 23-3 andre ledd nr. 2 bokstav b. Der framgår det at det skal betalast mellomomsats av «uføreytelser fra andre ordningar», på same måte som av uføretrygd frå folketrygda.

Departementet viser til framlegg om endringar i skatteloven § 16-1 og folketrygdloven § 23-3.

Endringane vil ikkje ha nemneverdige administrative følgjer eller verknader for provenyet. Departementet gjer framlegg om at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2021.

## 19 Overgangsordning for handtering av utleggstrekk ved overføring av kommunal skatteoppkrevjar til Skatteetaten

### 19.1 Innleiing og samandrag

---

I samband med overføring av kommunal skatteoppkrevjar til Skatteetaten gjer departementet framlegg om ein overgangsordning for handtering av utleggstrekk for enkelte typar krav. Framlegget inneber ein forskriftsheimel i skattebetalingsloven § 14-5 fjerde ledd. Heimelen gjev departementet høve til å gjere unntak frå regelen om oppgjer mv. for utleggstrekk i skattebetalingsloven § 14-5 andre ledd for visse kravstypar.

### 19.2 Bakgrunn og gjeldande rett

---

Det gjeld i dag ulike reglar for oppgjer mv. for utleggstrekk avhengig av om kravet vert kravd inn av skattekontoret eller den kommunale skatteoppkrevjaren. I samband med at ansvaret for skatteoppkrevinga vert overført frå kommunane til Skatteetaten frå 1. november 2020, er skattebetalingsloven § 14-5 andre ledd vedtatt endra slik at det gjeld sams reglar for handtering av utleggstrekk for dekning av skatte- og avgiftskrav.

Etter gjeldande rett følgjer utleggstrekk nedlagt av skatteoppkrevjaren reglane for oppgjer mv. for forskotstrekk jf. skattebetalingsloven § 14-5 andre ledd. Dette inneber at arbeidsgivar pliktar å setje inn trekkbeløp på ein skattetrekkskonto etter reglane i skattebetalingsloven kapittel 5 og 10. Utleggstrekk ilagt av skattekontoret følgjer i dag reglane om forfall i tvangsfullbyrdelsesloven § 7-22 første ledd jf. skattebetalingsloven § 10-50. Det gjeld ikkje noko krav om at trekkbeløpet setast inn på ein skattetrekkskonto. Arbeidsgivar betaler kvart trekkbeløp individuelt, markert med KID-nummer som automatisk koplar innbetalinga til rett skyldnar.

### 19.3 Vurderingar og framlegg

---

Det er ønskeleg med sams reglar for handtering av utleggstrekk for dekning av alle krav som vert kravd inn av skattekontoret. I dag er det ikkje systemstøtte hos Skatteetaten for å følgje reglane for oppgjør mv. for forskotstrekk for utlegg nedlagt til dekning av dei krava som i dag vert kravd inn av skattekontoret. Ein slik løysing føreset betydelege systemendringar, særleg med omsyn til forfallstidspunkt og renteberekening. I ein overgangsperiode er det difor naudsynt å gjere unntak frå skattebetalingsloven § 14-5 andre ledd for dei krava som etter dagens reglar krevjast inn av skattekontoret. Departementet gjer framlegg om ein forskriftsheimelen i skattebetalingsloven § 14-5 fjerde ledd. Den gjev departementet heimel til å bestemme at skattebetalingsloven § 14-5 andre ledd ikkje gjeld for visse typar krav.

### 19.4 Administrative og økonomiske følgjer

---

Framlegget inneber ei vidareføring av gjeldande rett for betaling mv. av utleggstrekk som dekkjer dei skatte- og avgiftskrava skattekontoret i dag krev inn, og vil difor ikkje ha særlege administrative og økonomiske konsekvensar.

### 19.5 Ikraftsetjing

---

Departementet gjer framlegg om at endringa tek til å gjelde straks.

## 20 Omgåingsregelen – avklaring

### 20.1 Innleiing og samandrag

Ved endringslov 29. november 2019 nr. 73 vart omgåingsregelen i skatteretten lovfesta som ny § 13-2 i skatteloven. Under behandlinga i Stortinget la fleirtalet i finanskomiteen til grunn at omgåingsregelen ikkje skal nyttast i slike saker som Høgsterett behandla i «ConocoPhillips III»-dommen frå 2014, jf. Innst. 24 L (2019–2020) punkt 2.2. I denne dommen blei eit sal av fast eigedom gjennomført som aksjesal for å få skattefritak etter fritaksmetoden.

Etter dommen la Skatteetaten opp til ein praksis der omgåingsregelen heller ikkje vert nytta når andre eigedeler enn fast eigedom og sjølv næringsverksemda vert overført på ein tilsvarende måte.

I merknadene til fleirtalet i finanskomiteen vert det vist til «Den praksis som er etablert for denne typen transaksjoner». Det er noko uklart om dette gjeld same tilfelle som i dommen (overføring av fast eigedom), eller den vidare praksisen som Skatteetaten la til grunn (overføring av alle typar eigedeler og sjølv næringsverksemda).

Etter departementet si vurdering er det mykje som taler for å bruke omgåingsregelen på vanleg vis når anna enn fast eigedom vert overført på ein slik måte. Departementet meiner merknadene i Innst. 24 L (2019–2020) siktar til overføring av fast eigedom, som i dommen.

I dette kapitlet gjer departementet greie for si forståing av gjeldande rett etter lovfestinga av omgåingsregelen.

### 20.2 Bakgrunn og problemstilling

Dommen Høgsterett avsa i Rt. 2014 s. 227 galdt sal av kontorbygg frå eit selskap. Hadde selskapet selt eigedomen, ville det ha utløyst gevinstskatt. I staden blei salet gjennomført som aksjesal for å få skattefritak etter fritaksmetoden. Kontorbygget var opphavelag lagt inn i eit «single purpose» eigedomsselskap, som hadde som føremål å eige bygget og leige det ut til morselskapet (Norske ConocoPhillips AS). Seinare blei òg noko anna verk-

semd lagt inn i selskapet. Etter ei tid hadde ikkje lenger selskapet bruk for bygget, og eigedomsselskapet blei seld til eit anna selskap. Etter at salsavtalen var inngått, men før aksjane blei overført til kjøper, vart det avtalt at selskapet skulle fisjonere ut alt anna enn kontoreigedomen. Kontoreigedomen vart då den einaste eigedelen i det selskapet som vart selt, og det var berre kontoreigedomen kjøpar var interessert i. Skattepliktig gevinst ved vanleg sal av eigedomen ville ha vorte om lag 63 millionar kroner, og selskapet sparte ca. 17,5 millionar kroner i skatt ved å velje ein slik overføringsmåte.

Staten meinte dette var ei typisk skatteomgåing, der selskapet hadde innretta seg berre med tanke på å unngå skatt. I staden for å gå fram på vanleg vis ved eit eigedomssal, vart det valt ei skattemotivert kunstig form med fisjon og etterfølgjande aksjesal.

Høgsterett kom til at den dåverande ulovfesta omgåingsregelen ikkje kunne nyttast i dette tilfellet. Høgsterett la særleg vekt på at transaksjonen ikkje var i strid med føremålet bak fritaksmetoden, og at denne typen transaksjonar var nemnde i lovforarbeid til fritaksmetoden utan at det var gjeve ein særregel for å motverke dette. Dommen var samrøystes.

Då framlegget til lovfesta omgåingsregel vart lagt fram for Stortinget, jf. Prop. 98 L (2018–2019), oppstod det tvil om den rettsstillingen som dommen etablerte, ville ha vorte endra. Dommen var nemnd fleire stader i proposisjonen, og på fleire av desse stadene var det framlegg om endringar og presiseringar. Dette galdt betydinga av at eit omgåingstilfelle er nemnt i lovforarbeid (jf. punkt 7.4.6 i proposisjonen), at reglar som er brukte som verkemedel i ein transaksjon er nytta i samsvarende med sitt føremål (jf. punkt 7.4.2 i proposisjonen) og om bruk av omgåingsregelen kan gje ei konsistent løysing (jf. punkt 7.4.10 i proposisjonen).

I Innst. 24 L (2019–2020) tok Finanskomiteen opp denne usikkerheita:

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet De

Grønne og Rødt, viser til flere av instansenes innspill om at proposisjonen kan skape tvil om hvorvidt Høyesteretts avgjørelse i den såkalte ConocoPhillips III-dommen, inntatt i Rt. 2014 s. 227, fortsatt er gjeldende rett.

Flertallet viser til at det i brev til Finansdepartementet er søkt å få en ytterligere klarlegging av departementets syn. I svaret viser departementet til at «den praksis som dommen etablerer for disse typetilfellene, ikke nødvendigvis bør endres».

Departementet mener at Høyesteretts begrunnelser i dommen er uheldige, men finner at det «[u]t i fra en mer spesifikk vurdering av sakskomplekset i dommen [...] kan være grunnlag for å videreføre den praksis som er etablert gjennom dommen».

Flertallet vil vise til departementets omtale av den nevnte dommen og mener at det slik dommen er trukket inn i de generelle drøftelsene i proposisjonen, kan oppstå tvil omkring den rettstilstanden som Høyesteretts avgjørelse i saken etablerer.

Den praksis som er etablert for denne typen transaksjoner, er det etter flertallets syn ikke grunn til å endre. Flertallet legger med dette til grunn at rettstilstanden for denne typen transaksjoner ikke vil bli endret som følge av vedtakelsen av en ny bestemmelse i § 13-2 i skatteloven.

Selv om flertallet legger til grunn at dette lovforslaget ikke endrer gjeldende rett for transaksjoner som nevnt ovenfor, er flertallet helt på linje med proposisjonen når det gjelder betydningen av at en omgåelsesmulighet er nevnt i lovforarbeidene. Det skal ikke ha betydning for domstolenes vurdering i en slik sak, at en mulig omgåelse er nevnt eller kommet opp i lovgivers tidligere behandlinger av saker innenfor dette emnet. Flertallet slår med dette fast dette prinsippet og slutter seg til departementets vurderinger og forslag, jf. pkt. 7.4.6 i proposisjonen.»

Denne presiseringa frå fleirtalet i komiteen klar- gjer at den lovfesta omgåingsregelen ikkje skal nyttast i dei typetilfella som vart behandla i Rt. 2014 s. 227.

Etter at Høgsterett avsa dommen i 2014, la Skatteetaten til grunn i sin praksis at resultatet i domen ikkje berre skulle ha verknad ved overføring av fast eigedom, men òg ved overføring av andre typar eigedeler og sjølve nærings- verksemda. Det vil seie at omgåingsregelen ikkje vert nytta i nokre slike tilfelle. Ei slik vid forståing

av dommen er komen til uttrykk i Skattedirekto- ratet sitt skriv av 5. mai 2014, Skatte-ABC, fleire bin- dande førehandstilsegner og i Skattedirektoratet sin kommentar til domen i Rt. 2014 s. 227.

Når det i presiseringa til fleirtalet i komiteen vert vist til «Den praksis som er etablert for denne typen transaksjoner», er det uklårt om dette siktar til høgsterettspraksis og det som vart behandla i høgsterettsdommen (overføring av fast eigedom), eller om det siktar til den vidare praksisen som Skatteetaten la opp til (overføring av alle typar eigedeler og sjølve verksemda).

Departementet meiner mykje taler for å for- tolke innstillinga slik at omgåingsregelen skal kunne brukast på vanleg måte når anna enn fast eigedom vert overført ved slike transaksjonar. Sjå nærare drøfting i punkt 20.3.

### 20.3 Vurderingar

Dommen i Rt. 2014 s. 227 gjeld overføring av fast eigedom.

Departementet meiner ei rekkje moment taler for at omgåingsregelen skal kunne nyttast på van- leg vis når anna enn fast eigedom vert overdratt på tilsvarande måte.

Departementet viser til følgjande grunnar:

- Det er vanleg å leggje fast eigedom inn i eit «single purpose» selskap. Vert dette gjort frå starten av eller i ei viss tid før salet, vil transak- sjonen stå seg. Det er nok generelt mindre van- leg å plassere andre eigedelar i eigne selskap. At andre typar eigedelar vert skilde ut i eigne selskap i tett samanheng med eit sal, kan i større grad vere utslag av skattetilpassing.
- Omgåingsregelen vil verte mindre effektiv om han aldri skal kunne brukast når andre eige- delar enn fast eigedom vert overførte på tilsva- rande vis. Når det er tett samanheng mellom omorganiseringa og aksjesalet i tid og på annan måte, kan det heile framstå som ein samla skat- temotivert transaksjon. Er skattemotivet fram- tredande, transaksjonane ligg nær i tid og ei totalvurdering taler for at det er eit omgåingstil- felle, bør omgåingsregelen kunne nyttast på vanleg måte. Før ConocoPhillips-dommen vart avsagt, hadde Skattedirektoratet retningsliner for når det kunne vere aktuelt å bruke omgå- ingsregelen i slike tilfelle, og tilsvarande ret- ningsliner bør framleis gjelde når anna enn fast eigedom vert overdrege.
- Ei vid avgrensing skapar risiko for arrange- ment som kan leie til vesentleg endeleg prov- enytap. Det er vanskeleg å få full oversikt over

dei ulike variantane som kan verte brukte, og dei økonomiske verknadene av desse. Ei avgrensing til fast eigedom gjer det lettare å ha oversikt over tilfelle der omgåingsregelen ikkje kan nyttast. Dette er eit sentralt argument for ei snever avgrensing.

- Det er òg prinsipielle omsyn som kan tale for å avgrense til fast eigedom. Ei vidare avgrensing vil innebere at skattyter langt på veg kan bestemme om eit sal skal skje på vanleg måte

med skatteplikt, eller verte ordna som eit skattefritt aksjesal. Det vil bety at skatteregler gjev sterk føring på måten transaksjonar vert gjorde, og at reglane om gevinstskatt vert svekka.

På denne bakgrunnen legg departementet til grunn at omgåingsregelen kan nyttast på vanleg måte når anna enn fast eigedom vert overdrege på tilsvarande vis som i Rt. 2014 s. 227.

## 21 Opprettingar og presiseringar

### 21.1 Skatteloven § 2-30

---

Skatteloven § 2-30 første ledd bokstav e nr. 3 inneheld ein regel om at Statens bankinvesteringsfond er friteken for skatteplikt. Statens bankinvesteringsfond vart avvikla ved lov 16. juni 2006 nr. 35 om oppheving av lov 29. november 1991 nr. 78 om Statens Bankinvesteringsfond. Ved avviklinga av Statens bankinvesteringsfond vart skatteloven § 2-30 ved ein inkurie ikkje endra. Departementet foreslår at det vert retta opp i dette og viser til framlegg om endring i skatteloven § 2-30 første ledd bokstav e. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### 21.2 Skatteloven § 5-15

---

I samband med statsbudsjettet for 2020 vart det gjort endringar i reglane om skattefritak for arbeidsgjevar si dekking av pendlarreiser med fly, jf. Prop. 1 LS (2019–2020) punkt 4.3. For å gjere reglane meir tilgjengelege for skattytarar og arbeidsgjevarar, vart samstundes hovudreglane om arbeidsgjevar si dekking av pendlarutgifter (kost, losji og besøksreiser) tekne ut av skattelovforskrifta § 5-15-5 tolvte ledd og samla på ein stad i skatteloven § 5-15 første ledd bokstav q.

Ved ein inkurie har unntaka frå forskrifta ikkje vorte med over i skatteloven § 5-15 første ledd bokstav q. Unntaka gjeld utanlandske arbeidstakarar som krev standardfrådrag etter skatteloven § 6-70 eller som vert skattlagde etter reglane i skatteloven kapittel 19. Departementet foreslår at ein tek desse unntaka inn i lovføresegna, og viser til framlegg om endring av skatteloven § 5-15 første ledd bokstav q. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### 21.3 Skatteloven § 6-40

---

Skatteloven § 6-40 femte ledd bokstav a inneheld ein regel om at det ikkje vert gitt frådrag for renter som sparebank og gjensidige forsikringsselskap, samvirkeforetak av låntakarar og sjølvei-

gande finansieringsforetak har utbetalt på egenkapitalbevis. Føresegna inneheld tilvisingar til lov om sparebanker § 2 andre ledd, forsikringsloven § 4-2 andre ledd og finansieringsvirksomhetsloven. Desse føresegnene er oppheva og erstatta av føresegner i lov 10. april 2015 nr. 17 om finansforetak og finanskonsern (finansforetaksloven) §§ 10-9 flg. Departementet foreslår at det vert retta opp i dette og viser til framlegg om endring i skatteloven § 6-40 femte ledd bokstav a. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### 21.4 Skatteloven § 6-53

---

#### 21.4.1 Innleiing og samandrag

I 2017 vart det innført ei skatteinsentivordning med frådrag for langsiktige investeringar i oppstartsselskap i skattelova § 6-53. Etter ordninga kan personlege investorar få frådrag for aksjeinnskot i slike selskap. Ved innføringa av ordninga vart det lagt til grunn at den innebar statsstøtte for verksemdene etter EØS-retten. Ordninga vart meldt til EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) etter reglane i gruppeunntaket, jf. EU-forordning nr. 651/2014 (Gruppeunntaksforordninga) og forskrift om unntak frå notifikasjonsplikt for offentlig støtte av 14. november 2008 nr. 1213.

I 2018 og 2019 har ESA gjennomført ein kontroll av ordninga der dei har undersøkt om vilkåra i Gruppeunntaksforordninga er oppfylt. Dei har i den samanheng peika på nokre manglar som dei ber om at vert retta opp. Regjeringa foreslår endringar i skattelova § 6-53 i tråd med oppmodinga frå ESA.

I Prop. 130 LS (2016–2017) går det fram at ordninga er utforma innanfor rammene av Gruppeunntaksforordninga. Departementet legg til grunn at dei presiseringane av ordninga som vert foreslått for å sikre at den er i tråd med Gruppeunntaksforordninga, ikkje inneber materielle endringar.

Departementet viser til framlegg om endringar i skatteloven § 6-53.

Departementet foreslår at dei nye reglane tek til å gjelde straks.

### 21.4.2 Gjeldande rett

Personlege investorar kan krevje frådrag for langsiktige investeringar i oppstartsselskap etter skattelova § 6-53. Ordninga vart innført i 2017 med føremål å motivere til auka investeringar i slike selskap. Lovforarbeida til reglane er særleg Prop. 130 LS (2016–2017).

Frådraget for langsiktige investeringar i oppstartsselskap gjeld berre for innskot i aksjeselskap. Personlege investorar kan få frådrag på inntil 500 000 kroner årleg for aksjeinnskot i eitt eller fleire selskap. Eit selskap kan ikkje ta imot meir enn 1 500 000 kroner i årleg aksjeinnskot som gjev rett til frådrag. Vidare må investoren halde aksjane i minst tre år for å få rett til frådraget. Aksjeinnskot som er lågare enn 30 000 kroner, gjev ikkje rett til frådrag. Selskapet må ha færre enn 25 tilsette, berekna ut frå årsverk, og korkje driftsinntekter eller balansesum kan overstige 40 mill. kroner. For å motverke skattetilpassing vert det stilt krav om eit årleg lønsgrunnlag på minst 400 000 kroner i selskapet, og selskapet må dessutan hovudsakleg drive aktivitet som ikkje er passiv kapitalforvaltning.

Frådraget skal gjere det meir attraktivt å investere i oppstartsselskap og føre til fleire og/eller større investeringar i slike selskap. Etter EØS-retten vert slik investeringsstøtte rekna som statsstøtte for oppstartsselskapa. Statsstøtte må i utgangspunktet notifikiserast og godkjennast av ESA før den kan ytast. Gruppeunntaksforordninga gjev likevel eit høve til denne forma for støtte, jf. artikkel 21. Ordninga i skattelova § 6-53 er utforma for å oppfylle krava i Gruppeunntaksforordninga og er meldt til ESA i tråd med reglane i forordninga.

### 21.4.3 Vurderingar og framlegg

ESA har kontrollert at skatteinsentivet for langsiktige investeringar i oppstartsselskap oppfyller vilkåra i Gruppeunntaksforordninga. Kontrollen omfattar både dei generelle vilkåra i forordninga sitt kapittel 1 og dei særskilte vilkåra i kapittel 21. Overvakingsorganet har vurdert reglane og den offentlege rettleiinga om ordninga, herunder Skatte-ABC og skjema og rettleiingar til skattemeldinga. ESA har konkludert med at nokon av vilkåra i forordninga anten ikkje kjem fram, eller ikkje kjem tydeleg nok fram. Desse vilkåra, og ESA si oppmoding om korleis dei skal følgjast opp, er vurdert nedanfor.

Verksemder som ikkje har oppfylt krav om å betale attende

Etter Gruppeunntaksforordninga artikkel 1 (4) bokstav a, kan verksemder som ikkje har oppfylt eit krav om å betale attende tidlegare mottatt statsstøtte som er erklært ulovleg og ikkje i tråd med den indre marknaden, ikkje få støtte frå ordninga. Dette går ikkje fram av lovteksten i skatteloven § 6-53. ESA oppmodar om at vilkåret vert teke inn i lovteksten.

Departementet foreslår å presisere eit slikt vilkår i ny bokstav f i skattelova § 6-53 andre ledd.

Verksemder i vanskar

I skattelova § 6-53 andre ledd e går det fram at «Selskapet kan ikke være i økonomiske vanskeligheter på tidspunktet for kapitalforhøyelsen». I Gruppeunntaksforordninga er «verksemder i vanskar» definert i artikkel 2 (18). ESA tilrår at forordninga si definisjon, eller ei tilvising til definisjonen, vert inkludert i informasjonen om ordninga.

Departementet foreslår å ta inn ei tilvising til Gruppeunntaksforordninga artikkel 2 (18) i skatteloven § 6-53 andre ledd bokstav e.

Kumulering

Når det skal avgjerast om grensene for meldeplikt og støtteintensitet er overhaldne, skal det takast omsyn til den samla statsstøtta for verksemda, jf. Gruppeunntaksforordninga artikkel 8 (1). Støtta kan kumulere med ein kvar statsstøtte med kostnadar som kan identifiserast, og med statsstøtte med kostnadar som ikkje kan identifiserast opp til den høgaste relevante terskelen for finansiering jf. Gruppeunntaksforordninga artikkel 8(4). ESA tilrår at vilkåra vert inkludert i lova, men uttalar òg at det kan vere tilstrekkeleg å vise til § 3 i den norske forskrifta om offentlig støtte (forskrift 4. desember 1992 nr. 907 om offentlig støtte). Sistnemnde inneheld ein generell regel om kumulering av offentlig støtte.

Departementet foreslår å ta inn ei tilvising til § 3 i forskrifta om offentlig støtte.

Børsnoterte verksemder

Støtteordninga kan berre gjelde for føretak som ikkje er notert på børs, jf. Gruppeunntaksforordninga artikkel 21 (5). ESA tilrår at vilkåret går fram av lova.



Ordninga gjeld for aksjeinnskot i aksjeselskap. Den gjeld òg for utanlandske selskap som svarer til aksjeselskap, når dei høyrer heime i eit land innanfor EØS, og er skattepliktig etter skattelova § 2-3 første ledd bokstav b. Avgrensinga til aksjeselskap skal i utgangspunktet sikre at reglane ikkje gjeld for føretak notert på børser. Departementet foreslår likevel å ta inn eit nytt siste punktum i skattelova § 6-53 andre ledd bokstav a der det uttrykkeleg går fram at selskapet ikkje kan vere notert på børser.

#### **21.4.4 Administrative og økonomiske følgjer**

Framlegget inneber hovudsakleg ei lovfesting av gjeldande rett. Det vil difor ikkje ha økonomiske konsekvensar. Departementet legg til grunn at forslaget vil gjere regelverket klårare.

#### **21.4.5 Iverksetjing**

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

### **21.5 Skatteloven § 6-70**

---

Skatteloven § 6-70 tredje ledd bokstav c inneheld mellom anna ei tilvising til § 6-47 «a og b». Det rette skal vere § 6-47 «første ledd a og b». Departementet foreslår at tilvisinga vert retta, og viser til framlegg om endring i skatteloven § 6-70 tredje ledd bokstav c. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### **21.6 Skatteloven § 6-82**

---

Ved ein inkurie byrjar lovteksten i skatteloven § 6-82 med bokstaven «i». Departementet foreslår at dette vert retta opp, og viser til framlegg om endring av skatteloven § 6-82. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### **21.7 Skatteloven § 10-1**

---

Skatteloven § 10-1 første ledd inneheld ei tilvising til føresegnene i §§ 10-2 til 10-5. Skatteloven § 10-5 vart oppheva ved lov 18. desember 2015 nr. 115. Departementet foreslår at tilvisinga vert retta, og viser til framlegg om endring i skatteloven § 10-1 første ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### **21.8 Skatteloven § 10-36**

---

Skatteloven § 10-36 fjerde ledd inneheld ei tilvising til lov 10. juni 2005 nr. 44 om forsikringsselskaper, pensjonsforetak og deres virksomhet mv. § 9-7. Tittelen til den sistnemnde lova vart endra til lov om forsikringsvirksomhet (forsikringsvirksomhetsloven) i samband med iverksetjinga av finansforetaksloven. Samstundes vart føresegna i § 9-7 oppheva og i hovudsak vidareført i same lov § 3-11. Departementet foreslår at tilvisinga vert retta, og viser til framlegg om endring i skatteloven § 10-36 fjerde ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### **21.9 Skatteloven §§ 10-41 og 10-65**

---

#### **21.9.1 Innleiing og samandrag**

Departementet foreslår lovtekniske presiseringar for å klårgjere at det skal inntektsførast tre prosent ved utdeling frå eit selskap med deltakarfastsetjing til eit anna selskap med deltakarfastsetjing og til eit norsk-kontrollert utanlandsk selskap. Framlegga inneber ikkje endringar av gjeldande rett, og vil difor ikkje ha administrative eller økonomiske konsekvensar. Departementet viser til framlegg om endringar i skatteloven §§ 10-41 andre ledd og 10-65 andre ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

#### **21.9.2 Gjeldande rett**

Fritaksmetoden i skatteloven § 2-38 inneber at selskapsaksjonærar i stor grad er fritaken for skatt på aksjeutbyte og gevinst ved realisasjon av aksjar og andelar mv. På den andre sida får ein i utgangspunktet ikkje frådrag for tilsvarande tap. Føremålet med fritaksmetoden er å forhindre at inntekter vert skattlagt fleire gonger i ei eigarkjede av selskap.

Skatteloven § 2-38 har nærare reglar om kva slags selskap og samanslutningar som er omfatta (subjektsida) og kva slags inntekter og tap som er omfatta (objektsida) av fritaksmetoden. Selskap med deltakarfastsetjing er ikkje subjekt under fritaksmetoden. Det følgjer likevel av skatteloven § 10-41 andre ledd at inntekter og tap som fell inn under fritaksmetoden, skal haldast utanfor ved berekning av inntekta til deltakarane i selskap med deltakarfastsetjing. Vidare følgjer det av skatteloven § 10-41 andre ledd at fleire av føresegnene i skatteloven § 2-38 skal gjelde tilsvarande for selskap med deltakarfastsetjing.

Skatteloven § 2-38 sjette ledd gjev heimel for ein såkalla treprosentregel. Treprosentregelen går ut på at aksjeutbyte som i utgangspunktet er friteken for skatt etter fritaksmetoden, likevel skal inntektsførast med tre prosent, jf. bokstav a første punktum. Det er vidare bestemt at «tilsvarende» skal gjelde ved utdeling frå selskap med deltakarfastsetjing, jf. bokstav a andre punktum. Føremålet med inntektsføring etter treprosentregelen er å sørje for ein sjablongmessig reversering av frådragsførte kostnadar knytt til den fritekne inntekta, jf. skatteloven § 6-24.

For selskap med deltakarfastsetjing følgde plikta til tre prosent inntektsføring tidlegare av ei tilvising frå skatteloven § 10-41 andre ledd til skatteloven § 2-38 sjette ledd. Tilvisinga innebar at selskap med deltakarfastsetjing skulle inntektsføre tre prosent både når selskapet fekk aksjeutbyte frå eit underliggjande aksjeselskap, og når selskapet fekk utdeling frå eit underliggjande selskap med deltakarfastsetjing.

Ved lovendring gjeldande frå og med inntektsåret 2014 vart tilvisinga til skatteloven § 2-38 sjette ledd teke ut og erstatta med ei føresegn i skatteloven § 10-41 andre ledd siste punktum om at «[d]et skal likevel inntektsføres 3 prosent av utbytte som nevnt i § 2-38 annet ledd a». Lovendringa vart gjort i samband med innføring av fritaksmetoden for norsk-kontrollerte utanlandske selskap (NOKUS-selskap). I Prop. 1 LS (2013–2014) punkt 14.4 er føremålet med endringa omtalt slik:

«For deltakerlignede selskaper framgår i dag plikten til 3 pst. inntektsføring av en henvisning fra skatteloven § 10-41 annet ledd til skatteloven § 2-38 sjette ledd. Det foreslås en mindre endring av skatteloven § 10-41 annet ledd slik at plikten til inntektsføring beskrives direkte i bestemmelsen, i stedet for gjennom en henvisning til § 2-38 sjette ledd. Det vil gjøre bestemmelsen mer brukervennlig, og utformingen mer konsistent med den foreslåtte bestemmelsen i § 10-65 annet ledd.»

Skatteloven § 10-65 andre ledd, som det er vist til i lovforarbeida, inneheld i fjerde punktum ei tilsvarende føresegn som skatteloven § 10-41 andre ledd siste punktum om tre prosent inntektsføring av aksjeutbyte.

### 21.9.3 Vurderingar og framlegg

Etter ovannemnde lovendring kan ordlyden i skatteloven § 10-41 andre ledd tilseie at treprosent-

regelen berre gjeld når selskap med deltakarfastsetjing får utbyte frå underliggjande aksjeselskap, og ikkje når selskapet får utdeling frå underliggjande selskap med deltakarfastsetjing. Det følgjer av sitatet over frå Prop. 1 LS (2013–2014) punkt 14.4 at lovendringa var av ein redaksjonell art, og at endringa difor ikkje var meint å vere ei realitetsendring. Etter det departementet kjenner til har lovendringa heller ikkje i praksis vorte oppfatta som ei endring av gjeldande rett.

Prinsipielle og systemmessige omsyn tilseier at treprosentregelen gjeld i same utstrekning som det gjevast frådrag for kostnadar knytt til skattefri inntekt. Skatteloven § 6-24 bestemmer at det skal gjevast frådrag for kostnad knytt til «*inntekt som er fritatt for skatteplikt etter § 2-38*». I Prop. 1 LS (2011–2012) punkt 14.3.2 er det lagt til grunn at skatteloven § 6-24 skal tolkast slik at den gjev heimel for frådragsrett for kostnadar knytt til skattefrie inntekter på eigarandelar i selskap med deltakarfastsetjing.

For å unngå tvil rundt spørsmålet, foreslår departementet ei presisering av lovteksten i skatteloven § 10-41 andre ledd, slik at det eksplisitt følgjer av ordlyden at det skal inntektsførast tre prosent ved utdeling frå eit selskap med deltakarfastsetjing til eit anna selskap med deltakarfastsetjing.

Departementet foreslår vidare at det vert gjort ei tilsvarende presisering i skatteloven § 10-65 andre ledd for utdelingar frå selskap med deltakarfastsetjing til norsk-kontrollerte utanlandske selskap (NOKUS-selskap).

### 21.9.4 Administrative og økonomiske følgjer

Departementet finn at dei foreslåtte endringane er presiseringar av den gjeldande rettstilstanden. Endringane vil av den grunn ikkje innebere økonomiske eller administrative konsekvensar.

### 21.9.5 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

## 21.10 Iverksetjingstidspunkt for skatteloven § 14-5 fjerde ledd bokstav h

Noterte bankar og finansføretak pliktar å ta i bruk IFRS 9 som standard for rekneskap i 2018. I samband med budsjettet for 2019 gav lovgjevar ei særskilt regulering i skatteloven § 14-5 fjerde ledd bokstav h som heimla retten til å trekkje frå (ev.

plikta til å føre til inntekt) differansen som kunne oppstå når føretaka gjekk over til IFRS 9, med skattemessig konsekvens i 2019.

I desember 2018 vart det vedteke forskriftsendringar slik at òg unoterte bankar og finansføretak skal nytte IFRS 9, seinast i 2020. I samband med budsjettet for 2020 vart reguleringa utvida til òg å gjelde dei unoterte bankane og finansføretaka som fekk ein differanse i rekneskapet ved overgangen, og føre han i overgangsåret.

Justeringane i § 14-5 fjerde ledd bokstav h fekk verknad for skattlegginga frå og med inntektsåret 2020. For føretaka som gjekk over til IFRS 9 i 2019, førte dei naudsynte justeringane i bokstav h, saman med tidspunktet endringa tok til å gjelde, til at desse føretaka ikkje har heimel til å føre til frådrag tapet (eller pliktar å føre gevinsten til inntekt som oppstod som følgje av implementeringa).

Departementet gjer difor framlegg om at dei vedtekne endringane frå Prop. 1 LS (2019–2020) får verknad frå og med inntektsåret 2019.

For bankar og finansføretak der tapsavsetjinga auka som følgje av overgangen til IFRS 9, vil denne endringa gje dei heimel til å føre tapet til frådrag i skattemeldinga. Føretaka som fekk redusert tapsavsetjing då dei implementerte IFRS 9 i 2019 har teknisk sett ikkje vore skattepliktige for differansen slik tidspunktet for iverksetjing vart sett ved endringa i budsjettet for 2020.

Departementet finn like fullt at føremålet med og bakgrunnen for dei føregåande endringane i skatteloven § 14-5 fjerde ledd bokstav h har vore tydeleg kommuniserte i både forarbeida og lovteksten. Dei skattepliktige har ikkje ei rettkomen forventning om eit særskilt gunstig fritak for dei reduserte tapsavsetjingane. Det vil òg bryte med symmetriprinsippet om dei auka avsetjingane kjem til frådrag som følgje av endringa av iverksetjingstidspunktet, men at reduserte tapsavsetjingar ikkje skal påverke skatteplikta.

Departementet gjer difor framlegg om at dei vedtekne endringane frå Prop. 1 LS (2019–2020) får verknad frå og med inntektsåret 2019, og viser til framlegg om endring i lov 20. desember 2019 nr. 94 om endringar i skatteloven.

### 21.11 Skatteloven § 16-28

Skatteloven § 16-28 andre ledd siste punktum inneheld ei tilvising til § 12-11. Tilvisinga gjeld ein versjon av § 12-11 om identifikasjon mellom nærstående som vart oppheva med verknad frå og med inntektsåret 2006. Departementet foreslår at

tilvisinga til § 12-11 vert fjerna, og at det vert gjeve heimel til å gje forskrift om identifikasjon mellom nærstående etter § 16-28.

Departementet viser til framlegg om endring i skatteloven § 16-28 andre ledd siste punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### 21.12 Skatteloven § 17-10

Skatteloven § 17-10 gjeld avgrensing av kjeldeskatte på pensjon mv. for personar som ikkje får utnytta personlege frådrag i heimstaten. Føresegna vart innført ved lov 20. desember 2019 nr. 94 med verknad frå og med inntektsåret 2019. Etter føresegna kan skattytar på nærare vilkår få sett ned kjeldeskatte.

Etter § 17-10 andre ledd andre og tredje punktum skal minstefrådraget og personfrådraget reknast ut etter høvet mellom skattepliktig inntekt etter § 2-3 fjerde ledd og skattytarens samla inntekt. For pensjon «gis også frådrag etter § 16-1», jf. § 17-10 andre ledd siste punktum.

§ 16-1 gjeld skattefrådrag for pensjonsinntekt (pensjonsskattefrådraget). Dette frådraget vert først trappa ned mot samla pensjonsinntekt etter § 16-1 tredje ledd, utan at beløpsgrensene ved nedtrappinga vert justerte ut frå høvet nemnt over. For å gjere det klårt at frådraget deretter skal reknast ut etter høvet mellom skattepliktig inntekt etter § 2-3 fjerde ledd og skattytarens samla inntekt, som minstefrådraget og personfrådraget, foreslår departementet å presisere det i lovteksten. Det inneber til dømes at ein person som har 70 pst. av pensjonen utbetalt frå Noreg, typisk vil få kjeldeskatte avgrensa til 70 pst. av den skatten vedkomande måtte betalt om all pensjonen var norsk og skattlagd i Noreg etter vanlege reglar.

Departementet viser til framlegg om endring i skatteloven § 17-10 andre ledd siste punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2019, då ny § 17-10 fekk verknad.

### 21.13 Opprettingar i skatteloven som følgje av endringar i reglane om skattlegging av ektefellar

Med verknad frå 1. januar 2020 vart det gjort endringar i reglane om skattlegging av ektefellar, jf. Prop. 115 LS (2018–2019) kapittel 6. Endringane i skatteloven §§ 2-10 til 2-12 inneber mellom anna at

ektefellar ikkje lenger vert skattlagde saman for alminneleg inntekt. Det er behov for nokre justeringar i skatteloven som følgje av desse endringane.

Skatteloven § 6-32 andre ledd første punktum inneheld reglar om særskild utrekning av minste-frådrag for personar som vert skattlagde saman. Departementet foreslår å fjerne tilvisingane til §§ 2-10 og 2-12, og å endre lovteksten slik at det går fram at særskild utrekning no berre gjeld foreldre og barn under 17 år, og ikkje for ektefellar.

I skatteloven § 6-90 tredje ledd og § 16-10 tredje ledd finn ein reglar om fordeling av frådrag mellom kommunar og fordeling av frådrag for BSU for ektefellar. Vidare har ein reglar om utrekning av skatteavgrensing for ektefellar i skatteloven § 17-2. Departementet foreslår å rette desse føresegnene slik at dei samsvarar med gjeldande reglar om skattlegging av ektefellar.

Departementet viser til framlegg om endringar i skatteloven § 6-32 andre ledd, § 6-90 tredje ledd, § 16-10 tredje ledd og § 17-2 første og andre ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

#### **21.14 Opprettingar i skatteloven og skatteforvaltningsloven som følgje av endringar i reglane om underhaldsbidrag mv.**

Med verknad frå 1. januar 2020 er underhaldsbidrag mv. ikkje lenger skattepliktig inntekt for motakaren, jf. Prop. 1 LS (2019–2020) punkt 4.3. Endringa gjer at det er behov for justeringar av einskilde føresegner i skatteloven og i skatteforvaltningsloven.

Skatteloven § 6-32 andre ledd andre punktum inneheld ein regel om særskilt minste-frådrag i barn si inntekt, medan skatteloven § 6-49 inneheld ein regel om særskilt inntektsfrådrag i barn si inntekt. Endringar i reglane om underhaldsbidrag mv. inneber at slike ytingar ikkje lenger er skattepliktig inntekt. Reglane om særskilt minste-frådrag og særskilt inntektsfrådrag i barn si inntekt gjeld i dag berre barnepensjon, og ikkje barnebidrag eller anna yting til underhald av barn. Departementet foreslår difor at lovteksten i desse føresegnene vert retta opp slik at det går fram at reglane om særskilt minste-frådrag og inntektsfrådrag for barn berre gjeld barn som får barnepensjon.

Opphevinga av skatteplikta for underhaldsbidrag mv. inneber samstundes at Nav ikkje lenger skal melde frå til skattemyndigheitene om slike ytingar i medhald av skatteforvaltningsloven § 7-2 første ledd bokstav b. Det er òg behov for å til-

passe ordlyden i skatteforvaltningsloven § 7-9 andre ledd, slik at det går fram at Nav no berre skal melde frå til skattemyndigheitene om eventuell bidragsgjeld. Departementet foreslår at desse føresegnene vert retta.

Departementet viser til framlegg om endringar i skatteloven § 6-32 andre ledd og § 6-49, og til endringar i skatteforvaltningsloven § 7-2 første ledd bokstav b og § 7-9 andre ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

#### **21.15 Merverdiavgiftsloven § 6-7**

Merverdiavgiftsloven § 6-7 første ledd inneheld ei tilvising til Stortingets vedtak om engangsavgift § 5 første ledd bokstav i. Rett tilvising skal vere § 7 første ledd bokstav i. Departementet foreslår at tilvisinga vert retta.

Merverdiavgiftsloven § 6-7 gjev departementet heimel til å gje forskrifter både i tredje og fjerde ledd. Tredje ledd gjev departementet heimel til å gje forskrift om kva fritaket gjeve i same ledd nærare omfattar. Fjerde ledd gjev departementet heimel til å gje forskrift knytt til fritaka gjevne i første og andre ledd. Departementet foreslår at forskriftsheimlane i paragrafen vert samla i fjerde ledd.

Departementet viser til framlegg om endringar i merverdiavgiftsloven § 6-7. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

#### **21.16 Merverdiavgiftsloven § 15-10**

Merverdiavgiftsloven § 15-10 fjerde ledd gjeld plikt til dokumentasjon for tilbydarar i forenkla ordning for registrering og rapportering (VOEC – VAT On E-Commerce) og inneheld i første punktum ei tilvising til merverdiavgiftsloven § 3-30 fjerde og femte ledd for sal av tenester. Dei nærare krava til dokumentasjon er regulert i merverdiavgiftsforskriften § 15-10-1. Ved avviklinga av avgiftsfritaket ved innførsel av varer med lav verdi, vart det òg oppretta ei slik dokumentasjonsplikt i merverdiavgiftsforskriften § 15-10-1 for sal av varer, men ved ein inkurie vart ikkje sal av varer inkludert i heime-len for dokumentasjonsplikta.

Departementet foreslår at merverdiavgiftsloven § 15-10 fjerde ledd første punktum vert retta opp slik at det òg inneheld dokumentasjonsplikt for tilbydarar som sel varer gjennom VOEC-ordninga.

Departementet viser til framlegg om endring i merverdiavgiftsloven § 15-10.

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### **21.17 Opprettingar som følgje av omorganisering av Tolletaten**

Tolletaten vart omorganisert frå 1. juni 2019. Det inneber mellom anna at etaten ikkje lenger er organisert i tollregionar. Som ei følgje av dette er det behov for enkelte endringar i skattebetalingsloven og merverdiavgiftsloven slik at «tollregionen» vert erstatta med «tollmyndighetene». Departementet viser til framlegg om endringar i skattebetalingsloven § 2-2 andre ledd og § 14-10 andre ledd og merverdiavgiftsloven § 10-7 andre ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

### **21.18 Tolloven §§ 14-2 og 14-4**

I tolloven § 14-2 om fastsetjing av særskilt kontrollområde står det i første ledd bokstav a andre punktum at breidda på kontrollområdet på norsk område ikkje må «overstige» 15 kilometer. Riktig uttrykk skal vere «overstige».

Tolloven § 14-4 om tenestepersonell som utøver tollmyndigheit til annan stat viser i andre ledd til lov 4. mars 1983 nr. 3 om statens tjenestemenn m.m. Denne lova er oppheva, og riktig tilvising er lov 16. juni 2017 nr. 67 om statens ansatte mv. (statsansatteloven).

Departementet viser til framlegg om endring i tolloven § 14-2 første ledd bokstav a og § 14-4 andre ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

### **21.19 Skattebetalingsloven §§ 1-1, 5-13a og 8-2**

Skattebetalingsloven § 1-1 om verkeområdet til lova viser i tredje ledd bokstav d til § 16-51. Denne paragrafen vart oppheva med verknad frå 1. januar 2018, og skattebetalingsloven § 1-1 bokstav d må difor opphevast.

I skattebetalingsloven § 5-13a har eit fotnote-teikn vorte ein del av lovteksten og må difor fjernast.

Skattebetalingsloven § 8-2 om særskilte fordelingsreglar for personlege skattyttarar viser i første ledd til regelen om skatteavgrensing i skatteloven § 17-10. Denne regelen i skatteloven § 17-10 vart oppheva med verknad frå inntektsåret 2009, men

ved ein inkurie vart ikkje skattebetalingsloven § 8-2 endra. Departementet foreslår å gjere dette no.

Departementet viser til framlegg om endring i skattebetalingsloven § 1-1 tredje ledd, § 5-13a og § 8-2 første ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

### **21.20 Skatteforvaltningsloven §§ 3-4, 7-7 og 11-1**

Skatteforvaltningsloven § 3-4 om utlevering av opplysningar til finansinstitusjonar mv. viser i første punktum til finansieringsvirksomhetsloven. Denne lova er oppheva, og riktig tilvising er finansforetaksloven. Departementet foreslår òg at «finansinstitusjoner» i overskrifta til paragrafen vert endra til «finansforetak».

Skatteforvaltningsloven § 7-7 om tredjepartsopplysningar om aksjonærar mv. viser i tredje ledd til sparebankloven, forsikringsloven og finansieringsvirksomhetsloven. Desse lovene er oppheva og erstatta med finansforetaksloven. Departementet foreslår å endre tilvisinga til finansforetaksloven kapittel 10. Ein foreslår òg å endre «grunnfondsbevis» til «egenkapitalbevis» i samsvar med terminologien i finansforetaksloven.

I skatteforvaltningsloven § 11-1 første ledd skal riktig tilvising vere § 7-3 tredje ledd, ikkje § 7-3 nr. 3.

Departementet viser til framlegg om endring i skatteforvaltningsloven § 3-4, § 7-7 tredje ledd og § 11-1 første ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

### **21.21 Skatteforvaltningsloven § 3-6**

Skatteforvaltningsloven § 3-6 andre ledd gjer unntak frå teieplikt for opplysningar om pensjons-gjevande inntekt til pensjonsinnretningar som har offentleg tenestepensjon eller tenestepensjon etter foretakspensjonsloven, innskuddspensjonsloven eller tenestepensjonsloven for personar som får uførepensjon eller avtalefesta pensjon frå innretningane. Tenestepensjonsinnretningar som er offentlege, vil i tillegg kunne få opplysningar i medhald av skatteforvaltningsforskriften § 3-3-1 andre ledd bokstav a.

Føremålet er å setje pensjonsinnretningane i stand til å gjennomføre eit etteroppgjer for å berekne korrekt uførepensjon eller avtalefesta pensjon dersom pensjonsmottakaren har fått utbetalt for lite eller for mykje pensjon.

Føresegna kom inn i tidligare ligningslov § 3-13 nr. 8 som ei følge av nye føresegner om etteroppgjer av uførepensjon frå 1. januar 2015. jf. Prop. 66 L (2013–2014) og Prop. 42 L (2014–2015). Pensjonsinnretningane som er nemnde ovanfor fekk då tilgang til opplysningar om brutto arbeidsinntekt for personar som får uførepensjon frå pensjonsinnretningar. I lovforarbeida er det presisert at pensjonsinnretningane med dette får elektronisk tilgang på dei inntektsopplysningane frå Skatteetaten som er naudsynte for at pensjonsinnretningane skal kunne gjennomføre etteroppgjer.

Pensjonsinnretningane si tilgang til opplysningar om brutto arbeidsinntekt, vart seinare endra til at dei skulle ha tilgang til opplysningar om pensjonsgjevande inntekt. Det vart lagt til grunn at denne endringa ville gje tenestepensjonsleverandøren heimel til å få dei opplysningane dei treng frå Skatteetaten for å gjennomføre etteroppgjer, jf. Prop. 112 L (2015–2016) punkt 8.2. Det same vart utan vidare lagt til grunn då skatteforvaltningsloven § 3-6 frå 1. juli 2019 vart utvida til òg å gjelde

utlevering av opplysningar til berekning av etteroppgjer av avtalefesta pensjon (AFP), jf. Prop. 75 L (2018–2019).

Pensjonsgjevande inntekt er ein berekna årleg storleik, medan lovforarbeida til uførereforma og regelverket på pensjonsområdet for etteroppgjer av pensjon viser at det heile tida har vore eit behov for meir spesifiserte inntektsopplysningar, og at moglegheita til å gje opplysningar om brutto arbeidsinntekt difor skulle ha vore oppretthalden.

Pensjonsinnretningane si tilgang til opplysningar om brutto arbeidsinntekt synest difor å vere endra til opplysningar om pensjonsgjevande inntekt ved ei misforståing. Departementet foreslår difor at skatteforvaltningsloven § 3-6 andre ledd vert endra slik at det vert klart at teieplikta ikkje stenger for at pensjonsinnretningane kan få opplysningar om brutto arbeidsinntekt.

Departementet viser til framlegg om endring i skatteforvaltningsloven § 3-6 andre ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

Finansdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- lov om endring i eigedomsskattelova
- lov om endring i folketrygdlova
- lov om endring i skatteloven
- lov om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven
- lov om endring i skattebetalingsloven
- lov om endring i tolloven
- lov om endring i merverdiavgiftsloven

- lov om endring i SI-loven
- lov om endring i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i lov 20. desember 2019 nr. 94 om endringer i skatteloven
- lov om midlertidig kompensasjonsordning for arbeidsgivere med nullsats for beregning av arbeidsgiveravgift (Sone V og Svalbard)

og

- vedtak om endring i Stortingets vedtak om avgift på elektrisk kraft
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til

- lov om endring i eigedomsskattelova
- lov om endring i folketrygdlova
- lov om endring i skatteloven
- lov om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven
- lov om endring i skattebetalingsloven
- lov om endring i tolloven
- lov om endring i merverdiavgiftsloven
- lov om endring i SI-loven
- lov om endring i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i lov 20. desember 2019 nr. 94 om endringer i skatteloven
- lov om midlertidig kompensasjonsordning for arbeidsgivere med nullsats for beregning av arbeidsgiveravgift (Sone V og Svalbard)

og

- vedtak om endring i Stortingets vedtak om avgift på elektrisk kraft
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020

i samsvar med eit vedlagt forslag.

---



## A – Forslag til lovvedtak

### Forslag til lov om endring i eideomsskattelova

I

I lov 6. juni 1975 nr. 29 om eideomsskatt til kommunane gjer ein følgjande endring:

§ 14 fjerde ledd skal lyde:

Vert skatten for ein eideom mindre enn kr. 300, skal det ikkje skrivast ut skatt.

II

Endringa under I tek til å gjelde straks med verknad frå skatteåret 2021.

### Forslag til lov om endring i folketrygdloven

I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd gjer ein følgjande endring:

§ 23-3 andre ledd nr. 1 bokstav a skal lyde:

- a) pensjon i og utenfor arbeidsforhold, føderåd, livrente som er ledd i pensjonsordning i arbeidsforhold og engangs- og avløsningsbeløp for slike ytelser, engangsutbetaling fra pensjonsordning etter innskuddspensjonsloven, engangsutbetaling fra individuell pensjonsav-

tale som er i samsvar med regler gitt av departementet, engangsutbetaling fra pensjonsavtale etter lov om individuell pensjonsordning og støtte etter lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg *til personer som har fylt 67 år*,

II

Endringa under I tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2021.

## Forslag til lov om endring i skatteloven

### I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt gjer ein følgjande endringar:

§ 2-30 første ledd bokstav e nr. 3 vert oppheva.

§ 2-30 første ledd bokstav e skal lyde:  
e. følgende banker mv.:

1. Norges Bank
2. Statens lånekasse for utdanning
3. *Innovasjon Norge*
4. *Statens investeringsfond for næringsvirksomhet i utviklingsland*
5. *Folketrygdfondet*

§ 5-15 første ledd bokstav q skal lyde:

q. arbeidsgivers dekning av følgende merkostnader for skattyter som av hensyn til arbeidet må bo utenfor hjemmet (pendlere):

1. Kostutgifter opp til satser fastsatt av departementet eller høyere kostutgifter dersom disse dokumenteres. Det gis ikke skattefritak for dekning av kost dersom det kan oppbevares og tilberedes mat i pendlerboligen.
2. Dokumenterte utgifter til losji.
3. Utgifter til besøksreiser til hjemmet etter tilsvarende regler som i skatteloven § 6-44. Øvre beløpsgrense gjelder ikke for arbeidsgivers dekning av faktisk dokumenterte utgifter til besøksreiser med rutegående fly til hjem innenfor EØS.

*Skattefritaket gjelder ikke arbeidsgivers dekning av utgifter til kost, losji og besøksreiser til hjemmet for arbeidstaker som er pendler, og som får standardfradrag for utenlandsk arbeidstaker eller som skattlegges etter særreglene for utenlandske arbeidstakere i skatteloven kapittel 19.*

§ 6-32 andre ledd skal lyde:

(2) Minstefradrag beregnes særskilt for *foreldre og barn som skattlegges under ett etter § 2-14 første ledd. Det gis særskilt fradrag i barnepensjon etter folketrygdloven og i barnepensjon etter andre ordninger. Det gis også særskilt fradrag i ektefelle-tillegg etter folketrygdloven, unntatt i ektefelle-*

*legg som er skattefritt etter § 5-43 første ledd bokstav j.*

§ 6-40 femte ledd bokstav a skal lyde:

a. renter som sparebank og gjensidige forsikrings-selskap, samvirkeforetak av låntakere og selvei-ende finansieringsforetak har utbetalt på egenkapitalbevis, jf. *finansforetaksloven §§ 10-9 flg.*

§ 6-49 skal lyde:

§ 6-49 Særskilt fradrag i barns inntekt

(1) Barn gis særskilt inntektsfradrag når bar-net har arbeidsinntekt og barnet skattlegges *for barnepensjon etter folketrygdloven eller barnepen-sjon etter andre ordninger.*

(2) Fradraget etter første ledd begrenses oppad til personfradragbeløpet i klasse 1, jf. § 15-4. Fradraget skal verken overstige arbeidsinntek-ten eller *mottatt barnepensjon, redusert med min-stefradrag etter §§ 6-30 til 6-32.*

§ 6-53 andre ledd bokstav a nytt siste punktum skal lyde:

*Selskapet kan ikke være notert på børs.*

§ 6-53 andre ledd bokstav e skal lyde:

e) Selskapet kan ikke være i økonomiske vanske-ligheter, jf. *EU-forordning nr. 651/2014 artikkel 2 (18)*, på tidspunktet for kapitalforhøyelsen.

§ 6-53 andre ledd ny bokstav f skal lyde:

f) *Selskapet må ha oppfylt krav om tilbakebetaling av tidligere mottatt statsstøtte som er erklært ulovlig og uforenlig med det indre markedet.*

§ 6-53 sjuande ledd skal lyde:

(7) *For kumulering av støtte gjelder § 3 i for-skrift 4. desember 1992 nr. 907 om offentlig støtte.*

Noverande § 6-53 sjuande ledd vert nytt åttande ledd.

§ 6-70 tredje ledd bokstav c skal lyde:

c. tilskudd til pensjonsordning, jf. §§ 6-47 *første ledd a og b og 6-72.*

§ 6-82 skal lyde:

§ 6-82 Særfradrag for lettere nedsatt ervervsevne  
*Skattyter* som på grunn av sykdom eller annen varig svakhet har varig nedsatt ervervsevne av så lett karakter at det ikke gir rett til uføretrygd eller annen offentlig stønad, kan gis særfradrag i alminnelig inntekt etter en samlet vurdering av skattyterens økonomiske situasjon. Særfradraget skal ikke overstige 9.180 kroner.

§ 6-90 tredje ledd vert oppheva. Noverande fjerde ledd vert tredje ledd.

§ 10-1 første ledd skal lyde:

(1) Bestemmelsen i §§ 10-2 til 10-4 gjelder for aksjeselskap og allmennaksjeselskap samt likestilt selskap og sammenslutning. Som likestilt med aksjeselskap regnes selskap mv. som nevnt i § 2-2 første ledd b til e. For selskap mv. som nevnt i § 2-2 første ledd f og g, gjelder bestemmelsene så langt de passer.

§ 10-36 fjerde ledd skal lyde:

(4) Første til tredje ledd gjelder innenfor hver portefølje som nevnt i *forsikringsvirksomhetsloven § 3-11*.

§ 10-41 andre ledd nytt siste punktum skal lyde:

Det skal likevel inntektsføres 3 prosent av utbytte som nevnt i § 2-38 annet ledd a, og av utdeling fra selskap som nevnt i § 10-40 første ledd.

§ 10-65 andre ledd nytt siste punktum skal lyde:

Videre skal det også inntektsføres 3 prosent av utdeling fra selskap som nevnt i § 10-40 første ledd.

§ 16-28 andre ledd skal lyde:

(2) Det utenlandske selskapet eller innretningen anses som eid eller kontrollert av den eller de samme skattepliktige dersom minst halvparten av selskapets eller innretningens andeler eller kapital direkte eller indirekte eies eller kontrolleres av den eller de samme skattepliktige. *Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om når selskapet eller innretningen anses eid eller kontrollert av den eller de samme skattepliktige.*

§ 16-10 tredje ledd tredje punktum skal lyde:

For ektefeller gjelder beløpsgrensene i dette ledd for hver av dem.

§ 17-2 første og andre ledd skal lyde:

(1) Ved skattebegrensning etter § 17-1 skal ektefellers inntekt fastsettes hver for seg. Ved

denne beregningen fordeles formue og inntekter og fradrag som kan fordeles fritt mellom ektefeller, med en halvpart på hver av ektefellene

(2) Ektefellers inntekt skal fastsettes under ett for ektefeller som får skattebegrensning ved liten skatteevne etter § 17-4. *Skattenedsettelsen* fordeles forholdsmessig på hver ektefelles andel av skatten før nedsettelsen.

## II

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt gjer ein følgjande endring:

§ 17-10 andre ledd siste punktum skal lyde:

For pensjon gis også *forholdsmessig* fradrag etter § 16-1.

## III

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt gjer ein følgjande endring:

§ 14-43 nytt femte ledd skal lyde:

(5) *Driftsmiddel som nevnt i saldogruppe d, som er ervervet fra og med det tidspunktet Kongen bestemmer og ut inntektsåret 2020, kan i tillegg til avskrivning etter første ledd, avskrives med inntil 10 prosent av kostpris i inntektsåret 2020. Tilsvarende gjelder påkostning på driftsmiddel i saldogruppe d, jf. § 14-40 tredje ledd. Avskrivning etter første punktum gjelder ikke ved erverv av driftsmidler fra nærstående part. Som nærstående part anses part definert som nærstående etter skatteloven § 6-41 femte ledd. Departementet kan i forskrift gi regler om utfylling og gjennomføring av dette ledd.*

## IV

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt på formue og inntekt gjer ein følgjande endring:

§ 14-43 nytt sjettede ledd skal lyde:

(6) *Departementet kan i forskrift gi nærmere regler, herunder regler om utfylling, gjennomføring og ikraftsetting, om hvilke skip som kan føres på ny midlertidig skattemessig saldo for skip i nærskipsfart med virkning for inntektsåret 2020. Ny midlertidig skattemessig saldo for skip i nærskipsfart kan ikke gjelde for skip ervervet fra nærstående part. Som nærstående part anses part definert som nærstående etter skatteloven § 6-41 femte ledd.*

## V

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt gjer ein følgjande endring:

§ 16-1 første ledd bokstav c skal lyde:

c) mottar stønad etter lov 29. april 2005 nr. 21 om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg og *har fylt 67 år*, eller

## VI

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Endringa under II tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2019.

Endringa under III tek til å gjelde frå den tid departementet fastset og ut inntektsåret 2020.

Endringa under IV tek til å gjelde straks og med verknad for inntektsåret 2020.

Endringa under V tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2021.

## Forslag

### til lov om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven

## I

I lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. gjer ein følgjande endring:

§ 10 nytt femte ledd skal lyde:

*Departementet kan i forskrift gi regler om avvikende foreldelsesfrist for enkelte situasjoner.*

## II

Endringa under I tek til å gjelde straks.

## Forslag

### til lov om endring i skattebetalingsloven

#### I

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav gjer ein følgjande endringar:

§ 1-1 tredje ledd bokstav d opphevast.

§ 2-2 andre ledd skal lyde:

(2) Departementet kan i forskrift gi regler om at krav etter første ledd skal betales til andre enn skattekontoret. Departementet kan i forskrift også bestemme at *tollmyndighetene* skal innkreve nærmer bestemte krav etter første ledd, likevel slik at kapittel 14 ikke gjelder for *tollmyndighetene*.

§ 5-13a første punktum skal lyde:

Skattekontoret kan pålegge *arbeidsgivere* og andre som etter loven har plikt til å foreta forskuddstrekk, skattetrekk eller utleggstrekk, å oppfylle sin plikt til å innrette bokføringen, spesifikasjonen, dokumentasjonen og oppbevaringen av regnskapsopplysninger i samsvar med regler gitt i, eller i medhold av lov 19. november 2004 nr. 73 om bokføring.

§ 8-2 første ledd skal lyde:

(1) Skattefradrag etter skatteloven § 16-10 skal i sin helhet belastes staten. Fradrag som nevnt i § 8-1 tredje ledd skal fordeles før fordeling av fradrag som nevnt i første punktum og fradrag som nevnt i annet ledd.

§ 14-5 fjerde ledd skal lyde:

(4) Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om gjennomføringen av utleggstrekk etter denne paragrafen, *herunder bestemme at reglene i annet ledd ikke skal gjelde for enkelte kravstyper*.

§ 14-10 andre ledd skal lyde:

(2) Skattekontoret kan begjære varen solgt 14 dager etter at skriftlig varsel er sendt tollskyldneren. Ved salg etter tolloven § 4-2 tredje ledd og § 16-14 skal tollskyldneren om mulig varsles. Har tollskyldneren ukjent adresse, kan salget skje 14 dager etter at varene er hentet inn eller tilbakeholdt etter tolloven §§ 4-2 og 16-12, eller når fristen *tollmyndighetene* har satt for tollekspedisjon av varene er utløpt.

Ny § 15-4 skal lyde:

§ 15-4 *Betalingsutsettelse i økonomiske krisesituasjoner*

*Departementet kan i forskrift gi særlige regler om betalingsutsettelse av skatte- og avgiftskrav og nedsettelse av renter i økonomiske krisesituasjoner.*

#### II

Endringane under I tek til å gjelde straks.

## Forslag til lov om endring i tolloven

### I

I lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel gjer ein følgjande endringar:

Ny § 5-10 skal lyde:

§ 5-10 *Kjøtt fra egen jakt*

(1) *Toll skal ikke svares for kjøtt fra egen jakt til bruk i egen husholdning.*

(2) *Departementet kan gi forskrift om vilkår for og omfanget av tollfritak etter denne paragrafen.*

§ 14-2 første ledd bokstav a skal lyde:

a) langs grensen mot vedkommende stat som tilsvarende et lignende område på denne statens om-

råde. Kontrollområdets bredde på norsk område må ikke *overstige* 15 kilometer,

§ 14-4 andre ledd skal lyde:

(2) Norsk tjenstepersonell som utfører annen stats tolltjeneste etter overenskomst om tollsamarbeid med annen stat, skal under slik tjeneste anses som offentlig tjenstepersonell etter straffeloven §§ 171 til 174 og etter lov 16. juni 2017 nr. 67 om statens ansatte mv. (*statsansatteloven*).

### II

Endringane under I tek til å gjelde straks.

## Forslag

# til lov om endring i merverdiavgiftsloven

### I

I lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift gjer ein følgjande endringar:

§ 6-7 skal lyde:

§ 6-7 Kjøretøy mv.

(1) Omsetning og leasing av kjøretøy som bare bruker elektrisitet til framdrift, er fritatt for merverdiavgift. Fritaket gjelder bare kjøretøy som omfattes av Stortingets vedtak om engangsavgift § 7 første ledd bokstav i og som er registreringspliktige etter vegtrafikkloven.

(2) Omsetning av batteri til kjøretøy som nevnt i første ledd, er fritatt for merverdiavgift.

(3) Omsetning av kjøretøy som omfattes av Stortingets vedtak om omregistreringsavgift, er fritatt for merverdiavgift dersom kjøretøyet har vært registrert her i landet. Fritaket omfatter også kjøretøy som nevnt i vedtaket § 1 avgiftsgruppe c og som har tillatt totalvekt på 7 500 kg eller *mer*.

(4) Departementet kan gi forskrift om hva som menes med leasing av kjøretøy etter første ledd og batteri til kjøretøy etter annet ledd. *Departementet kan vidare gi forskrift om at fritaket i tredje ledd omfatter andre varer enn selve kjøretøyet og arbeid som utføres på kjøretøyet.*

§ 6-12 skal lyde:

§ 6-12 *Fremmede lands ambassader og konsulater*

(1) Omsetning av tjenester som står i direkte forbindelse med oppføring av ambassadebygg, er fritatt for merverdiavgift i siste omsetningsledd. *Med ambassadebygg menes bygg som eies av senderstaten og som er til offisiell bruk som kanselli.* Fritaket omfatter også varer som leveres i forbindelse med slike tjenester.

(2) *Omsetning av ufortollet motorkjøretøy fra importør til bruk for ambassader, konsulater, diplomatisk personell og konsulære tjenestemenn er fritatt for merverdiavgift.*

§ 10-7 andre ledd skal lyde:

(2) For varer som gjenutføres, jf. første ledd bokstav a til c, er det et vilkår for refusjon at varen gjenutføres innen ett år etter innførselen. Fristen kan i særlige tilfeller forlenges. Kravet om gjenutførsel kan frafalles dersom varen blir tilintetgjort under kontroll av eller etter avtale med *tollmyndighetene* mot at den som var ansvarlig for merverdiavgiften etter § 11-1 første ledd bærer kostnadene.

§ 15-10 fjerde ledd første punktum skal lyde:

Tilbyder i forenklet registreringsordning skal føre en oversikt over transaksjoner som omfattes av §§ 3-1 annet ledd og 3-30 fjerde og femte ledd.

### II

I lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift gjer ein følgjande endringar:

§ 6-1 skal lyde:

§ 6-1 Aviser

(1) Omsetning av aviser, *herunder elektroniske aviser, som i hovedsak inneholder tekst og stillbilder*, er fritatt for merverdiavgift.

(2) *Departementet kan gi forskrift om hva som menes med aviser, herunder om vilkår for fritak.*

§ 6-2 første ledd skal lyde:

(1) Omsetning av elektroniske nyhetstjenester *som ikke er omfattet av § 6-1*, er fritatt for merverdiavgift.

### III

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Endringane under II tek til å gjelde 1. juli 2020.

## **Forslag til lov om endring i SI-loven**

### I

I lov 11. januar 2013 nr. 3 om Statens innkrevings-  
sentral gjer ein følgjande endring:

§ 8 tredje ledd skal lyde:

Departementet kan i forskrift gi nærmere  
regler om adgangen til betalingsutsettelse og  
betalingsnedsettelse etter denne paragraf, her-

under i hvilke tilfeller adgangen til betalingsutset-  
telse skal være begrenset. *Departementet kan  
videre i forskrift gi særlige regler om betalingsutset-  
telse og nedsettelse av renter i økonomiske krisesitu-  
asjoner.*

### II

Endringa under I tek til å gjelde straks.



## Forslag

# til lov om endring i skatteforvaltningsloven

### I

I lov 27. mai 2016 nr. 14 om skatteforvaltning gjer ein følgjande endringar:

§ 3-4 skal lyde:

§ 3-4 Utlevering av opplysninger til *finansforetak* mv.

Taushetsplikten etter § 3-1 er ikke til hinder for at opplysninger om fødselsnummer og d-nummer for personlig skattepliktig eller organisasjonsnummer for upersonlig skattepliktig, navn, adresse, skatteklasser, fastsatt nettoformue og nettoinntekt, skatter og avgifter kan gis til *finansforetak* (jf. *finansforetaksloven*), forsikringsvirksomhet (jf. forsikringsvirksomhetsloven) og kredittopplysningsvirksomhet. Med kredittopplysningsvirksomhet menes virksomhet som består i å gi meddelelse som belyser kredittverdighet og økonomisk vederheftighet. Disse virksomhetenes bruk av opplysningene skal følge reglene i personopplysningsloven.

§ 3-6 andre ledd skal lyde:

(2) Taushetsplikten etter § 3-1 er ikke til hinder for at pensjonsinnretning som har offentlig tjenstepensjon eller tjenstepensjon etter foretakspensjonsloven, innskuddspensjonsloven eller tjenstepensjonsloven, gis tilgang til opplysninger om *brutto arbeidsinntekt og om pensjongivende inntekt for personer som mottar uførepensjon eller avtalefestet pensjon fra innretningen.*

§ 7-2 første ledd bokstav b skal lyde:

a) b) pensjon, uføretrygd etter folketrygdloven kapittel 12, uføreytelser fra andre ordninger, introduksjonsstønad etter introduksjonsloven, kvalifiseringsstønad etter sosialtjenesteloven, føderåd i jord- og skogbruk, livrente som ledd i pensjonsordning i arbeidsforhold, engangs- og avløsningsbeløp for slike *ytelser, foreldrepenger, dagpenger under arbeidsløshet, sykepen-*

*ger og lignende ytelser som skal regnes som skattepliktig inntekt for mottakeren*

§ 7-7 tredje ledd skal lyde:

(3) Bestemmelsene i første og annet ledd gjelder tilsvarende for sparebanker, gjensidige *forsikringsselskaper* og selveiende finansieringsforetak som har utstedt *egenkapitalbevis*, jf. *finansforetaksloven kapittel 10, for samvirkeforetak av låntakere* og for selskaper og sammenslutninger der medlemmene har begrenset ansvar, og som noen eier formuesandeler i eller mottar inntektsandeler fra, unntatt boligselskaper hvor andelshaverne skattlegges etter skatteloven § 7-3.

§ 7-9 andre ledd skal lyde:

(2) Innkrevingsentralen for bidrag og tilbakebetalingskrav skal gi opplysninger til *skattemyndighetene om bidragspliktiges gjeld i forbindelse med pliktig underholdsbidrag* og andre mellomværender med innkrevingsentralen.

§ 9-4 første ledd nytt femte punktum skal lyde:

*Første punktum gjelder ikke for krav om inntreden eller uttreden av rederiskatteordningen, jf. skatteloven §§ 8-10 til 8-20.*

§ 11-1 første ledd skal lyde:

(1) Skattemyndighetene kan pålegge skattepliktige og tredjeparter som er bokføringspliktige etter bokføringsloven, å oppfylle sin plikt til å innrette bokføringen, spesifikasjonen, dokumentasjonen og oppbevaringen av regnskapsopplysninger i samsvar med regler gitt i eller i medhold av bokføringsloven. Det samme gjelder plikt til å oppbevare dokumentasjon i samsvar med bestemmelser gitt i eller i medhold av § 7-3 *tredje ledd.*

### II

Endringane under I tek til å gjelde straks.

## Forslag

### til lov om endring i lov 20. desember 2019 nr. 94 om endringer i skatteloven

I lov 20. desember 2019 nr. 94 om endringer i skatteloven VI femte ledd gjer ein følgjande endring:

Endringene under V trer i kraft straks med virkning fra og med inntektsåret 2020, med unntak for

endringen i § 14-5 fjerde ledd bokstav h, som trer i kraft med virkning fra og med inntektsåret 2019.

## Forslag

### til lov om midlertidig kompensasjonsordning for arbeidsgivere med nullsats for beregning av arbeidsgiveravgift (Sone V og Svalbard)

#### § 1 *Lovens formål*

Formålet med loven er å etablere en midlertidig ordning for tilskudd til arbeidsgivere med nullsats for beregning av arbeidsgiveravgift, og som dermed ikke får fordel av reduksjon av pliktig arbeidsgiveravgift for mai og juni 2020.

#### § 2 *Arbeidsgivere som har rett til å få tilskudd*

(1) Kompensasjonsordningen gjelder for arbeidsgivere som for mai og/eller juni 2020 helt eller delvis skal beregne arbeidsgiveravgift etter satsen som gjelder for sone V, jf. § 3 i Stortingsvedtak om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020.

(2) Kompensasjonsordningen gjelder ikke for statsforvaltningen som omfattes av reglene gitt med hjemmel i folketrygdloven § 24-5 tredje ledd.

#### § 3 *Tilskuddets størrelse*

(1) Arbeidsgivere som nevnt i § 2, får utbetalt et tilskudd tilsvarende 4 prosent av grunnlaget for arbeidsgiveravgift jf. folketrygdloven § 23-2, for mai og juni 2020. Tilskuddet skal bare gis for den delen av avgiftsgrunnlaget som har nullsats (Sone V og Svalbard) jf. §§ 1-5 i Stortingsvedtak om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020. Det skal ikke beregnes tilskudd av lønn og annen

godtgjørelse som er fritatt for arbeidsgiveravgift etter folketrygdloven § 23-2.

(2) Beregnet tilskudd under 1000 kroner tildeles ikke. Er beregnet tilskudd 1000 kroner eller mer, utbetales hele det beregnede tilskuddet.

#### § 4 *Generelle forvaltningsregler*

(1) Med de særregler som er gitt i §§ 5 til 8, gjelder skatteforvaltningsloven så langt den passer for behandling av saker etter loven her. Forvaltningsloven gjelder ikke for behandling av saker etter loven her, med unntak av forvaltningsloven kapittel VII om forskrifter.

(2) Departementet kan gi forskrift om forvaltningsregler som skal gjelde for behandling av saker etter loven her, herunder utfylle og fravike reglene i skatteforvaltningsloven.

#### § 5 *Tilskuddsmyndighet og klageinstans*

Skatteetaten er tilskuddsmyndighet etter loven. Skattekontoret treffer vedtak i første instans. Skattedirektoratet er klageinstans.

#### § 6 *Vedtak om tilskudd*

Tilskuddsmyndigheten treffer vedtak om fastsetting av tilskudd etter denne loven. Tilskuddsmyndigheten kan treffe vedtak som utelukkende er basert på automatisert behandling av personopplysninger.

### § 7 *Administrative sanksjoner*

(1) Administrativ sanksjon ilegges arbeidsgiver som forsettlig eller grovt uaktsomt gir tilskuddsmyndigheten uriktig eller ufullstendig opplysning, eller unnlater å gi pliktig opplysning, når vedkommende forstår eller bør forstå at det kan føre til uberettigede økonomiske fordeler. Fristen for å ilegge administrativ sanksjon er fem år etter utløpet av den perioden vedtaket om tilskudd gjelder.

(2) Administrativ sanksjon beregnes med 30 eller 60 prosent av tilskuddet som arbeidsgiveren uberettiget har mottatt.

(3) Skatteforvaltningsloven §§ 14-8 til 14-11 gjelder tilsvarende så langt det passer.

(4) Departementet kan gi forskrift om administrative sanksjoner.

### § 8 *Straff*

Straffeloven §§ 378 til 380 om skattesvik gjelder tilsvarende for den som forsettlig eller grovt

uaktsomt gir tilskuddsmyndigheten uriktig eller ufullstendig opplysning, eller unnlater å gi pliktig opplysning, når vedkommende forstår eller bør forstå at det kan føre til uberettigede økonomiske fordeler.

### § 9 *Betaling og innkreving*

(1) Departementet kan gi forskrift om betaling av tilskudd etter denne loven, herunder om krav på tilbakebetaling og innkreving av utbetalt tilskudd og administrative sanksjoner og om renter. Departementet kan også gi forskrift om hvem som er kravsmyndighet.

(2) Krav på tilbakebetaling av tilskudd er tvangsgrunnlag for utlegg.

### § 10 *Lovens ikrafttredelse*

Loven trer i kraft straks.

## B – Forslag til stortingsvedtak

### Forslag til vedtak om endring i Stortingets vedtak om avgift på elektrisk kraft

I

I Stortingets vedtak 13. desember 2019 om avgift på elektrisk kraft for budsjettåret 2020 (kap. 5541 post 70) gjer ein følgjande endring:

Romartal II § 1 andre ledd bokstav c opphevast.

II

Endringa under I tek til å gjelde straks.

### Forslag

### til vedtak om endring i Stortingets vedtak om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020

I

I Stortingets vedtak 13. desember 2019 om fastsetting av avgifter mv. til folketrygden for 2020 gjer ein følgjande endring:

Ny § 3a skal lyde:

*§ 3a Reduksjon av beregnet og innrapportert arbeidsgiveravgift for mai og juni 2020*


*Arbeidsgivere som helt eller delvis beregner arbeidsgiveravgift etter satsene for sone I, Ia, II, III, IV eller IVa skal få en reduksjon av beregnet pliktig arbeidsgiveravgift for mai og juni tilsvarende 4 prosent av arbeidsgiveravgiftsgrunnlaget innenfor disse sonene for disse månedene.*

*Første ledd gjelder ikke for forvaltningsorganer som er unntatt fra plikten til å levere opplysninger om beregnet arbeidsgiveravgift etter a-opplysningsloven jf. forskrift om forenklet oppgjør for arbeidsgiveravgift fra statens forvaltningsvirksomhet § 4 første ledd.*

*Ved beregning av reduksjonsbeløpet etter første ledd skal eventuell refundert ytelse etter folketrygdloven § 23-2 femte ledd og/eller midlertidig forskrift 16. april 2020 nr. 800 inngå i arbeidsgiveravgiftsgrunnlaget.*

II

Endringa under I tek til å gjelde straks.





Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Trykk: Tryggings- og serviceorganisasjonen til  
departementa – 05/2020

